


# Ordskifte om Øyfjellet vindkraftverk

Av Eleonore Vår Sønderland



Masteroppgåve i historie ved Institutt for arkeologi,  
historie, kultur- og religionsvitenskap

UNIVERSITETET I BERGEN  
Vår 2023

## **Forord**

Denne dagen har eg sett fram til lenge. Eg er kry over å ha kome i mål med masteroppgåva, til tross for at vegen mot målet til tider har kjenst krevjande å gå.

Eg vil starte med å rette ein stor takk til min kloke rettleiar, Astri Andresen, som har gitt meg god og konstruktiv rettleiing gjennom dei to åra på masteren. Eg vil òg takke Andresen for å ha vist engasjement og tiltru til masterprosjektet, noko eg har satt stor pris på då masterskriving til tider kan følast einsamt. I same høve vil eg òg rette ein takk til Svein Atle Skålevåg og andre på masterseminaret, Natur/kultur og kunnskapshistorie i moderne tid, som har lest utdrag og kome med gode innspel til masterprosjektet.

Vidare vil eg rette ein takk til mi kjære mormor, Olga Dysthe, for gode dialogar om prosjektet og for hjelp med nynorsk rettskriving. Her har og min far, Ola Sønderland, vore til hjelp og kome med diverse forslag til korleis eg kan skrive meir konservativ nynorsk, eller «fagrare» nynorsk som han kallar det. Takk til kunstnar-mor Liv Sønderland som har laga illustrasjonen til framsida av masteroppgåva. Eg vil og takke familie, venner og sambuar for å ha vist mykje emosjonell støtte gjennom perioden. Spesiell takk til sambuar Kristian som alltid heier på meg og til alle på masterlesesal 317 for trivelege pausar frå masterskrivinga og for at vi har stått i dette saman.

Til slutt vil eg takke den norske stat for det store privilegiet det er å kunne ta gratis utdanning. Utveksling til California i mitt sjette semester i utdanningsløpet viste meg kor heldige vi er i Norge som har tilgang til dette. I retrospekt er eg òg takksam for å ha fått moglegheita til å skrive denne masteroppgåva, då eg har fått fordjupa meg i noko eg syntes er svært interessant og kor eg har lært mykje på vegen.

## **Abstract**

This thesis investigates the public debate about Øyfjellet Wind Power Plant. Taking its point of departure in source material from the licensing process responsible for allowing the realization of the construction, it answers the thesis question: which arguments have been posed for and against the construction of Øyfjellet Wind Power plant, and how has the discussion evolved since its origin in 2011 and up until 2019. The arguments are shown to have been intrinsically tied to the parties' motivational grounds for taking part in the debate, and more and more parties took an active interest following the development of the case. The main arguments for constructing the power plant were generally posited by public authorities and market industry actors. The arguments were that the construction of the power plant would yield great value in achieving climate goals for the state of Norway, and that it would catalyze economic growth in local areas. The most common arguments against were generally put forward by organizations and institutions wishing to protect the rights of Saami reindeer herders, or by parties who spoke in the interest of protected natural areas. The debate also saw a contrast in the use of climate change as grounds for arguments for parties on both sides. Thus, climate change and potential benefits or repercussions were utilized in arguments both for and against constructing the wind power plant. Furthermore, the Saami herders went from being a non-existent talking point in the debate about the construction to becoming a central theme. However, this thesis illuminates how parties involved in the case were preoccupied with seeming like they worked in the interest of Saami reindeer herders, but that they did not demonstrate this in their course of actions. All in all, this thesis provides a rigorous introduction of public source material in the construction of the power plant, and it supplies a discussion about how the debate was used to further the cause of parties wishing to realize the construction.

## Innhaldsliste

<i>Kapitel 1: Innleiing .....</i>	<b>1</b>
Bakgrunn og val av tema .....	1
Relevant forsking og forskingsspørsmål.....	3
Metode og kjelder .....	5
Historieskriving i nær tid .....	9
Oppgåva si struktur.....	9
<i>Kapitel 2: Samisk reindrift på Helgeland.....</i>	<b>11</b>
Topografi.....	11
1600-talet – Reindrifta oppstår og tar si form på Helgeland .....	13
1700-talet – grensekommisjonsarbeidet gjev innsikt.....	14
1800-talet - Nye konfliktar og inndeling i reinbeitedistrikt .....	15
1900-talet – Auka arealkonflikt og modernisering av reindrifta.....	18
Jillen Njaarke Reinbeitedistrikt .....	25
Samandrag og diskusjon .....	26
<i>Kapitel 3: Ordskifte om Øyfjellet vindkraftverk 2011-2014 .....</i>	<b>28</b>
Trinn 1: Den første meldinga .....	28
Trinn 2: Konsekvensutgreiing .....	33
Trinn 3: vindkraftselskapet søker konsesjon .....	38
Reaksjonar på konsesjonssøknaden .....	42
Samandrag og diskusjon .....	49
<i>Kapitel 4: Ordskifte om Øyfjellet vindkraftverk 2014-2016 .....</i>	<b>52</b>
Trinn 4: Konsesjonsvedtaket frå NVE .....	52
Trinn 5: Øyfjellet Windkraftverk som klagesak 2014-2015 .....	59
Endeleg vedtak på klagesaka 2016 .....	64
Samandrag og diskusjon .....	68
<i>Kapitel 5: Ordskifte om Øyfjellet vindkraftverk 2017-2019 .....</i>	<b>70</b>
Trinn 6: Oppfølging av konsesjon .....	70
Endringssøknad Eolus .....	71
MTA- og Detaljplan for vindkraftverket.....	73
Reaksjonar på MTA og Detaljplan .....	79
Protect Sàpmi: inngrepkartlegging og reindriftsfagleg utgreiing 2019.....	84
Konsultasjonsmøte med Jillen-Njaarke reinbeitedistrikt.....	94
NVE godkjenner MTA- og detaljplan .....	95
Samandrag og diskusjon .....	97

<i>Kapitel 6: Avsluttande drøfting og konklusjon</i> .....	<b>99</b>
<i>Bibliografi</i> .....	<b>105</b>
Primærkjelder .....	105
Litteratur.....	107
Avisartiklar .....	108
Nettressursar .....	109

# Kapitel 1: Innleiing

## Bakgrunn og val av tema

Tema, *industriell utbygging i samiske område*, er langt frå framand i Sápmi si historie. Innan fagfeltet finn ein sprikande historiske framstillingar av emne. Bjørg Evjen(2015) skildra til dømes historia om gruvedrifta i Sulitjelma(1886-1991), som eit positivt møte mellom samar og industrialisering.<sup>1</sup> Medan du på den andre sida finn litteratur, som Åsa Össbo si doktoravhandling der ho set historia om Sveriges vasskraftutbygging i samiske reindriftsområde i perioden 1910-1968 i samanheng med kolonialisme.<sup>2</sup> Motsetningane i forskingslitteraturen heng både saman med at ulike industriutbyggingsar har ført til ulike konsekvensar for samane, men og at forskarane i feltet nyttar ulike perspektiv i forskinga si.<sup>3</sup>

Den mest omtalte saka i forskingslitteraturen er Alta-saka frå perioden 1968-1982, som vekte eit enormt engasjement hjå både samar og naturvernalar. Saka dreia seg om utbygging av Alta-Kautokeino vassdraget i eit område brukt av samar blant anna til tradisjonell reindrift. Men trass i fleire år med massive demonstrasjonar, så vart vasskraftverket til slutt realisert.<sup>4</sup> I kjølvatnet av konflikten fekk samane likevel mykje igjen for kampviljen sin. I 1988 vart samiske rettar stadfesta i ein ny grunnlovsparagraf, i 1989 vart sametinget etablert, i 1990 signerte Noreg ILO-konvensjon nr 169, og i 1992 kom ei språklov som likestilte norsk og nord-samisk<sup>5</sup>. I tillegg kom der ei ny reindriftslov i 1978 med føremålsparagraf om å verne den samiske reindrifta, og enda ei ny reindriftslov i 2007 med større vekt på reindriftssamane sitt interne styre.<sup>6</sup>

Trass i tiltaka som var meint å skulle sikre samiske rettar i framtida, har det òg i tida etter Alta-saka oppstått nye konfliktar knytt til industriell utbygging i samiske område. Blant konfliktane

<sup>1</sup> Evjen B. Myrvoll. *Från kust til kyst = Áhpegáttest áhpegáddáj : møter, miljø og migrasjon i pitesamisk område* (Orkana akademisk, 2015)

<sup>2</sup> Åsa Össbo. *Nya vatten, dunkla speglingar -Industriell kolonialism genom svenska vattenkraftutbyggnad genom svensk vattenkraftutbyggnad i renskötselområdet 1910-1968.* (Doktoravhandling. Umeå Universitet, 2014)

<sup>3</sup> Eleonore Vår Sønderland. *HIS301 Opgåve*. Haust 2022. (Her undersøkte eg korleis tidlegare historieforskning har sett på spenninga mellom samars tradisjonelle naturressursbruk og storsamfunnets iver etter industriutvikling.)

<sup>4</sup> Store norske leksikon. «Alta-saken», av Mikkel Berg-Nordlie. Februar 2023. <https://snl.no/Alta-saken>

<sup>5</sup> Astri Andresen, m.fl. *Samenes historie 1751-2010. Kampen om rettighetene.* (Oslo: Cappelen Damm Akademisk, 2021), 386.

<sup>6</sup> LOV-1978-06-09-49. (Reindriftsloven) og LOV-2007-06-15-40. (Reindriftsloven)

i nyare tid finn vi at ein aukande utbygging av vindkraftverk i samband med det «grøne skiftet» har kome i konflikt med samiske interesser fleire stadar. I eit av tilfella, vindkraftutbyggingane på Storheia og Roan som vart bygd i vinterbeiteområde til sør-samiske Fosen reinbeitedistrikt, resulterte konflikten i at det kom ein historisk høgsterettsdom den 11.10.2021, som fastslo at utbygginga braut med menneskerettane.<sup>7</sup> I ein debatt om vindmøller frå mars 2019, uttrykte dåverande sametingspresident, Aili Keskitalo, at det grøne skiftet har teke over som den dominerande retorikken til å forsvare inngrep i samiske områder. Keskitalo, som kalla denne utviklinga for ei form for grøn kolonialisme, meinte det var eit paradoks at samisk reindrift som allereie er hardt råka av klimaendringane, no skal bere byrda av å redde klima.<sup>8</sup>

I denne masteroppgåva i historie ønskjer eg å ta del i forskningsfeltet kring tema, *industriell utbygging i samiske områder*. Den spesifikke saka eg har valt å undersøke er diskusjonen kring utbygginga av Øyfjellet Vindkraftverk, som ligg vest for Mosjøen i Vefsn Kommune, Helgeland, i Nordland fylke. Vindkraftverket som sto ferdig i 2022, ligg i eit område som har vore nytta til sør-samisk reindrift sidan 1600-tallet. Område var del av beitelandet til den kjende reindriftssamen Elsa Laula Renberg på starten av 1900-talet.<sup>9</sup> Frå 1999 har området høyrt til i Jillen-Njaarke Reinbeitedistrikt.<sup>10</sup> Den første meldinga om prosjektet Øyfjellet Vindkraftverk vart innsendt til Noregs vassdrags- og energidirektorat i 2011, og etter åtte år med sakshandsaming, starta den offisielle utbygginga i 2019. Tre år seinare var 72 vindmøller satt i drift i eit område som dekkjer over sju fjell, lokalt kalla for «Vesterfjellan». Utbygginga møtte massiv motstand frå reindriftssamar og naturvernerar, og konflikten er framleis stor. Per dags dato venter ein på rettsoppgjeret mellom Jillen-Njaarke Reinbeitedistrikt og utbyggjar Øyfjellet Wind.

Denne masteroppgåva er avgrensa til å undersøke saka i tidsrommet 2011-2019, då eg ønskjer å undersøke diskusjonen kring vindkraftplanane i konsesjonsprosessen, før den fysiske utbygginga starta. Problemstillinga eg tek utgangspunkt i er: Kva argument har vore nytta for og mot Øyfjellet vindkraftverk, og korleis utvikla diskusjonen seg frå han starta i 2011 til 2019?

---

<sup>7</sup> Norges Institusjon for Menneskerettigheter. «Ett år siden Fosen-dommen falt.» 2022.

<https://www.nhri.no/2022/ett-ar-siden-fosen-dommen/>

<sup>8</sup> Thomas Vermes. «Det grønne skiftet blir til grønn kolonialisme.» *ABC nyheter*. 01.03.2019.

<https://www.abcnnyheter.no/nyheter/politikk/2019/03/01/195557530/det-gronne-skiftet-blir-til-gronn-kolonialisme>

<sup>9</sup> Store Norske Leksikon. «Elsa Laula Renberg», av Berg-Nordlie og Berg. [https://snl.no/Elsa\\_Laula\\_Renberg](https://snl.no/Elsa_Laula_Renberg)

<sup>10</sup> Statsforvalteren i Nordland. *Distriktsplan Jillen-Njaarke reinbeitedistrikt. 2016-2020*. 2016, 3-4.

I tillegg til denne overordna problemstillinga, har eg formulert nokre tilhøyrande forskingsspørsmål som eg prøver å finne svar på, i samband med forskingsarbeidet.

## Relevant forsking og forskingsspørsmål

Aili Keskitalo er ikkje åleine om å hevde at argument om det det grøne skiftet vert brukt som hovudretorikk for vindkraftutbygging i samiske områder. I ein artikkel frå 2014, illustrera dr. Rebecca Lawrence korleis den svenske stat nytta argument som inngår i ein klimadiskurs om bærekraftig energi til å rettferdigjere statens tilrettelegging for vindkraftutbygging i det samiske området Stekenjokk i Sverige. Kestikitalo trekk i artikkelen liner mellom historiske konfliktar om jordeige og konfliktar kring vindkraftutbygging i nyare tid. I følgje Keskitalo er klimadiskursen i realiteten ein reartikulasjon av langvarige historiske diskursar om at reindrifta naturlegvis må vike for anna arealbruk som representerer framsteg. I tillegg hevdar Keskitalo at klimadiskursen koplar seg inn på ein breiare ny-liberal diskurs om at marknaden kan og bør gi løysinga på alle problem, og at staten har ei viktig rolle som marknadsaktør.

I følgje Lawrence, bidrog ein slik klimadiskurs i Stekensjokk til at samisk arealbruk og okkupasjon av landområda vart framstilt som ei hindring for statens mål om fornybar energi.<sup>11</sup> Det er interessant å undersøkje om ein liknande klimadiskurs fant stad i argumentasjonen for utbygginga av Øyfjellet vindkraftverk. Vidare vil det og vere interessant å undersøkje om dei som argumenterte mot vindkraftutbygginga tok stilling til klimaspørsmålet. I ein artikkelen med namn, «*Disruptive ideas (...)*», frå 2014, illustrerer Matthew C. Nisbet korleis ulike oppfatningar av klimaendringar har ført til at ulike klimadiskursar eksistera samstundes. I artikkelen undersøkjer Nisbet ulike offentlege intellektuelle aktørar og deira argument knytt til løysing av klimakrisa. Desse oppfatningane deler Nisbet vidare inn i tre grupper av aktørar; «ecological activists», «Smart Growth Reformers» og «Ecomodernist», der kvar gruppe har ei ulik forståing av klimadiskursen, både når det kjem til probleminnramming og løysingforslag.

*Dei økologiske aktivistane* skildrar klimakrisa med at jordas toleevne vert øydelagd av overbefolking, overforbruk, teknologisk utvikling og ressursutnytting. Industrialisering og kapitalisme er hovudkreftene som har uroa den naturlige balansen til naturen. Dei taler for at

---

<sup>11</sup> Rebecca Lawrence. «Internal Colonisation and Indigenous Resource Sovereignty: Wind Power Developments on Traditional Saami Lands.» Environment and Planning D: Society and Space, 32: 6, (01.01.2014): 1036–1053. <https://doi.org/10.1068/d9012>

ein må leve i kontakt med naturen og naturens toleevne, og ser til urfolk for viktig kunnskap om korleis ein kan leve i harmoni med naturen. Dei er skeptiske til storskala «teknologi-løysingar» på klimakrisa, og argumenterer i staden for å minske forbruket og innføre miljøskattar.<sup>12</sup> *Dei smarte vekstreformatorane* er samd med *dei økologiske aktivistane* om at naturen har ei tålegrense og at ein må redusere klimagassar i atmosfæren. Men dei hevdar klima-krisa er ein einaste marknads-feil, og at den kan løysast utan å stoppe økonomisk vekst. I følgje denne gruppa er løysinga på klimakrisa å styre og styrkje private investorar inn i ei grønnare retning.<sup>13</sup> Den siste gruppa, *Økomordernistane*, meiner at både dei to andre gruppene overdriv klimasaka, som dei sjølv meiner er i mindre skala og lettare å løyse enn dei andre gjev uttrykk for. Dei er mot all politikk som vil setje grenser for menneskelige ambisjonar, og meiner i staden ein bør satse på utvikling av nye energikjelder, teknologiar og samfunnsmessige strategiar som fremjar motstandsdugleik.<sup>14</sup>

Artikkelen til Nisbet illustrerer korleis det eksisterer ulike diskursive oppfatningar av klimaendringar og korleis desse har ulike måtar å argumentere kring klima og miljø på. Med inspirasjon frå bidraga til Keskikato, Lawrence og Nisbet, tek eg med forskingsspørsmålet: Eksisterte det ulike klima- og miljø-diskursar i argumentasjonane på dei to sidene av diskusjonen om Øyfjellet vindkraftverket?

Vidare hentar eg inspirasjon frå Linnea Aslaksen si masteravhandling frå 2019, «Fra en ordinær sak til en nasjonal kontrovers», som tek føre seg utbygginga av Storheia Vindpark på Fosen. Gjennom å nytte dokumentanalyse illustrer Aslaksen den viktige rolla verdisetting hadde, og korleis ei ny verdssetting av reindriftssamane sin kunnskap endra saka drastisk. I analysen kjem det fram at verdiane til reindrifta og beiteområdet på Storheia vart tona ned i konsesjonsprosessen til Noregs vassdrags- og energidirektorat, medan dei positive verdiane som vert knytt til vindkraftverket sto i fokus. Vendepunktet kom med rettsaka som konstanterte brot på menneskerettane, noko som endra heile saka til først og fremst å verte ei reindrifssak

---

<sup>12</sup> Matthew C. Nisbet. «Disruptive ideas: public intellectuals and their arguments for action on climate change.» WIREs Clim Change, 5:6, (25.09.2014) 809–823. <https://doi.org/10.1002/wcc.317>

<sup>13</sup> Nisbet. «disrupitive ideas», 815-817.

<sup>14</sup> Nisbet. «disrupitive ideas», 817-819.

som trakk fram samiske rettigheitar og kunnskapar.<sup>15</sup> Sjølv om ei liknande rettssak enno ikkje har funne stad for saka kring Øyfjellet Vindkraftverk, er det interessant å undersøke om ein finn ei utvikling i verdsettinga av kunnskapen til reindriftssamane i denne perioden.

Med Aslaksen som inspirasjon, undersøkjer eg og følgjande forskingsspørsmål:

- Kva har vorte verdsett av dei ulike aktørane i saka om Øyfjellet Vindkraftverk?
- Korleis har reindriftssamane vore representer i saka, og finst det ei utvikling i kva grad reindriftssamane sine kunnskapar vart verdsatt i perioden 2011-2019?

## Metode og kjelder

Vidare vil eg presentere kjeldematerialet eg samla for å svare på problemstillinga mi og dei tilhøyrande forskingsspørsmåla. Deretter vil eg drøfte kvifor eg har valt å anvende metoden praksisorientert dokumentanalyse på kjeldemateriale.

Når det kjem til det tilgjengelege kjeldematerialet kring diskusjonen om Øyfjellet Vindkraftverk i perioden 2011-2019, så er dette materialet svært omfattande. Eg har valt å fokusere på den nasjonale debatten og har teke utgangspunkt i dokumentbunken knytt til Noregs vassdrags- og energidirektorat(NVE) sin saksgang for konsesjonshandsaming av Øyfjellet Vindkraftverk. Noregs vassdrags- og energidirektorat vart grunnlagt i 1921, og er eit forvaltningsorgan, som i dag er underlagt Olje- og energidepartementet.<sup>16</sup> Direktoratet har ansvar for å forvalte energiressursane til Noreg, og er ein storprodusent av offentlige dokument. Alle vindkraftverk på land over 1 MW må søkje konsesjon(løyve) etter energilova paragraf 3.1 til Noregs vassdrags- og energidirektorat(NVE), som på si side må fatte eit positivt eller eit negativt konsesjonsvedtak. På NVE sine heimesider kan ein lese at «konsesjon kan gis der samfunnsnytten er positiv og der det er tatt hensyn til andre miljø- og samfunnsinteresser.»<sup>17</sup> Dette er på mange måtar grunnlaget for diskusjonen vi skal undersøke her; er vindkraftverket samfunnsnyttig? Og er det i tilstrekkelig grad teke omsyn til andre miljø- og samfunnsinteresser? Konsesjonsprosessen for vindkraftverk følgjer ein fastsett saksgang som består av seks trinn;

---

<sup>15</sup> Linnea Aslaksen. Fra en ordinær sak til en nasjonal kontrovers - Konkurrerende verdsettinger av vindkraftverk og reindrift: En praksisorientert analyse av saksdokumentene til Storhei Vindpark. Master. Universitetet i Oslo. 2021. <https://www.duo.uio.no/handle/10852/90550>

<sup>16</sup> NVE. «Dette er NVE.» 01.02.2024. <https://www.nve.no/om-nve/dette-er-nve/>

<sup>17</sup> NVE. «Konsesjon.» 19.04.2015. <https://www.nve.no/konsesjon/>

1: melding, 2: konsesjonsutgreiing, 3: søknad, 4: vedtak, 5: klagebehandling og 6: oppfølging av konsesjon. I dei ulike trinna finn ein tilhøyrande dokument, og i desse dokumenta refererast det igjen til andre dokument som har relevans for saka. Vi kan velje å sjå desse dokumenta som ein byråkratisk fastsett form av det som eigentleg var utspelet av diskusjonen om kor vidt ein burde byggje ut Øyfjellet Vindkraftverk eller ikkje. Slik skaper dette kjeldematerialet eit grunnlag for å undersøkje problemstillinga mi.

Mykje av kjeldemateriale mitt er henta direkte frå NVE sine heimesider. I tillegg har sida EIInnsyn vore svært nyttig for å få tak i ytterlegare offentleg tilgjengeleg kjeldemateriale. EIInnsyn er ein søkereneste som publisera postjournalar frå statlege, kommunale og fylkeskommunale organ, og her har eg kunne søkje og bestille innsyn i ei rekke relevante dokument.<sup>18</sup> Når det kjem til utvalet, så har eg undersøkt alle «hovuddokumenta» knytt til NVE sin konsesjonsprosess for vindkraftverket. Vidare har eg inkludert ein del dokument som er direkte knytt til konsesjonsprosessen, som diverse innkomne høyringar og klager. På denne måten har eg og fått innblikk i mot-argumenta i saka. Eg har og inkludert den alternative konsekvensutgreiinga utført av stiftelsen Protect Sápmi, ettersom dette dokumentet fekk ei sentral rolle i diskusjonen. I omtalen av aktørane som står bak dei ulike dokumenta (organisasjonen, bedrifta, direktoratet, distriktet, osv) har eg i teksten nytta pronomenet, *dei*, og ikkje *det* eller *den*. Dette valet har eg teke for å skape betre flyt og for å gjere aktørane mindre passive i saka.

Lokale aviser og ulike nettforum inneheld òg mykje spennande kjeldemateriale for saka, men på grunn av avgrensing gjeng eg ikkje spesifikt inn på det materialet her. I nokre tilfelle nytter eg likevel desse kjeldene til å skape kontekst.

Eg har valt å anvende den tverrfaglige metoden «praksisorientert dokumentanalyse» på kjeldemateriale mitt. Å arbeide med eit kjeldemateriale, som i store delar inneheld statlege saksdokument, kan fort verke både tørt og tungt. Men dersom ein som Asdal og Reinertsen argumenterer for i boka «Hvordan gjøre dokumentanalyse», vel å handsame dokument som aktive element i saka dei omhandlar, opnar ein opp for å sjå dokumenta som noko større. For byråkratiets språk er staten og makta sitt språk, og om vi skal forstå korleis denne makta utspeilar seg, er det naudsynt å dykke ned i det som frå utsida kan verke som passive

---

<sup>18</sup> EIInnsyn. «Om oss». <https://einnsyn.no/informasjon/om-oss>

saksdokument.<sup>19</sup> I praksisorientert dokumentanalyse, vert blikket ikkje berre retta mot sjølve teksten som dei ulike dokumenta inneheld, men og mot korleis dokumentet inngår i ein prosess og er med på å endre og føre denne prosessen vidare.

I undersøkinga av kjeldemateriale nytter eg fem analytiske og metodiske omgrep frå Asdal og Reinertsen som utgangspunkt for analysen; *dokumentstadar*, *dokumentverktøy*, *dokumenttekst*, *dokumentsaker* og *dokumentrørsle*. Vidare vil eg gjere greie for dei ulike omgrepene og korleis eg har valt å nytte desse inn i forskingsarbeidet mitt.

Det første omgrepet *dokumentstadar*, taler for å nærme seg dokument som stadar der det skjer ei rekkje handlingar som påverkar saka og dei spørsmåla ein undersøker. Inspirert av etnografin taler Asdal og Reinertsen for å tenkje på dokumentarbeidet som ein form for feltarbeid, der ein oppsøkjer ulike stadars (dokument) for å undersøkje kva desse kan fortelje oss om det vi undersøkjer. Desse stadene kan vere eit dokument, ei samling av dokument eller ein stad som er grunnlagt av dokument.<sup>20</sup> I denne masteroppgåva utforskar eg staden i NVE der konsesjonssaka Øyfjellet Vindkraftverk vart handsama. Denne staden er ein dokumentstad beståande av fleire dokument som inngår i den fastsette sakshandsaminga for vindkraftverk på land. Ved å anvende det analytiske og metodiske omgrepet *dokumentstadar* i mitt forskingsarbeid, undersøkjer eg dei ulike dokumenta som stadar det skjer noko av verdi for vindkraftsaka.

Det andre omgrepet, *dokumentverktøy*, set fokus på korleis dokumenta ofte også fungerer som verktøy. Dokument inngår ofte som viktige ledd i prosessar og system for styring, og ved å studere dokument som verktøy kan ein avdekkje korleis politikk og forvaltning skjer i praksis.<sup>21</sup> Dokument kan vere verktøy i den forstand at dei er til for å få noko til å skje, for å realisere noko, for å overtale og for å setje ei sak i rørsle.<sup>22</sup> Gjennom å anvende omgrepet dokumentverktøy i forskingsarbeidet opnar eg moglegheita for å sjå dokumenta som verktøy i saka. Her spør eg; korleis vert dokumentet brukt som verktøy og av kven?

---

<sup>19</sup> Kristin Asdal og Hilde Reinertsen. Hvordan gjøre dokumentanalyse? (Cappelen Damm Akademisk, 2020.) 90.

<sup>20</sup> Asdal og Reinertsen. *Dokumentanalyse*, 144.

<sup>21</sup> Asdal og Reinertsen. *Dokumentanalyse*, 146.

<sup>22</sup> Asdal og Reinertsen. *Dokumentanalyse*, 47-58.

I det tredje omgrepet, *dokumenttekstar*, rettast fokuset mot sjølve teksten dokumentet består av. Gjennom tekstanalyse og nærlæring set ein tekstens ulike element i fokus. Ein kan sjå tekstens struktur og innhald som ei form for argumentasjon og forteljarstruktur. Gjennom å studere dokumentteksten kan ein finne ut mykje om avsendar sin posisjon, perspektiv og prioriteringar.<sup>23</sup> I oppgåva undersøkjer eg dokumentteksten i lys av kva heilheits inntrykk teksten skapar, kva sider av saka som vert via meir plass enn andre og kven/kva som er gjort til hovudperson og biperson i teksten. Eg undersøkjer og kva syn som argumerterast for og korleis argumenta er bygd opp. Dette er relevant både i lys av problemstillinga, «Kva argument har vore nytta for og mot Øyfjellet vindkraftverk?», og i lys av dei tilhøyrande forskingsspørsmåla om klimadiskursar og representasjon av reindriftssamane.

I det fjerde omgrepet, *dokumentsaker*, rettast blikket eksplisitt mot korleis dokumentet inngår i konkrete saker og sjølv bidrar til å forme saka.<sup>24</sup> Å få omgrep om kva saka Øyfjellet Vindkraftverk eigentleg handlar om er ikkje lett fram, men heller utgangspunktet for diskusjonen. Det er usemje både om kva som er grunnlaget i saka og kva som er utfallet av ho. Ved å studere dei ulike dokumenta frå perioden 2011-2019 i lys av *dokumentsaker*, sett eg lys på korleis dei ulike aktørane forma, modifisera, diskutera og omforma saka om Øyfjellet Vindkraftverk. Mellom anna finn eg at Jillen-Njaarke reinbeitedistrikt gjeng frå å ikkje verte nemnd i den første etableringa av saka, til seinare å spele ei hovudrolle i saka. Det ligg mykje makt i å etablere eit saksgrunnlag.<sup>25</sup> I saka om Øyfjellet Vindkraftverk får måten styresmakta etablerer saka på, store konsekvensar for utfallet av ho.

Det siste metodiske og analytiske omgrepet eg vil ta føre meg her er *dokumentrørsler*, som handlar om korleis dokumentet er i rørsle og skapar rørsle. Dokumenta i kjeldemateriale mitt inngår i ei fastlagt reiserute, og reiser både internt og på tvers av institusjonar i lange dokumentskjelder. I mi dokumentanalyse gjennomgår eg kjeldene i ei kronologisk rekjkjefølgje og set lys på kor dei ulike dokumenta oppheld seg i ruta og korleis dei påverkar og røyrer saka vidare. Eg undersøkjer og korleis ting utanfrå vert frakta inn i dokumenta og dermed vert gjenstand for diskusjon, handtering og forvaltning.<sup>26</sup>

---

<sup>23</sup> Asdal og Reinertsen. *Dokumentanalyse*, 88 og 100.

<sup>24</sup> Asdal og Reinertsen. *Dokumentanalyse*, 105.

<sup>25</sup> Asdal og Reinertsen. *Dokumentanalyse*, 150-151.

<sup>26</sup> Asdal og Reinertsen. *Dokumentanalyse*, 152.

Eg har no pakka ut den praksisorienterte dokumentanalysen i fem analytiske og metodiske omgrep og diskutert korleis eg nytter desse i forskingsarbeidet. Viktig å avklare her, er at eg ikkje nyttar omgrepa på eit slavisk vis der eg gjennomgår dei ein etter ein. Snarare ser eg omgrepa som ein fruktbar måte å nærme seg kjeldemateriale på, der dei både fungerer som bakanforliggende verktøy i analysen og andre gonger, der det er relevant, nemnast i konkret forstand. Eit kanskje utradisjonelt val for ein historisk master, er at eg nytter presens når eg arbeider med kjeldene i saka. Dette er fordi eg i tråd med den praksisorienterte metoden ser føre meg arbeidet som eit feltarbeid, der eg studerer dokumenta som aktive element i saka.

## Historieskriving i nær tid

Historikaren Ludmilla Jordnova hevdar at vi som historikarar er tilstade i materialet uansett om vi ønskjer det eller ikkje. Jornova argumenterer for at; «The pursuit of history is, whether practitioners choose to acknowledge it or not, a political occupation.»<sup>27</sup> Eg støttar dette synspunktet og ein vil nok alltid i historieskrivinga vere påverka av eigne meiningar og interesser. Samstundes er det ein viktig dyp innan historiefaget å vere så nøytral som mogleg i forskingsarbeidet. Med historieskriving om noko i så nær tid som Øyfjellet vindkraftverk, vil nok mange tenke at det å halde ein profesjonell distanse til undersøkingsobjektet vert utfordrande. Men eg er eit engasjert menneske med sterke meiningar om det meste, og ville nok potensielt kunne hatt haldningar til tema uansett kor langt tilbake i tid historia eg skreiv om var. Difor har eg valt eit emne eg syntes er både spennande og vanskeleg å ta stilling til. Eg er opptekne av urfolk sine rettar, samstundes som klima og miljø er mi store hjartesak og eg alltid har meint at fornybar energi er ein viktig del av løysinga på klimakrisa. Med dette sagt og delt, så søker eg å vere så nøytral som mogleg i forskingsarbeidet. Eg meiner at det metodiske rammeverket til Asdal og Reinertsen er til god hjelp for nettopp det.

## Oppgåva si struktur

I kapitel 2 tek eg føre meg viktig bakgrunn for diskusjonen om Øyfjellet vindkraftverk, nemleg den historiske reindrifta på Helgeland. Gjennom å anvende annan forskingslitteratur prøver eg å kartlegge den historiske reindrifta på Helgeland frå den oppsto på 1600-talet og fram til i dag. Målet med kapitelet er at det skal bidra til å setje historia om Øyfjellet Vindkraftverk, inn i eit lengre historisk perspektiv. I tillegg vil denne delen også fungere som viktig bakgrunn for å

---

<sup>27</sup> Ludmilla Jordnova. *History in Practice*. (Hodder Arnold: Cambridge and Edinburgh, 2006), 3.

kunne forstå reindriftssamane sine argument mot vindkraftutbygginga. Asdal og Reinertsen, som har skrive metodeboka om praksisorientert dokumentanalyse, ville truleg vore kritiske til å leggje så mykje vekt på kontekstualisering før ein tek føre seg kjeldematerialet. Den praksisorienterte metoden er nettopp oppteken av korleis dokumenta ikkje berre skildra ei verkelegheit utanfor teksten, men bidrar til å endre på, modifisere og skape nye saker og samanhengar. Asdal og Reinertsen argumenterer for at ein burde kontekste heller enn kontekstualisere, som vil seie at ein skal dra inn historisk kontekst der det er relevant i kjelda. Slik legg dei meir vekt på korleis historie tematiserer seg inn i kjelda, og mindre vekt på korleis kjelda kan verte forstått utifrå ein historisk kontekst.<sup>28</sup> Men på bakgrunn av at dette er ei historisk masteroppgåve, vil den historiske konteksten naturlig vektleggast tyngre her enn kva andre kanskje ville gjort i mange andre disiplinar. Eg vil forstå kjeldene i forskingsarbeidet mitt som både historieskapte og historieskapande. Då vil eg hevde at det er relevant å starte med å gjere greie for den historiske bakgrunnen, samstundes som eg vil prøve å behandle dokument-kjeldene som aktive element i hovuddelen.

Vidare i kapitel 3, 4 og 5 tek eg føre meg kjeldemateriale som eg har samla i kronologisk rekjkjefølge. Kapitel 3 tek føre seg perioden 2011-2014, kapitel 4 perioden 2014-2016 og kapitel 5 perioden 2017-2019. Gjennom å anvende praksisretta dokumentanalyse, vil eg sjå nærare på korleis dei ulike dokument-kjeldene har verka inn på-, forma- og påverka diskusjonen om Øyfjellet Vindkraftverk. Gjennomgåande vil eg drøfte problemstillinga: Kva argument har vore nytta for og mot Øyfjellet vindkraftverk, og korleis utvikla diskusjonen seg frå han starta i 2011 til 2019?

I tillegg vil eg undersøkje kjeldene i lys av dei tilhøyrande forskingsspørsmåla:

- Eksisterte det ulike klima- og miljø-diskursar i argumentasjonane på dei to sidene av diskusjonen om Øyfjellet vindkraftverket?
- Kva har vorte verdsett av dei ulike aktørane i saka om Øyfjellet Vindkraftverk?
- Korleis har reindriftssamane vore representert i saka, og finst det ei utvikling i kva grad reindriftssamane sine kunnskapar vart verdsett i perioden 2011-2019?

I kapitel 6 legg eg fram hovudfunna mine i lys av problemstillinga og forskingsspørsmåla. Til drøfter eg spørsmålet: kva kan diskusjonen om Øyfjellet Vindkraftverk fortelje oss om industriell utbygging i samisk reindriftsområde i det 21. hundreåret?

---

<sup>28</sup> Asdal og Reinertsen. *Dokumentanalyse*, 241-243.

## Kapitel 2: Samisk reindrift på Helgeland

I dette kapitelet vil eg forsøkje å kartlegge den historiske reindrifta på Helgeland, frå den oppsto på starten av 1600-talet og fram til i dag. Intensjonen er å gi eit overblikk over korleis reindrifta på Helgeland har fungert og utvikla seg gjennom ulike tider. Dette er historisk bakgrunn eg meiner det er viktig å ha kjennskap til for å kunne forstå diskusjonen kring Øyfjellet Vindkraftverk i nyare tid. Når det kjem til kva forskingslitteratur som kan nyttast til å kartlegge den historiske bruken, så kan vi ta utgangspunkt i ein NOU frå 2007, der Anne Severinsen, basert på ei litteratuoversikt, utforskar kunnskapsstatus når det kjem til historia om bruk og busetjing til samane på Helgeland.<sup>29</sup> Severinsen fastslår at det i grunn berre er tre forskarar som har arbeida spesifikt med tema; Knut Bergsland, Ørnulf Vorren og Bård A. Berg. Dei to siste fokuserer på samane si reindrift på Helgeland. I følgje Severinsen har vi berre avgrensa kunnskapar om reindrifta på Helgeland før 1900-talet, ettersom kjeldegrunnlaget er sporadisk og Vorren og Berg sine arbeid i hovudsak angår perioden etter dette.<sup>30</sup> Likevel har både Vorren og Berg med bakgrunnskapitel om reindrifta før 1900, som gjev ei viss innsikt. Kunnskapsstatus per våren 2024 er den same. Eg vil ta utgangspunkt i boka «Reindrift og nomadisme i Helgeland» av Vorren(1986), doktoravhandlinga «Mot en korporativ reindrift: samisk reindrift i Norge i det 20. århundre – eksemplifisert gjennom studier av reindrift på Helgeland» av Berg(1999) og litteratuoversikta til Severinsen(2007). Eg kjem for det meste til å presentere utviklingstrekk for reindrifta på heile Helgeland. Der det finst relevant informasjon vil eg òg gå meir spesifikt inn på bruken av området som omfattar Øyfjellet vindkraftverk i dag.

### Topografi

Før vi gjeng inn på korelis reindrifta har utvikla seg på Helgeland gjennom ulike tider, skal vi setje fokus på noko meir stabilt, nemleg topografien på Helgeland. Helgeland ligg på den smalaste delen av Noregskartet og Loyd Vilmo har uttalt følgjande om reindrift her, «Både p.g.a. de begrensede lavressurser og de vanskelige klimatiske forhold om vinteren i de indre områder, er utnyttingen av beiteområdene på Helgeland langt mer komplisert enn andre stader. De begrensede lågbeiteområder, også i kystområdene, har tvunget samene til et vekselbruk av

---

<sup>29</sup> NOU (2007:17). *Samisk naturbruk og rettsituasjon fra Hedmark til Troms*. Del IV Samisk befolkning, bruk av naturen og rettighetsforhold på Helgeland. Severinsen. Oslo: Departementenes servicesenter Informasjonsforvaltning. 135.

<sup>30</sup> NOU (2007:17). *Samisk naturbruk og rettsituasjon*, 164.

beitene.»<sup>31</sup> Bård A. Berg deler inn topografien på Helgeland i tre soner; skjergardssona, fjordsona og innlandssona. Berg skriv øg at det er avgrensa førekomst av tett lågmark på Helgeland. Særleg på Indre Helgeland som karakteriserast av høgfjellsområder avskore av til dels breie dalar, er det lite lågmark å finne. Men Berg framhevar samstundes at nokon av dei beste grønbeiteområda i landet ligg på indre Helgeland. Berg skriv og at det er betre førekomstar av lågmark, i den ytre sona av Helgeland. Det er og store klimatiske skilnadar mellom Indre- og Ytre Helgeland. Medan Indre Helgeland har kalde vintrar med mykje snø, så er temperaturane på Ytre Helgeland mildare og mykje av nedbøren fell som regn. På grunnlag av dette finn ein, i følgje Berg, gode vår- summar- og haustbeiter for reinen i Indre Helgeland, medan store mengder snø på vinterstid gjer områda ustabile som vinterbeite. Derimot er det gode vinterbeiter langs kysten, som elles er dårlig egna til beite på sumartid.<sup>32</sup>



Kart over Helgeland(SNL)<sup>33</sup>

<sup>31</sup> NOU (2007:17). *Samisk naturbruk og rettsituasjon*, 145.

<sup>32</sup> Bård A. Berg, *Mot en korporativ reindrift: samisk reindrift i Norge i det 20. århundre – eksemplifisert gjennom studier av reindrift på Helgeland*. Doktoravhandling. Universitetet i Tromsø. 1999. 41-42.

<sup>33</sup> Store norske leksikon. «Helgeland» av Geir Thornæs. 02.04.2024 <https://snl.no/Helgeland>

## 1600-talet – Reindrifta oppstår og tar si form på Helgeland

Når det kjem til spørsmålet om når tamreindrifta oppsto på Helgeland, så peiker litteraturen på at dette skal ha skjedd på starten av 1600-tallet. I følgje Ørnulf Vorren(1986) utvikla reinnomadismen seg frå veidekulturen. Reinavl skal allereie i veidekulturen ha vore ein viktig støttenærings til jakt- og fangst, der rein mellom anna vart brukt som transportdyr og lokkedyr. I følgje Vorren er det karakteristiske ved reinnomadismen at reinflokken er den økonomiske basisen i livsforma.<sup>34</sup> Så trass i at det finns kjeldemateriale om «fjellappar» som drog på lange flyttingar med rein før 1600-tallet<sup>35</sup>, så reknar ikkje Vorren at reinnomadismen på den tida var ei hovudnærings. Òg Knut Bergsland(1988), referert i Severinsen, støttar påstanden om at reindrift på Helgeland i større skala ikkje vart utvikla før på 1600-tallet.<sup>36</sup>

Ei reinteljing frå 1605 viser at gjennomsnittstalet for reineigarar i Helgeland var 30 dyr, der reineigaren som hadde mest hadde 100 dyr. Vorren hevdar at desse tala tyder på at fleire av familiane må ha livnæra seg også av andre næringar som jakt og fiske, og at sjølvergatingsøkonomien stod sterkt.<sup>37</sup> I Vefsn område var truleg næringa endå mindre i starten, då det i følgje ei svensk reinteljing frå 1609, var 12 reineigarar frå Vefsn som til saman hadde 154 dyr, der den rikaste hadde 30 og den fattigaste hadde 3 dyr.<sup>38</sup>

Ein veit ikkje nøyaktig kor mange samar som dreiv med reindrift på Helgeland på 1600-talet, men basert på skattelister frå Noreg og Sverige reknar Severinsen at ein kan anslå den samla nomadiske samiske befolkninga på Helgeland, på 1600-tallet, til om lag 600–700 personer.<sup>39</sup> I følgje Severinsen så var bruksområde til desse samane hovudsakleg områda aust for Reinfjellet, nordover til Ranfjorden, sørover til Limingen og Tunnsjøen og Vesterfjella sørover til Fjerdingen i Indre Namsen.<sup>40</sup> Dette er spesielt interessant for denne masteroppgåva, ettersom Vesterfjella er område Øyfjellet Vindkraftverk ligg i dag. Severinsens kartlegging tyder på at området har vore brukt til reindrift sidan 1600-talet.

Eit anna karakteristisk trekk med reindrifta på Helgeland på 1600-talet, var at fleire av reindritssamane hadde flokken sin på sumarbeite i Noreg og vinterbeite i Sverige. Vorren skriv

<sup>34</sup> Ørnulf Vorren. *Reindrift og nomadisme i Helgeland*. (Novus Forlag: Oslo, 1986), 9-10.

<sup>35</sup> Vorren. *Reindrift og nomadisme i Helgeland*, 10.

<sup>36</sup> NOU (2007:17). *Samisk naturbruk og rettsituasjon*, 135.

<sup>37</sup> Vorren. *Reindrift og nomadisme i Helgeland*, 10.

<sup>38</sup> NOU (2007:17). *Samisk naturbruk og rettsituasjon*, 135.

<sup>39</sup> NOU (2007:17). *Samisk naturbruk og rettsituasjon*, 135.

<sup>40</sup> NOU (2007:17). *Samisk naturbruk og rettsituasjon*, 146-147.

at eit resultat av denne ferdelsen var at fleire reineigarar enda opp med å betale skatt både i Noreg og i Sverige.<sup>41</sup> Dette kan ha vore ein frustrasjon for reindriftssamane, men som Severinsen peiker på har vi «ingen kunnskap om samenes oppfatning av dobbeltbeskatning».<sup>42</sup>

## 1700-talet – grensekommisjonsarbeidet gjev innsikt

På 1700-talet finn vi dei første protokollførte vitneforklaringane frå reindrifssamar på Helgeland, henta inn av dansken Peter Schnitler i samband med det pågåande grensekommisjonsarbeidet. Schnitler, som vart utnemnt til å delta i undersøkinga av grenseforholda mellom Norge og Sverige, reiste i perioden 1742-1745 på fleire lengre reiser, blant anna til Nordland, der han for det meste oppheldt seg på Helgeland.<sup>43</sup> Rundt 1740 vart det registrert 102 familiar på Helgeland som hadde reindrift som hovudnæring, derav 58 heldt til i Vefsn og 44 heldt til i Rana. Framleis beita dei fleste reinflokkene sin i Noreg på sumartid og i Sverige på vintertid.<sup>44</sup> Schnitler skriv ikkje spesifikt om kor mange rein desse familiene hadde. Men han skriv om ein reineigar som skal ha oppimot 1000 rein og nemner at reindriftssamar i Vefsn hadde færre rein enn dei i Rana, ettersom dei i Vefsn var vorte ramma av ulykker på jordet.<sup>45</sup>

Vorren påstår det er grunn til å tru at dei fleste reinflokkane framleis var relativt små, ettersom det på denne tida enno var ein stor grad av sjølvberging. Samstundes kjem det fram i vitneforklaringane til Schnitler at reindriftssamane dreiv handel både i Sverige og Norge, der det meste var byttehandel, men òg noko var pengehandel. Ettersom reindriftsamane hadde høve til å bytte/selje produkt, må likevel reinflokkane ha vore av noko storleik. Vorren kommenterer at desse utsegnene vitnar om at pengehandel og ein meir kommersiell tankegang var på veg inn.<sup>46</sup>

Riksgrensa mellom Noreg og Sverige vart fastsett i 1751, og i grensetraktaten finn ein òg lappekodisilen som garanterte samane sedvanerett til deira tradisjonelle bruksområdet.<sup>47</sup> Fleire samar skal etter Schnitlers tid ha slått seg ned og vorte fastbuande i bygdene, der fleire skal ha kombinert reindrifta med andre næringar som jordbruk og handtverk. Desse

<sup>41</sup> Vorren. *Reindrift og nomadisme i Helgeland*, 10.

<sup>42</sup> NOU (2007:17). *Samisk naturbruk og rettsituasjon*, 164.

<sup>43</sup> Store Norske Leksikon, «Peter Schnitler», av Aud M. Tretvik, 03.05.2024 [https://nbl.snl.no/Peter\\_Schnitler](https://nbl.snl.no/Peter_Schnitler)

<sup>44</sup> Vorren. *Reindrift og nomadisme i Helgeland*, 12.

<sup>45</sup> Vorren. *Reindrift og nomadisme i Helgeland*, 12-13.

<sup>46</sup> Vorren. *Reindrift og nomadisme i Helgeland*, 13.

<sup>47</sup> Arkivverket, «Grensearkiv ca. 1750», 27.11.2018. <https://www.arkivverket.no/utforsk-arkivene/norges-dokumentarv/utvalg-fra-grensearkiv-ca.1750>

bygdesamane skal i vinterstid ha sendt reinflokkane sine med svenske samar til vinterbeita i Sverige, for så å sjølv ta hand om flokken når den var tilbake i Norge for sumarbeite.<sup>48</sup>

Berg skriv at eit karakteristisk trekk med reindrifta i Helgeland var at dei ulike sitjane/familiane bygsla område der dei dreiv reindrift.<sup>49</sup> Dei samiske bygslene(leiejord) er eit kjent fenomen frå dei austlege delane av Midt-Norge. Samiske bygsler har i følgje boka *Samenes Historie*(2021) eksistert i helgelandsområde frå 1600-talet.<sup>50</sup> Men om vi ser til juristen Jens Bull si innsamling av vitneforklaringar frå 1911, som både Berg og Vorren viser til, så finn vi at svært mange områder vart bygsla i løpet av 1800-talet.<sup>51</sup> I *Samenes Historie*(2021) kan vi lese at bygselavtale ikkje var noko alle som dreiv med reindrift hadde, og at slike avtalar stort sett var frivillige og opp til samane sjølve. Det var nokre fordelar med bygselrett, ettersom ein med bygsel kunne disponere område relativt fritt og til dels kunne innkrevje skatt frå andre som brukte det. Ofte heldt fleire familiar til på same bygsel og bygselretten gjekk i arv. Samstundes gav ikkje dei samiske bygslene, i følgje *Samenes Historie*(2021), noko vern mot norsk nybygging og ressursbruk. Noko som eksemplifiserast med at det i bygselavtalar frå slutten av 1700-talet i Vefsn sto at innehavaren ikkje måtte vere til hinder for bøndene.<sup>52</sup> I siste halvdel av 1800-talet vart bygselsordninga gradvis oppheva.

## 1800-talet - Nye konfliktar og inndeling i reinbeitedistrikt

Ei viktig utvikling av reindrifta på Helgeland som skjedde på 1800-talet, var at dei fleste av reindriftsamane som tidlegare hadde vinterbeita flokken sin i Sverige, no gjekk over til å nytte vinterbeite langs kysten i Helgeland. I følgje både Berg og Vorren kan ein anslå at den norske nomadiske reindrifta på Helgeland frå slutten av 1800-talet, med få unntak, oppheldt seg heile året innanfor norske grenser.<sup>53</sup> Berg hevdar dessutan at den norske vinterbeitinga i Sverige kan ha teke slutt allereie i tida mellom 1845- og 1855.<sup>54</sup> Vorren forklarer den nye vinterbeitinga langs kysten med endringar i reindriftsforma i Sverige frå intensiv til ekstensiv reindrift, som førte til stor auke i talet på rein i Sverige og dermed òg presset på beitene.<sup>55</sup> I følgje Berg, skal den norske vinterbeitinga langs kysten, i kombinasjon med auke i folketalet på Helgeland og

<sup>48</sup> Vorren. *Reindrift og nomadisme i Helgeland*, 17.

<sup>49</sup> Berg, *Mot en korporativ reindrift*, 49.

<sup>50</sup> Astri Andresen m. Fl. *Samenes historie fra 1751-2010*. (Oslo: Cappelen Damm, 2021) 97-98.

<sup>51</sup> Berg, *Mot en korporativ reindrift*, 49. & Vorren, *Reindrift og nomadisme i Helgeland*, 14-17.

<sup>52</sup> Andresen. *Samenes historie fra 1751-2010*, 97-98.

<sup>53</sup> Berg, *Mot en korporativ reindrift*, 50. & Vorren, *Reindrift og nomadisme i Helgeland*, 26.

<sup>54</sup> Berg, *Mot en korporativ reindrift*, 49.

<sup>55</sup> Vorren. *Reindrift og nomadisme i Helgeland*, 26.

utvikling i jordbruket fra åkerbruk til husdyrhald, ha medført auke i areal- og interessekonfliktar mellom reineigarar og bønder på Helgeland.<sup>56</sup>

Sjølv om dei fleste reindriftssamane som heldt til på norsk side slutta å beite flokken sin på svensk jord, fortsette reindriftssamar frå Sverige å trekke flokken sin til Noreg for sumarbeite. Tidlegare skal høvet mellom reindriftssamar på norsk og svensk side ha vore godt, men frå 1870- åra og utover oppsto fleire konfliktar som følgje av stor tilstrøyming av reinflokkar frå Sverige inn på norsk side.<sup>57</sup> Berg viser til Jens Bull sine vitneforklaringar der lappefogden i Nordland skal ha uttalt kva han meinte var dei viktigaste årsakene til problema med den svenske reindrifta. Her trakk lappefogden fram delvis bortfall av bygselordninga og overgang til ekstensiv reindrift på svensk side, som viktige årsakar.<sup>58</sup> Vorren viser til ei vitneforklaring, òg innhenta av Bull, der ein norsk same skal ha uttalt at det var umogleg for familien henna å halde seg til sitt gamle område, ettersom ein svensk reindriftsame sin flokk på 7000 dyr skal ha strøymt inn og ete opp beite på familiens jord.<sup>59</sup> På Helgeland var det framleis den intensive reindrifta som råda, og reinflokkane var difor mykje mindre enn i Sverige.<sup>60</sup> I 1893 var det 73 reineigarar på Helgeland som til saman hadde 12 335 dyr, altså hadde kvar reineigar 169 dyr i gjennomsnitt, der 654 av desse var styringsrein.<sup>61</sup> Styringsrein var rein som var eigd av fastbuande samar og ikkje-samar, men som vart teke inn i flokken og gjeta av samar som har reindrift som hovudnæring.<sup>62</sup>

Når Vorren hevda svensk reinbeiting på denne tida fekk store konsekvensar for utviklinga av reindrifta på Helgeland, er dette truleg som følge av at det samla presset frå bønder i Noreg og store tilstrøymingar av svensk rein gjorde reindriftsforholda på Helgeland utfordrande.<sup>63</sup> I løpet av 1800-talet auka folketalet på Helgeland monaleg og dette førte til konkurranse om utmarksressursane mellom reindriftssamar og nybyggjarar, som igjen førte til ei meir negativ haldning til samanes reindrift.<sup>64</sup> Berg peiker på at det var desse faktorane som utløyste dei administrative tiltaka for å regulere reindrifta på slutten av hundreåret.<sup>65</sup> I 1883 vart den såkalla «felleslappeloven» vedteke for Noreg og Sverige, ei lov som tok sikte på å verne landbrukets

<sup>56</sup> Berg, *Mot en korporativ reindrift*, 46 og 55.

<sup>57</sup> Vorren, *Reindrift og nomadisme i Helgeland*, 22. og Berg, *Mot en korporativ reindrift*, 54.

<sup>58</sup> Berg, *Mot en korporativ reindrift*, 54.

<sup>59</sup> Vorren, *Reindrift og nomadisme i Helgeland*, 23.

<sup>60</sup> Berg, *Mot en korporativ reindrift*, 54.

<sup>61</sup> Berg, *Mot en korporativ reindrift*, 59.

<sup>62</sup> Berg, *Mot en korporativ reindrift*, 106.

<sup>63</sup> Vorren, *Reindrift og nomadisme i Helgeland*, 17.

<sup>64</sup> NOU (2007:17). *Samisk naturbruk og rettssituasjon*, 148.

<sup>65</sup> Berg, *Mot en korporativ reindrift*, 55.

interesser mot reindrifta. Lova ga jordbruket fortrinnsrett framfor reindrifta, og sørga for at både norske og svenske reindriftssamar vart stilt til kollektivt erstatningsansvar for skade påført av reindrifta.<sup>66</sup>

I lova frå 1883 vart det og gjeve mandat til å opprette reinbeitedistrikt, noko som først vart realisert gjennom lappekommisjonen som vart skipa utan samiske representantar.<sup>67</sup> I følgje Berg var bakgrunnen for at lappekommisjonen for Nordlands Amt vart nedsett i 1892 at det var fleire konfliktar mellom bønder og reindriftssamar på Helgeland i dei siste tiåra av 1800-talet. Sumaren 1893 utarbeida lappekommisjonen ei oversikt over reindriftssamar på Helgeland, saman med ei oversikt over kor desse hadde dei ulike årstidsbeita til reinflokkane sine. Denne oversikta var grunnlaget til kommisjonens forslag til inndeling i reinbeitedistrikt året etter i 1894.<sup>68</sup> I Vorren(1986) kan vi lese at kommisjonen i si innstilling hevda at reindrifta i Nordland fylke var dømt til undergang, trass i at undersøkingane dei utførte viste stadig vekst i den norske reindrifta i fylket.<sup>69</sup> I oversikta frå kommisjonen, som Berg viser til, finn vi mellom anna ei skildring av området mellom Velfjorden og Vefsnfjorden, som inkluderer området der Øyfjellet Vindkraftverk er utbygd i dag. I 1894 skal det ha budd 7 samefamiliar i område, med til saman 1400 rein, kor 50 av desse skal ha vore styringsrein eigmeld av bønder.<sup>70</sup>

I 1898 vart Nordland inndelt i 40 administrative reinbeitedistrikt, der 14 låg på Helgeland. Reinbeitedistriktet som inneholdt området der Øyfjellet Vindkraftverk er lokalisert i dag, fekk namnet Kvitfjell. Berg skriv at utfallet av distriktsinndelinga i grunn vart bra for reindriftssamane, ettersom heile amtet med unntak av Vega vart inkludert i inndelinga. Men Berg skriv også at dette ikkje skuldast at reinbeitedistriktet fekk gjennomslag for sine ønsker, men heller at Lappekommisjonen som la inn forslag til inndelinga i 1894 kjende området dårlig.<sup>71</sup> Med «tilleggsłappeloven» av 1897 vart det i praksis ulovlig å drive reindrift utanom distriktsgrensene, og Berg hevdar at dersom kommisjonen hadde trudd at Stortinget ville akseptere dette forslaget, så ville fleire områder ha vore teke ut.<sup>72</sup> I praksis tyde dette at konsekvensane av lova for reindriftssamane på Helgeland vart små, samanlikna med

<sup>66</sup> NOU (2007:17). *Samisk naturbruk og rettsituasjon*, 114.

<sup>67</sup> Rørosmuseet. «Reindriftslov.» 05.04.2024. <https://rorosmuseet.no/reindriftslov>

<sup>68</sup> Berg, *Mot en korporativ reindrift*, 56.

<sup>69</sup> Vorren. *Reindrift og nomadisme i Helgeland*, 18.

<sup>70</sup> Berg, *Mot en korporativ reindrift*, 57.

<sup>71</sup> Berg, *Mot en korporativ reindrift*, 57 og 63-64.

<sup>72</sup> Berg, *Mot en korporativ reindrift*, 64.

konsekvensane for andre sør-samiske reindriftsområder. Trondheim Sitje var blant dei lova fekk svært negative konsekvensar for, ettersom dei ikkje fekk status som reinbeitedistrikt.<sup>73</sup>

## 1900-talet – Auka arealkonflikt og modernisering av reindrifta

På 1900-talet vart reindrifta på Helgeland stadig meir integrert i det norske samfunnet. Reindriftsforma utvikla seg i perioden frå intensiv reindrift til ekstensiv reindrift, med fokus på kjøtproduksjon for den norske marknaden. Samstundes auka arealpresset frå landbruk og industri ytterlegare og sør-samane organiserte seg for å fremme sine interesser. Reindrifta vart i hundreåret påverka av eit aukande engasjement frå den norske stat, som hadde både positive og negative følgjer for reindriftsnæringa på Helgeland.

### Bruken av Øyfjellet-området til reindrift

Før vi gjeng inn på utviklingstrekk i perioden, skal vi sjå kort på ein spesifikk omtale av område som inkluderer Øyfjellet Vindkraftverk i dag. Ørnulf Vorren(1986) gjev i boka si, *Reindrift og nomadisme i Helgeland*, ei dokumentarisk framstilling med kart over reindriftssamanes bruksområde i perioden 1900-1940.<sup>74</sup> Vorren deler bruksområda inn i ferdselsområder og ikkje i reinbeitedistrikt, og inndelinga er noko annleis. Område der Øyfjellet Vindkraftverk er utbygd i dag, er i boka referert til som *ferdselsområde III*. Ferdselsområde III er skildra som området mellom Velfjorden i sør og Stokkefjorden og Vefsnfjorden i vest og i nord. Vorren som skriv at området karakteriserast av høge fjellkompleks med tronge dalar innimellom, hevda at føresetnaden for reindrift her er «av noe spesiell karakter.»<sup>75</sup> Sumarbeiting skal ha gått føre seg i dei høge fjelltraktene, der dyra kunne unngå insekt og varme, medan vinterbeitinga skjedde i lågare terrengr. Vorren viser til eit vitneutsegn frå lensmannen i Vefsn som hevda at det hadde vore samar i området sidan «Arilds tid og vedvarende.»<sup>76</sup> Under har eg inkludert eit kart frå den tilhøyrande kartmessige framstillinga som Vorren publiserte i eige bind.


---

<sup>73</sup> Renander, «Lover»

<sup>74</sup> Vorren. *Reindrift og nomadisme i Helgeland*.

<sup>75</sup> Vorren. *Reindrift og nomadisme i Helgeland*, 79.

<sup>76</sup> Vorren. *Reindrift og nomadisme i Helgeland*, 79.



Dette kartet frå Vorren(1986) illustrerer flyttingar, bustadar og leirplassar i tida ca. 1900-1940 i Mosjøen området.<sup>77</sup> Eg har markert(raudt) den ca. plassering for konsesjonsområdet til Øyfjellet vindkraftverk. Markeringa er berre meint som ein illustrasjon og plasseringa er ikkje nøyaktig. Illustrasjonen antyder at konsesjonsområdet inneber tradisjonelle haust- og vinter- flytteleier.

## Konflikt med bøndene og den første samiske organiseringa på Helgeland

Konfliktane mellom bøndene og reindriftsamane på Helgeland kom til å halde fram på 1900-talet. Særlig førte ei meir omfattande nyrydding i perioden 1920- fram til 2. verdskrig til store arealkonfliktar med reindriftsnæringa. I samband med at staten overtok sagbruket, Nesbruket, oppsto ein ekspansjon i utmåling av småbruk på indre Helgeland. Blant anna vart 111gardar og tomter selt i Grane og Vefsn, i tidsrommet 1926-1936.<sup>78</sup> Både reineigarar og lappefogden protesterte mot Nesbrukets utmåling, men utan hell, og i følgje Berg nådde konflikten mellom samar og bønder toppen i midten av 1930-talet.<sup>79</sup> I Berg kan vi lese at, lappefogd T. D. N. Skott sendte eit brev til landbruksdepartementet i 1935, der han vidareformidla protesten til reindriftssamar i Kvitfjell reinbeitedistrikt, mot ei planlagd rydding av gard på Eiteråfjell i Vefsn. Lappefogden som skriv at staden er «reinbeitetrakt og førøvrig temmelig høyt over have

<sup>77</sup> Ørnulf Vorren. *Reindrift og nomadisme i Helgeland : 2 : Kartmessig fremstilling av flyttinger, driftsområder, bosteder og leirplasser m.m. i tida ca. 1900-1940*. Tromsø: Universitetsmuseet, 1986. Kart 6.

<sup>78</sup> Berg, *Mot en korporativ reindrift*, 265.

<sup>79</sup> NOU (2007:17). *Samisk naturbruk og rettsituasjon*, 143. og Berg, *Mot en korporativ reindrift*, 265.

og adsides til»<sup>80</sup>, hevdar at ei utbygging her vil føre til ulemper både for samane og dei fastbuande. Men brevet førte ikkje fram og garden vart rydda.<sup>81</sup> I følgje JM Ingebrigtsen Fagerbakken, referert i Severinsen, skal ein konsekvens av oppdyrkinga og vanskane dette skapte for reindrifta, ha vore at fleire samar gav opp reindrifta for sjølv å rydde seg jord i staden.<sup>82</sup> Frå 1950-talet og utover skal konflikten med jordbruket ha stagnert, ettersom overgangen til salsjordbruk og pengehushald medførte ein stor reduksjon i bruken av utmarksområder.<sup>83</sup>

Før dei statlege reguleringane kom på slutten av 1800-talet, hadde reindriftsutøvarane på Helgeland i stor grad kunne organisere seg etter eigne reglar og prinsipp. Men dei nye reguleringane saman med auka konflikt med velorganiserte bønder på starten av 1900-talet, illustrerte for sør-samane at dei hadde lite innflytelse utan formell organisering.<sup>84</sup> Dei sør-samiske reineigarane var dei første i landet til å stifta lokale foreiningar, og sto òg i spissen for dei første samiske landsmøta i 1917 og 1921.<sup>85</sup> Ei av eldsjelene var svenske Elsa Laula Renberg som i 1907 deltok på stiftingsmøte til *Brurskanken Samiske Lag* i Vefsn. I Vefsn møtte Elsa den lokale reindriftsamen Pedersen Toven, som ho gifte seg med i 1908 og seinare etablerte seg med i Brurskanken reinbeitedistrikt, med vinterbeite i Syv Søstre og Kvifjell. Renberg utmerka seg gjennom resten av livet som ei sterk stemme i det sør-samiske miljøet. I 1910 sto ho i spissen for etableringa av *Brurskanken Lappekvinde Forening* og seinare var det Renberg som tok initiativet til å organisere det første samiske landsmøte.<sup>86</sup>

Sjølv om dei sør-samiske reindriftsutøvarane som organiserte seg på 1900-talet hadde eit felles mål; å ivareta reindrifta, så var det òg mykje intern usemje, blant anna mellom ulike reindriftsformer og haldning til modernisering. Renberg sto i spissen for ein tradisjonell reindriftsform med fokus på mjølking, medan ein anna pioner i det sør-samiske organisasjonsarbeidet, Daniel Mortenson, støtta ei reindriftsform med fokus på store flokkar og kjøtproduksjon.<sup>87</sup> Òg på Helgeland var der store interne motsetningar mellom dei sør-

---

<sup>80</sup> T.D.N. Scott i Berg, *Mot en korporativ reindrift*, 266.

<sup>81</sup> Berg, *Mot en korporativ reindrift*, 266.

<sup>82</sup> Inger Fagerbakken i NOU (2007:17), 142.

<sup>83</sup> Berg, *Mot en korporativ reindrift*, 264.

<sup>84</sup> Berg, *Mot en korporativ reindrift*, 146.

<sup>85</sup> Berg, *Mot en korporativ reindrift*, 398.

<sup>86</sup> Store Norske Leksikon. «Elsa Laula Renberg», av Berg -Nordlie og Berg, 03.08.2023.

[https://snl.no/Elsa\\_Laula\\_Renberg](https://snl.no/Elsa_Laula_Renberg)

<sup>87</sup> SNL. «Elsa Laula Renberg»

samiske reindriftsutøvarane, og Berg skriv blant anna om interne konfliktar i Brurskanken som toppa seg i skuldingar om drap, reintjuveri og ærekrenking i ei rettssak frå 1922.<sup>88</sup>

## Ny reindriftslov av 1933 og stiftinga av NRL som ein motreaksjon

I 1933 kom det ei ny reindriftslov som avløyste Felleslappeloven. Ei utgreiing frå Sannhets og Forsoningskommisjonen faststår at denne lova ikkje var ei lov for å verne om reindrifta som næring, men heller ei lov for å fremje landbrukets interesser ovanfor reindriftsnæringa. Kommisjonen peiker på at reindrifta i forarbeidet til lova vert omtalt som ei næring som er i ferd med å dø ut og tenkjer seg ein overgang frå reinnomadisme til fastbuande gardsbruk. Denne spådommen skulle ikkje stemme for reindrifta på Helgeland, som i perioden 1927 til 1939 opplevde ein jamn auke, med reintal i 1939 på 7000 rein.<sup>89</sup> Det var 35 reindriftsfamiliar på Helgeland i 1939, der seks av desse heldt til i Kvitfjell reinbeitedistrikt.<sup>90</sup> At reindriftslova først og fremst var meint for å verne om jordbruket, vert hevda av Sannhets og Forsoningskommisjonen, blant anna ved at det vert vist til dei strenge erstatningskrava som vart bestemt viss rein gjorde skade på jordbruk.<sup>91</sup> Berg skriv at misnøya med denne lova var stor blant reineigarane på Helgeland, og at dette var drivkrafta til at sør-samane sto i spissen for arbeide med å etablere ein reindriftsorganisasjon for heile Noreg i etterkrigsåra.<sup>92</sup>

Det endelege stiftingsmøte for *Norske Reindriftsamers Landsforbund*(NRL) vart halde i 1948 i Tromsø, og på møte deltok fleire reindriftssamar frå Helgeland. På veg heim frå møte hendte ei tragisk bussulykke i Dunderlandsdalen, der 16 av 20 passasjerar døde, og 6 av desse kom frå Helgelandsområde.<sup>93</sup> I følgje Berg leid det sør-samiske samfunnet eit stort tap med denne ulykka, ettersom fleire viktige eldsjeler i det sør-samiske samfunnet omkom. Berg skriv at det sør-samiske samfunnet alltid har vore eit relativt lite samfunn, og at ein slik hending dermed fekk ekstra store negative følgjer.<sup>94</sup>

---

<sup>88</sup> Berg, *Mot en korporativ reindrift*, 393.

<sup>89</sup> Vorren. *Reindrift og nomadisme i Helgeland*, 32.

<sup>90</sup> Vorren. *Reindrift og nomadisme i Helgeland*, 31.

<sup>91</sup> Sannhets og forskningskomitéen. 2023. *Ekstern utredning Konsekvenser av fornorskningen på reindriftens rettigheter - belyst gjennom lovgivning og rettspraksis*. Kirsti Strøm Bull.9-13.

<sup>92</sup> Berg, *Mot en korporativ reindrift*, 212.

<sup>93</sup> Berg, *Mot en korporativ reindrift*, 283.

<sup>94</sup> Berg, *Mot en korporativ reindrift*, 284.

## Nedgangstider i reindrifta og ny industri på Helgeland

I årsmeldinga for 1959 uttrykkjer lappefogden i Nordland uro for utviklinga i reindrifta etter 1948. Lappefogden, som peiker på eit stadig stagnerande reintal og därlegare orden i driftsformene i fylket, foreslår å flytte inn reindriftsfolk frå andre stadar for å hindre at reinbeitedistrikta går i oppløysing.<sup>95</sup> I tida etter bussulykka i 1948, opplevde fleire reinbeitedistrikta på Helgeland nedgangstider. Dette var det fleire grunnar til, blant anna personalmangel fleire stadar, store arealinngrep i reinbeitedistrikta og fleire dårlige beiteår på rad. I fleire av reinbeitedistrikta stoppa den tradisjonelle vinterbeitinga langs kysten opp i ei periode på 1950-talet, grunna personalmangel og mindre flokkar.<sup>96</sup>

Utbygging av vegar og jernbanenett på Helgeland, i tillegg til kraftutbygginga som følgje av satsinga på industri på 1950 og 60-talet, medførte store arealinngrep i reinbeitedistrikta på Helgeland.<sup>97</sup> Med «Utbyggingsprogrammet for Nord-Norge» kom satsinga på ny industri også til Helgeland. I 1955 vart jernverket i Mo i Rana sett i drift og tre år seinare, i 1958, opna eit aluminiumsverk i Mosjøen. I følgje Berg gjekk ingen reindriftssamar permanent over til å arbeide korkje på jernverket eller på aluminiumsverket. Berg viser til ei vitneforklaring der det vart hevda at årsaka var at arbeidet var «så utrolig fjernt» frå det tradisjonelle arbeidet med reinen på fjellet.<sup>98</sup> Men industriutviklinga fekk likevel indirekte konsekvensar for reindrifta, ettersom det vart enklare for reindriftssamar å få arbeid i anna industri, blant anna i skogbruket. Fleire arbeidsmoglegheiter på Helgeland, var truleg ein av grunnane for at lappefogden i 1965 uttalte at han såg ein tendens til at yngre reindriftssamar gav opp reindrifta til fordel for anna arbeid.<sup>99</sup>

## Nye produksjonsmåtar for reindrifta på Helgeland og reindrifssamane habitus

På 1900-talet utvikla reindrifta på Helgeland seg frå tradisjonell produksjons- og levemåte, til å verte stadig meir moderne og kompleks.<sup>100</sup> Berg illustrer i si doktoravhandling korleis samisk reindrift på Helgeland i det 20-århundre utvikla seg frå subsistensreindrift, vidare til marknadsreindrift, for så til slutt å ende opp som korporativ reindrift. Under subsistensreindrifta var reinen grunnlaget for heile tilveret, med ein nomadisk levemåte og

<sup>95</sup> Berg, *Mot en korporativ reindrift*, 292.

<sup>96</sup> Berg, *Mot en korporativ reindrift*, 286.

<sup>97</sup> Berg, *Mot en korporativ reindrift*, 293.

<sup>98</sup> Berg, *Mot en korporativ reindrift*, 264.

<sup>99</sup> Berg, *Mot en korporativ reindrift*, 263.

<sup>100</sup> Berg, *Mot en korporativ reindrift*, 434.

utnytting av heile reinen; kjøtet, skinnnet og ikkje minst mjølka, til eige bruk.<sup>101</sup> I perioden 1935-1960 skal i følgje Berg ei ny reindriftsform ha vorte innført; marknadsreindrift, der ein slutta å mjølke reinen og heller berre fokuserte på kjøtproduksjon til eige bruk og for den norske marknaden.<sup>102</sup> I ein artikkel frå 1947 skreiv Vorren om korleis dei ca. 80 familiane som dreiv med reindrift på Nordland levde eit liv som bar preg av halvnomadisme. I følgje Vorren var det i 1947 slutt på at heile familien følgde reinflokken over alt og kosten til reindriftsamane skal ha bestått av meir enn berre eigne produkt.<sup>103</sup> Dette underbyggjer Bergs teori om at reindrifta på denne tida gjennomgjekk store endringar, og det Vorren vitnar om her kan truleg ha vore i ein mellomfase.

Når det kjem til innføringa av den korporative reindrifta, så må denne sjåast i samanheng med at offentlige tilskot etter kvart vart ei viktig inntekt for reindriftsnæringa. I følgje Berg skjedde òg denne utviklinga gradvis ettersom ulike støtteordningar kom på banen, men den korporative reindriftsforma skal likevel ikkje ha slått skikkeleg til før på 1980-talet.<sup>104</sup> I 1976 vart det vedteke ei ordning for næringstøtte til reindrifta som hadde siktet mål på å likestille reindrifta med jordbruket.<sup>105</sup> Mikkel Nils Sara, i Berg(1999) deler *hovudavtalen for reindrift* inn i tre delar; 1: støtte via produkt eller produksjon, 2: direkte tilskot til driftseiningar og reinbeitedistrikt og 3: støtte gjennom tilrettelegging av forholda.<sup>106</sup> Berg viser til at NRL i saksframlegginga på landsmøte skal ha vore positive til dei nye økonomiske rammene for reindrifta, men at dei skal ha uttrykt ei større uro for spørsmålet om vern av reindriftsarealet.<sup>107</sup>

I siste del av doktoravhandlinga argumenterer Berg for at reindrifta på Helgeland i dag(1999), til tross for å ha vorte svært integrert i det norske samfunnet og modernisert, ikkje har mista si tradisjonelle forankring.<sup>108</sup> Berg talar om det han kallar den reindriftssamanes habitus, der han blant anna trekk fram den tradisjonelle øyremerkingsa som uttrykk for sørsamisk habitus. Berg skriv at kvar reineigar både har rett og plikt til å øyremerke reinen sin, og at denne øyremerkingsa er like gammal som reindrifta sjølv. Berg skriv at det ikkje er tilfeldig korleis eit reinmerke ser ut og at merke ikkje berre gjev informasjon om reineigaren, men òg om

---

<sup>101</sup> Berg, *Mot en korporativ reindrift*, 409.

<sup>102</sup> Berg, *Mot en korporativ reindrift*, 392.

<sup>103</sup> NOU (2007:17). Samisk naturbruk og rettssituasjon, 142.

<sup>104</sup> Berg, *Mot en korporativ reindrift*, 400-401.

<sup>105</sup> Skogvang. «reindriftsavtalen» SNL. 24.10.2022 <https://snl.no/reindriftsavtalen>

<sup>106</sup> Nils Sara i Berg, *Mot en korporativ reindrift*, 369.

<sup>107</sup> Berg, *Mot en korporativ reindrift*, 371.

<sup>108</sup> Berg, *Mot en korporativ reindrift*, 431-432.

han/hennas familietilknyting og andre sosiale relasjonar.<sup>109</sup> I tillegg til dette trekk Berg fram samisk fellesskap, samane sitt forhold til omverda, og tradisjonelle materialistiske gjenstandar som uttrykk for habitus.<sup>110</sup> Spesielt interessant er det at Berg hevdar at urett frå storsamfunnet og makthavarane si side, og kontinuiteten av dette frå historia og fram til i dag, fører til ein sterk reindriftssamisk habitus.<sup>111</sup> Dette kan tale for at konfliktar som den kring Øyfjellet Vindkraftverk er med på å styrke det reindriftssamiske fellesskapet.

I følgje Severinsen er samisk etnisitet i de sør-samiske området sterkt knytt til reindriftsyrket, blant anna fordi det sør-samiske språket i nyare tid omtrent ikkje er brukt i dagligtalen utanfor reindrifta, og dermed heller ikkje fungerer som etnisk markør. Samstundes er det viktig å påpeike, som Severinsen og stadfesta, at det likevel er mange som identifiserer seg som sør-samar utan å ha tilknyting til reindrifta.<sup>112</sup> Difor er denne påstanden berre delvis rett.

## Ny reindriftslov av 1978 og av 2007

I 1978 kom ei ny reindriftslov som regulerte den interne styringa av reindrifta, så vel som forholdet mellom reindrifta og omverda.<sup>113</sup> I føremålsparagrafen til lova står det at lova skal «(..)legge forholdene til rette for en økologisk bærekraftig utnytting av reinbeiteressursene, til gagn for reindriftsbefolkningen og samfunnet for øvrig. Utviklingen og utøvelsen av næringen bør gi grunnlag for trygge økonomiske og sosiale kår for dem som har reindrift som yrke, samstundes som deres rettigheter sikres. Reindriften skal bevares som et viktig grunnlag for samisk kultur, i samsvar med Grunnloven § 110 a og folkerettens regler om urbefolkninger og minoriteter.(..)»<sup>114</sup> Reindriftslova frå 1978 la altså, i motsetning til lova frå 1933, vekt på at å bevare reindrifta som næring og sikre rettane til reindriftssamane. Samstundes vart denne lova seinare sterkt kritisert for å ha ein «norsk» innfallsvinkel som ikkje tek omsyn til korleis reindriftssamane sjølv har forvalta og forstått reindrifta.<sup>115</sup> I 2007 kom det ei ny reindriftslov. Ein hovudendring frå lova i 1978, var at den nye lova la meir vekt på tilrettelegging for sjølvstyre i næringa, blant anna gjennom å gi siidaen(sitje på sør-samsik) ein sentral plass.<sup>116</sup> I reindriftslova er siida definert som ei gruppe reineigarar som utøvar reindrift i fellesskap på

---

<sup>109</sup> Berg, *Mot en korporativ reindrift*, 195.

<sup>110</sup> Berg, *Mot en korporativ reindrift*, 433-434.

<sup>111</sup> Berg, *Mot en korporativ reindrift*, 433.

<sup>112</sup> NOU (2007:17). *Samisk naturbruk og rettsituasjon*, 142.

<sup>113</sup> Kristi Strøm Bull. Reindriftsloven Lovkommentar. Oslo: Universitetsforlaget, 2020.

<sup>114</sup> LOV-1978-06-09-49. (Reindriftsloven) <https://lovdata.no/dokument/NLO/lov/1978-06-09-49>

<sup>115</sup> Innst. O. nr. 72 (2006-2007) Innstilling til Odelstinget fra næringskomiteen. Stortinget. 3.

<sup>116</sup> Landbruks og matdepartementet. Orientering om reindriftsloven av 15 juni 2007. 6.

bestemte areal, og det vert skilt mellom vinter- og sumarsiida.<sup>117</sup> Lova frå 2007, er per dags dato framleis den gjeldande reindriftslova. Men òg denne lova har vorte møtt med noko kritikk. Blant anna argumenterer Kristi Strøm Bull(2020) i boka «Reindriftsloven Lovkommentar» for at lova er utdatert og har behov for revidering i samråd med det endra synet på reindrifta og samiske rettar.<sup>118</sup>

## Jillen Njaarke Reinbeitedistrikt

Til sist i denne historiske kartlegginga, vil eg ta for meg Jillen-Njaarke Reinbeitedistrikt, som er det distriktet som omfattar tidlegare Kvifjell reinbeitedistrikt, i dag. I 1998 vart det etter ei utgreiing om ny distriktsinndeling i Nordland, vedteke at reinbeitedistriktet som da var Brønnøy/Kvitfjell skulle slås i hop med Brurskanken reinbeitedistrikt. I 1999 vart distriktsgrensa sett og det nye distriktet fekk namnet Jillen-Njaarke. Jillen-Njaarke reinbeitedistrikt strekk seg over 9 kommunar i Helgeland og grenser frå Røsvatnet i øst til Mindland og Hamnøya i vest. Reinbeitedistriktet er eit heilårsdistrikt og har alle årsbeiter innanfor distriktets grenser.

Jillen-Njaarke reinbeitedistrikt er organisert med eige styre, der styret handsamar saker som angår reinbeitedistriktet. Blant anna gikk distriktet i 2003 til rettssak mot Brønnøy Kalk, på bakgrunn av at reinbeitedistriktet hadde tapt viktige vinterbeiter til gruvedrifta.<sup>119</sup> Etter fleire rundar i retten, vart Brønnøy Kalk i 2005 dømt til å betale 1,1 million i erstatning til distriktet.<sup>120</sup> Når det kjem til intern organisering, så består Jillen-Njaarke reinbeitedistrikt av to driftsgrupper(sitjegrupper) og fire sitjeandeler(2016), der kvar sitjeandel består av ein leder og fleire familiemedlemmar med rein i eige merke. Den eine driftsgruppa, austre-sitje, har vår-, sumar- og haust- beiter i austre del, medan vestre-sitje har alle beitene i vestre del. Vinterbeite er felles for både driftsgruppene og ligg langs kysten. All beitinga innanfor dei to driftsgruppene skjer i fellesskap der reinen beiter i større eller mindre flokkar uavhengig av eigar.<sup>121</sup>

På grunn av den utfordrande topografién på Helgeland så er, i følgje statsforvaltaren i Nordland, årsbeita til reinbeitedistriktet oppdelt i fleire lokalitetar, og det er essensielt at reinen kan trekkje

<sup>117</sup> LOV-2007-06-15-40. (Reindriftsloven) [https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2007-06-15-40/KAPITTEL\\_6#KAPITTEL\\_6](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2007-06-15-40/KAPITTEL_6#KAPITTEL_6)


<sup>118</sup> Bull. Lovkommentar.

<sup>119</sup> Per Torbjørn Jystad. «Anker dommen fra Brønnøy tingrett.» *Reindriftsnytt*. 03.09.2003.

<sup>120</sup> Ivar Jensen. «Erstatning til reindriften». *NRK*. 27.01.2005.

<sup>121</sup> Statsforvalteren i Nordland. *Distriktsplan Jillen-Njaarke reinbeitedistrikt. 2016-2020.* 2016. 3-4.

mellan alle. Statsforvaltaren skriv at det difor er svært viktig at det ikkje vert gjort arealinngrep som stenger dei naturlege trekk- og flytteleiene mellom beiteområda.<sup>122</sup>



Kartet illustrerer grensene til Jillen Njaarke reinbeitedistrikt og markerer vestre og austre sitje (siida er nordsamisk) og det felles vinterbeiteområde som er inndelt i fem soner.<sup>123</sup>

## Samandrag og diskusjon

Ved å sjå på utviklinga reindrifta har gjennomgått frå 1600-talet og fram til i dag, finn vi at føresetnadane for reindrifta på Helgeland har vore alt anna enn stabile. Den komplekse topografin på Helgeland har medført at reindriftssamane her har vore avhengig av å flytte reinen over lange strekningar for å kome fram til dei ulike årsbeita, og det ustabile veret på Helgeland har dessutan ført til at ein vekselsbruk av ulike årsbeiter er naudsynt. Vi har sett at arealpress både frå bønder, reintrafikk frå Sverige og industriutbygging i nyare tid, har gjort

<sup>122</sup> Statsforvalteren i Nordland. *Distriktsplan*. 4-5.

<sup>123</sup> Statsforvalteren i Nordland. *Vurdering og begrunnelse Pålegg om etablering av siidaandel i Jillen-Njaarke reinbeitedistrikt*. 2021. 4.

reindriftssituasjonen enda meir utfordrande på Helgeland. Gjennom perioden har vi sett ei utvikling av stadig sterkare styring av reindrifta ovanfrå. I 1883 kom felleslappelova som innførte strenge kollektive erstatningskrav for reindrifta og i 1894 vart Nordland inndelt i reinbeitedistrikt, med det føremål å få større kontroll over reindrifta. I 1933, 1978 og 2007 vart det innført reindriftslover, som alle påverka reindrifta, òg den på Helgeland. Som ein reaksjon av presset på beiteområda og styringa ovanfrå, starta sør-samiske reindriftssamar å organisere seg som dei første i landet. Sør-samane sto både i spissen for dei første samiske landsmøta i 1917 og 1921, og var seinare med på å stifte Norske Reindriftsamers Landsforbund(NRL) i åra 1947-1948.

Til tross for at reindrifta på Helgeland har hatt utfordingar og nedgangstider, har reindrifta på Helgeland eksistert gjennom heile perioden vi har undersøkt. Òg i området som i dag inkluderer Øyfjellet Vindkraftverk, har det eksistert reindrift sidan 1600-talet. I distriktsinndelinga frå 1894 var det Kvitfjell reinbeitedistrikt som inkluderte det aktuelle området. I Vorren(1986) kunne vi lese om ferdelsområde III med tilhøyrande kart, som illustrerte bruken av området i første del av 1900-talet. Etter distriktsamanslåinga i 1998, så har Jillen-Njaarke reinbeitedistrikt halde til i området.

Når det kjem til driftsform så var det fram til 1900-talet den intensive reindrifta som råda på Helgeland, der reindrifta i stor grad var knytt til sjølvbergingsøkonomien med fokus på mjølking. Seinare vart den ekstensive reindrifta, som allereie var godt etablert på svensk side, òg innført for reindrifta på Helgeland. Berg skriv at reindriftsforma på Helgeland først utvikla seg til marknadsreindrift i perioden 1935-1960, før den gradvis utvikla seg til korporativ reindrift, som er den rådande driftsforma i dag. Berg argumenterer for at den tradisjonelle samiske forankringa i reindrifta på Helgeland, har halde fram å eksistere uavhengig av den moderniseringssprosessen reindrifta har gjennomgått. Når vi seinare skal gå i gang med å undersøke diskusjonen kring Øyfjellet Vindkraftverk i perioden 2011-2020, vert det interessant å undersøke om vi finn igjen denne tradisjonelle forankringa hjå reindrifssamane og i kva grad reindriftsamane ser seg sjølv som ein del av det norske storsamfunnet i dag.

## Kapitel 3: Ordskifte om Øyfjellet vindkraftverk 2011-2014

I dette kapitelet vil eg undersøkje diskusjonen om Øyfjellet vindkraftverk frå han starta i 2011 og fram til starten av 2014. I denne perioden rører vindkraftsaka seg igjennom dei tre første trinna av den fastlagde reiseruta, *saksgang for konsesjonsbehandling av vindkraft*; trinn 1: melding, trinn 2: konsekvensutgreiing og trinn 3: søknad. Det første dokumentet eg undersøkjer, er den første meldinga om prosjektet frå juni 2011, etterfølgd av sametingets responsbrev til denne. Deretter undersøkjer eg konsekvensutgreiinga frå mai 2013 og vidare konsesjonssøknaden for vindkraftverket som vart innsendt i januar 2014. Til slutt vil eg undersøkje nokre av dei kritiske høyningsutsegna som kom inn til konsesjonssøknaden. Gjennom å anvende praksisretta dokumentanalyse undersøkjer eg korleis diskusjonen om Øyfjellet vindkraftverk utvikla seg gjennom dokumenta, og drøfter kva argument som har vore nytta for og mot vindkraftverket.

### Trinn 1: Den første meldinga

Midt i fellesferien, den 5. juli 2011, vart dokumentet, «Melding om planlagt vindkraftverk: Øyfjellet i Vefsn Kommune», sendt inn til NVE av tiltakshavar Øyfjellet Vindpark SUS. Dokumentet skulle vise seg å vere sendt inn av lokale innbyggjarar i Vefsn Kommune. I følgje eit intervju med den tidlegare journalisten, Are Andersen, i magasinet *Lederne Helgeland*, stamma initiativet til vindkraftprosjektet frå eit ønske om å få noko nytt til å skje i lokalsamfunnet. Andersen hevdar han først kom med ideen om å bygge veg og ski-hytte på Øyfjellet, men då ingen ville finansiere dette kom han i 2011 med ei ny ide om å bygge vindkraftverk. Derifrå skal Andersen ha gått saman med andre lokale initiativtakrar for å undersøkje moglegheita for vindkraft på Øyfjellet og kontakta lokale grunneigarar for interne avtalar.<sup>124</sup> Sumaren 2011 vart altså desse planane for første gong offentleggjort ved at det nemnde dokumentet vart innsendt til NVE. Dokumentet inngår som det første dokumentet i den fastsette sakshandsamingsruta til NVE, og er ein stad der tiltakshavar formulerer ei tidleg melding om eit planlagt vindkraft-prosjekt for å informere råka partar om prosjektet og klargjere moglege verknader på omgjevnadane.<sup>125</sup> For tiltakshavar er føremålet med å sende ei slik melding å realisere eit vindkraftprosjekt, og slik sett fungerer dokumentet som eit

---

<sup>124</sup> Helland og Nilsen. «Øyfjellet vindpar.k» *Lederne*. Januar 2021.  
[https://issuu.com/bodonu6/docs/lederne\\_helgeland\\_magasinet1s](https://issuu.com/bodonu6/docs/lederne_helgeland_magasinet1s)

<sup>125</sup> NVE. «Trinn 1 – Melding.» 22.06.2022. <https://n9.cl/g2d9i>

marknadsverktøy. For NVE er hovudmålet med meldinga å etablere eit konsekvensutgreiingsprogram, som tiltakshavar må utføre i trinn 2 av sakshandsamingsprosessen. På denne måten fungerer dokumentet og som eit politisk forvaltningsverktøy.

I dokumentet presenterer tiltakshavar planar om eit storskala vindkraftprosjekt i eit fjellområde vest for Mosjøen, i Vefsn Kommune. Vindkraftprosjektet inneber eit planområde på 60 kvadratkilometer med ca. 200 vindmøller og ein total effekt på mellom 600 og 1000 megawatt.<sup>126</sup> Dokumentet består av 18 sider, og er utforma av mange punkt med lite tilhøyrande tekst. Blant anna inneheld dokumentet; «informasjon om planen», «Mulige konsekvenser for miljø, naturressurser og samfunn» og «Forslag til utredningsprogram». Heilskapsinntrykket av meldinga er at den verker forhasta skreve, strukturen gjev ikkje logisk mening og det vert oppgjeve ulike tal i dokumentet, der blant anna arealbruken er oppført til både 40 km<sup>2</sup> og 60 km<sup>2</sup>.<sup>127</sup> Det same inntrykket får vi av at tiltakshavar i dokumentet skriv at «Øyfjellet Windpark as er under stiftelse» og «vi vil ettersende dokumenter som viser at selskapet er etablert».<sup>128</sup>

Bakgrunnen for at meldinga vart noko forhasta innsendt, kan vi om mogleg finne svaret på, på s. 6 i dokumentet. Her står det om tre andre vindkraftprosjekt som er planlagt i Vefsn Kommune; Mosjøen-, Kovfjellet- og Stortuva vindkraftverk. Tiltakshavar kommenterer at status for alle vindkraftprosjekta er «melding mottat» og at «Dette betyr at alle 4 prosjekt i Vefsn kan sees som en helhet vedrørende tilknytning til sentralnett.»<sup>129</sup> Her verkar det som at initiativtakarane bak Øyfjellet vindkraftverk, har sørga for å sende søknaden om prosjektet fortast mogleg slik at det skulle verte vurdert i samband med dei andre vindkraftprosjekta.


---

<sup>126</sup> Øyfjellet Windpark AS (SUS). *Øyfjellet Windpark – melding og forslag til utredningsprogram*. Frank Holvik. Mosjøen. 05.07.2011. 11.

<sup>127</sup> Øyfjellet Windpark AS (SUS). *Øyfjellet Windpark melding*, 5 og 8.

<sup>128</sup> Øyfjellet Windpark AS (SUS). *Øyfjellet Windpark melding*, 2.

<sup>129</sup> Øyfjellet Windpark AS (SUS). *Øyfjellet Windpark melding*, 6.



Dokumentet inneholder to figurar, denne fra s. 8 illustrerer tiltaksområdet.<sup>130</sup>

### Argument for vindkraftverket i dokumentet

I det vidare vil eg undersøke dokumentteksten i lys av korleis tiltakshavar argumenterer for realisering av Øyfjellet vindkraftverk i dokumentet. I innleiinga startar tiltakshavar med å argumentere for at det er energimangel i Norge og difor behov for utbygging av nye kraftkjelder.

Det vert hevdat at: «tilgangen på ny kraft har vært vesentlig mindre enn økningen av forbruket.»<sup>131</sup>

Vidare vert det argumentert for at vindkraft vil vere økonomisk gunstig å satse på, ettersom norske politikarar er opptekne av klima. Det er henta inn eit sitat frå dåverande olje- og energiminister-, Terje Ris Johansen, der han gjev uttrykk for at det skal satsast på meir fornybar energi i Noreg. Til dette skriv tiltakshavar: «Uttalelsen illustrerer at det i dag er sterk politisk støtte for å tilrettelegge for utbygging av miljøvennlig vindkraft.»<sup>132</sup> Vidare vert det vist til ei felles støtteordning med grøne sertifikat mellom Sverige og Noreg, som tiltakshavar nytter til å vise at det er en god marknad å satse på vindkraft.<sup>133</sup> Elsertifikatordninga, som her vert henta inn i dokumentet, er ei felles norsk-svensk støtteordning for fornybar energi som trådde i kraft året etter, i 2012. Ordninga vart oppretta med føremål om å auka fornybar

<sup>130</sup> Øyfjellet Windpark AS (SUS). *Øyfjellet Windpark melding*, 8.

<sup>131</sup> Øyfjellet Windpark AS (SUS). *Øyfjellet Windpark melding*, 5.

<sup>132</sup> Øyfjellet Windpark AS (SUS). *Øyfjellet Windpark melding*, 5.

<sup>133</sup> Øyfjellet Windpark AS (SUS). *Øyfjellet Windpark melding*, 5.

elektrisitetsproduksjon i landa, og fungerer ved at produsentane får eit pristilskot av staten for kvar megawattime produsert i 15 år.<sup>134</sup>

Det at klimafordelane med vindkraft ikkje er nemnde eksplisitt som eit argument i dokumentet, men berre er fremja som årsak til at vindkraftverket vil løne seg økonomisk, er svært interessant. Det skaper eit inntrykk av at avsendar korkje er motivert av klima eller er oppteken av det. Klimadiskursen som er uttrykt i teksten, dersom det er ein, kan best høyre til i kategorien med *Økomodernistane*.<sup>135</sup> Dette fordi klimakrisa ikkje vert nemnd eksplisitt som eit problem i dokumentet, og økomodernistane representerer den klimadiskursen som ser klimasaka berre som ei mindre utfordring. Dokumentet gjev uttrykk for at det er energimangel i Noreg, og ikkje klimakrise, som er det store samfunnsproblemet vindkraftverket vil kunne bidra til å løyse.

I tillegg til argumenta om at vindkraftverket vil bidra til å dekkje eit auka energibehov i Noreg og at det vil vere økonomisk gunstig, så kjem avsendar under punktet «Øyfjellet som lokasjon» med spesifikke argument for kvifor dette området er ei god plassering for vindkraft. Først og fremst vert det argumentert for at området har svært gode vindforhold, samstundes som det står at det ikkje er utført vindmålingar i området.<sup>136</sup> Vidare vert den gunstige avstanden mellom Øyfjellet og Mosjøen trekt fram som eit nøkkelargument. Aluminiumsverket som har lege i Mosjøen sentrum sidan 1956 vert i dokumentet omtalt som «*Vefsn kommune sin hjørnesteinsbedrift*». <sup>137</sup> Tiltakshavar argumenterer for at bedrifta vil kunne få direkte nettsamband med vindparken. Til slutt vert det argumentert for at utbygginga vil medføre arbeidsplassar, og at ekstra infrastruktur som må byggjast i samband med utbygginga, vil få positive ringverknadar for lokalbefolkinga<sup>138</sup>.

Det vert dessutan hevdat at området ikkje er særlig nyttig til andre føremål. Området er omtala som vanskelig utmark og fjell, som ikkje eignar seg til jordbruk, som ikkje er direkte verna eller foreslått verna av naturvernlova, som er lite nytta til friluft og som ikkje inneheld bandlagde områder for friluft eller kulturminner.<sup>139</sup> Den samiske reindrifta som held til i

---

<sup>134</sup> NVE. ”Elsertifikater.” 2023. <https://www.nve.no/energi/virkemidler/elsertifikater/>

<sup>135</sup> Nisbet, C. Matthew. «Disruptive ideas: publicintellectuals and their arguments for action on climate change» in *WIREs Clim Change* 2014, 5:809–823. doi:10.1002/wcc.317

<sup>136</sup> Øyfjellet Windpark AS (SUS). *Øyfjellet Windpark melding*, 7.

<sup>137</sup> SNL. «Mosjøen Aluminiumsverk», av Stian Brekke. 23.01.2023. [https://snl.no/Mosj%C3%A8nen\\_Aluminiumverk](https://snl.no/Mosj%C3%A8nen_Aluminiumverk)

<sup>138</sup> Øyfjellet Windpark AS (SUS). *Øyfjellet Windpark melding*, 7.

<sup>139</sup> Øyfjellet Windpark AS (SUS). *Øyfjellet Windpark melding*, 8.

området, vert ikkje nemnd i dokumentet. Det einaste som avsendar vert trekt fram som moglege negative følgjer med eit vindkraftverk her, er at eit så stort vindkraftverk vil vere synleg frå lange avstandar, at vindturbinane vil generere støy og at visse fugletypar kan kollidere med turbinane. Men til dette skriv tiltakshavar at vindkraftverket er langt utanfor bustadområde og at litteratur og erfaringar med vindkraft viser at kollisjonsfaren med fuglar generelt er liten.<sup>140</sup>

## Etablering av dokumentsaka

Med bakgrunn i det eg no har diskutert, vil eg vidare samanfatte dokumentsaka slik den er forma i dokumentet. Øyfjellet Vindpark AS, som er under stifting, ønskjer å byggje eit stort vindkraftanlegg i Øyfjellet-område i Vefsn Kommune. Dette vindkraftverket vil kunne hjelpe den pågåande energimangelen i Noreg, og politisk velvilje til å byggje ut miljøvennleg kraft fører til at prosjektet òg er marknadsdyktig. Plasseringa av det planlagde vindkraftverket er ypparleg fordi området har gode vindforhold, og korkje er brukt til eller eignar seg til annan bruk. Nærleiken til Mosjøen er positivt fordi vindkraftverket kan levere straum direkte til aluminiumsverket i byen og fordi utbygginga av vindkraftverket vil føre til fleire arbeidsplassar og andre ringverknadar som betra vegar. Der er òg nokre negative konsekvensar ettersom vindkraftverket vil vere synleg i lange avstandar, generere støy og moglegvis føre til kollisjonar med fuglar, men desse konsekvensane er avgrensa i omfang.

Dette er altså utgangspunktet for dokumentsaka, når vi seinare skal undersøkje korleis etterfølgjande dokument diskuterer og former saka vidare.

## Representasjon av reindrifta i dokumentet

Reindrifta som har vore til stades i området sidan 1600-tallet, vart ikkje nemnt i dokumentet og tildelast difor null verdi. Kvifor veit vi ikkje. Syntes tiltakshavar at reindrifta i område var ubetydelig for saka? Eller visste faktisk ikkje tiltakshavar at område var eit reindriftsområde? Uansett vart konsekvensen at reindrifta ikkje var inkluder i det som var den første etableringa av kva saka handla om. Det er interessant å spørje korleis det at ein av hovudaktørane i saka om Øyfjellet vindkraftverk ikkje vart nemnd i starten, kom til å påverke diskusjonen seinare.

---

<sup>140</sup> Øyfjellet Vindpark AS (SUS). *Øyfjellet Vindpark melding*, 14.

## Sametingets respons på den første meldinga

Selskapet Øyfjellet Vindpark AS vart offisielt stifta den 24. oktober 2011.<sup>141</sup> Den 21. november 2011 vart meldinga om Øyfjellet vindkraftverk offentleggjort, og vidare følgde ei seks vekers lang høyringsperiode. I løpet av høyringsperioden var det mogleg for offentlegheita å kome med innspel, og NVE arrangerte eit felles informasjonsmøte om Øyfjellet- og Mosjøen vindkraftverk, og eit folkemøte om Øyfjellet vindkraftverk.<sup>142</sup> Ein av aktørane NVE kontakta direkte om meldinga, og inviterte til å kome med høyringsutsegn, var Sametinget.

I eit brev frå 23. januar 2012, kjem Sametinget med sin respons til NVE. I brevet, som ikkje er meir enn ei side langt, skriv Sametinget at «Den meldte utbyggingen er så omfattende, at det ikke er faglig forsvarlig å avgjera uttalelse til meldingen på grunnlag av det materialet som er lagt ut på nettsidene til NVE.»<sup>143</sup> Sametinget hevdar at kartet i meldinga, «er av så dårlig kvalitet at det ikke er mulig å finne ut nøyaktig hvor vindkraftverket er planlagt lokalisert.»<sup>144</sup> Difor krev dei i meldinga at NVE skaffar kartmateriale av god kvalitet og utsett høyringsfristen. Samstundes skriv dei i brevet at, «Sametinget vil likevel allerede nå påpeke at det er klare mangler i meldingen når det gjelder reindrift og andre samiske interesser. De er ikke nevnt i det hele tatt.»<sup>145</sup> Her kommenterer Sametinget det som vart drøfta ovanfor, nemleg at den samiske reindrifta ikkje vart nemnd i den første meldinga.

## Trinn 2: Konsekvensutgreiing

Etter høyringsperioden til den første meldinga, følgde prosessane som inngår i trinn 2 av den fastsette sakshandsamingsruta til NVE, nemleg konsekvensutgreiinga. Først sendte NVE eit utkast til utgreiingsprogram til Miljøverndepartementet, med utgangspunkt i konsekvensane som tiltakshavar peika på i meldinga og dei innkomne høyringane til den. Deretter kom Miljøverndepartementet med sine innspel til utkastet, før det endelige utgreiingsprogrammet for Øyfjellet vindkraftverk vart fastsett og sendt til tiltakshavar den 4. januar, 2013.<sup>146</sup> På grunn av avgrensing kjem eg ikkje til å gå inn på dokumenta som inngår i den interne delen av prosessen. I staden vil eg gå rett vidare til å undersøkje rapporten for den gjennomførte

<sup>141</sup> Eolus Wind Norge AS. *Konsesjonssøknad: Øyfjellet vindkraftverk, Vefsn kommune, Nordland fylke*. Hässelholm: Eolus Wind AB, 06.01.2014. 6.

<sup>142</sup> NVE. *Søknad om konsesjon for Øyfjellet vindkraftverk i Vefsn kommune, Nordland fylke. Bakgrunn for vedtak*. 13.11.2014. 9.

<sup>143</sup> Sametinget. *Foreløpig uttalelse - Melding om Øyfjellet vindkraftverk - Vefsn kommune*. 23.01.2012.

<sup>144</sup> Sametinget. *Foreløpig uttalelse*.

<sup>145</sup> Sametinget. *Foreløpig uttalelse*.

<sup>146</sup> NVE. (2014) *Bakgrunn for vedtak*, 9.

utgreiinga, då denne vert viktig i den vidare diskusjonen om vindkraftverket. Ettersom Øyfjellet Vindkraft AS inngjekk ei samarbeidsavtale med det svenske selskapet Eolus Wind i juni 2012, så var det Eolus Wind som tok ansvaret for utgreininga.<sup>147</sup> Eolus gav oppdraget vidare til konsulent selskapet Norconsult.

Dokumentet eg vidare skal undersøkje er produsert av Norconsult og heiter, «Øyfjellet vindkraftverk. Oppsummering av konsekvensutredninger.» Dokumentet vart innsendt til NVE 5. mai 2013. Dokumentet er produsert av prosjektleiar for utgreiinga, Morten Selnes, og er ein stad der ulike tema, som NVE ber om, vert gjeve ein verdi, eit omfang og ein rekna konsekvens i forhold til Øyfjellet vindkraftverk.<sup>148</sup> Dokumentet er relevant sett i lys av problemstillinga, fordi vurderingane som vert gjort her, både kan nyttast vidare som argument i saka og verte gjenstand for debatt i seg sjølv. I tillegg er rapporten bestilt og betalt av oppdragsgivar Eolus, og er slik ikkje eit nøytralt dokument, men eit marknadsverktøy som er naudsynt for tiltakshavar for å kunne søkje om konsesjon til å byggje Øyfjellet vindkraftverk. Datainnsamlinga rapporten byggjer på er både teke frå databasar, møter med informantar, synfaringar og feltarbeid.<sup>149</sup> Her er altså både andre dokument, munnleg informasjon og observasjonar frå det aktuelle området henta inn i dokumentet. I etterkant vart rapporten møtt med noko kritikk, blant anna mot at det ikkje vart sett av meir enn ein dag til å synfare naturmangfold i heile tiltaksområdet.<sup>150</sup>

Dokumentet er 52-sider langt, og er utforma slik at det etter innleiinga vert gjort greie for *tiltaket, metode og datagrunnlag*, før ein kjem til sjølve utgreiinga, som er inndelt i 8 individuelle rapportar. Desse rapportane er *landskap, kulturmiljø, friluftsliv og ferdsel, naturmangfold, støy, skyggekast, reindrift og nærings- og samfunnsinteresser*. Vidare vil eg undersøkje korleis dokumentsaka vert modifisert i rapporten og kva som i dokumentet er tilført spesielt høg eller låg verdi i utgreiinga. Til slutt vil eg undersøkje kva rapporten skriv om reindrifta, i det reindrifta vert skrive inn i dokumentsaka.

---

<sup>147</sup> Helland og Nilsen. «Øyfjellet vindpark.»

<sup>148</sup> Norconsult. Øyfjellet Vindkraftverk: *Oppsummering av konsekvensutredning*. Morten Selnes. 12.05.2013. 22.

<sup>149</sup> Norconsult. *Konsekvensutredning*, 23.

<sup>150</sup> Forland og Lysvold. «Deltok i utredningen av Øyfjellet: – Aldri sett et så slett arbeid.» NRK. 3.6.2020 [https://www.nrk.no/nordland/deltok-i-utredningen-av-oyfjellet\\_-\\_-aldri-sett-et-sa-slett-arbeid-1.15023558](https://www.nrk.no/nordland/deltok-i-utredningen-av-oyfjellet_-_-aldri-sett-et-sa-slett-arbeid-1.15023558)

## Dokumentsaka vert modifisert

Sjølve tiltaket, Øyfjellet Vindkraftverk, vert i rapporten modifisert på fleire områder, samanlikna med tiltaket, som vart presentert i den første meldinga frå 2011. For det første står det at tiltaksområdet omfattar 550 daa, mot eit område som var oppført til over 60 000 daa i meldinga frå 2011. Men ved å samanlikne karta for tiltaksområdet frå 2011 og 2013, ser vi at områda for det planlagde vindkraftverket er relativt like.<sup>151</sup> Området er likevel justert ned noko i storleik, og det er grunn til å tru at det her er snakk om ein skrivefeil, og at tiltaksområde er justert ned frå 60 km<sup>2</sup> til 55 km<sup>2</sup>.

Den estimerte effekten er justert ned drastisk, frå at vindkraftverket var rekna å ha eit potensiale opptil 10000 MW i den første meldinga, til at den i dette dokumentet er rekna til eit maksimum på 330 MW. Dette kan og sjåast i samanheng med reduksjon i talet på vindmøller. Frå det røffe anslaget på rundt 200 vindmøller i meldinga frå 2011, vert det i denne rapporten gjeve to alternativ for talet på vindmøller og tilhøyrande plassering i området. Alternativ 1 inneber 109 vindmøller av typen Vestas, med ei total høgde på 150 meter og alternativ 2 inneber 84 stykk av typen Siemens SWT 120, med ei total høgde på 200 meter.<sup>152</sup> Det vert samstundes argumentert for at det ikkje vil vere føremålstenleg å låse seg til ein av vindturbin-typane, då det kan kome andre og betre vindmøller på marknaden innan konsesjonsprosessen er ferdig.<sup>153</sup> I konsekvensutgreiinga er det teke utgangspunkt i alternativ 1(maksimal høgd 150 meter), medan alternativ 2(200-meter) er vurdert som eit «*worst-case scenario*».<sup>154</sup>

---

<sup>151</sup> Norconsult. *Oppsummering av konsekvensutredning*, 10. og Øyfjellet Vindpark AS (SUS). *Øyfjellet Vindpark – melding*, 8.

<sup>152</sup> Norconsult. *Oppsummering av konsekvensutredning*, 11-13.

<sup>153</sup> Norconsult. *Oppsummering av konsekvensutredning*, 10.

<sup>154</sup> Norconsult. *Oppsummering av konsekvensutredning*, 26.



Utgreiingsrapporten inneheld ein rekke kart og illustrasjonar. Dette kartet(s.10) illustrerer tiltaksområdet.<sup>155</sup>

## Verdisetting

Om vi undersøkjer staden i dokumentet som inneheld dei individuelle rapportane finn vi at dei ulike tema først får tildelt ein verdi i seg sjølv, før det vert målt omfang og konsekvens av vindkraftutbygging i både anleggs- og driftsfasen. I tillegg vert det i fleire tilfelle føreslått avbøtande tiltak. Om vi nytter rapporten om *landskap* som døme, så vert sjølve tiltaksområdet vurdert til den lågaste verdien, verdi C(representative/vanlege førekomstar av landskap.) Derimot vert det nærliggande området Lomsdal-Visten nasjonalpark vurderdert å ha verdi A(Landskap med stor regional eller nasjonal tyding og identitetsverdi), og Mosjøen by vurdert til verdi B(Landskap av stor regional verdi.) Vindkraftverket si konsekvens på *landskap* vert vurdert til liten/middels negativ for alternativ 1 og middels negativ for alternativ 2. Dette er grunngjeve med at storleiken på vindturbinane i alternativ 2, vil gjere vindkraftverket synleg i heile Mosjøen inkludert Sjögata, som er vurdert til å ha høgast verdi som kulturminne i området.

---

<sup>155</sup> Norconsult. *Oppsummering av konsekvensutredning*, 10.

Anleggsfasen vert ikkje vurdert å ville påverke landskapet, då den berre medfører midlertidige konsekvensar.<sup>156</sup> Den same konklusjonen vert fatta i rapporten om *kulturmiljø*.<sup>157</sup>

Vidare vil eg kort gjere greie for kva konsekvens vindkraftverket vert vurdert å ha på dei resterande tema i dokumentet. Dei tema Norconsult vurderer at vindkraftverket vil ha minst negative konsekvensar for er *naturmangfald* og *friluftsliv og ferdsel*. For *naturmangfald* vert både anleggsfasen og driftsfasen av vindkraftverket vurdert å ha *liten negativ konsekvens*, dersom ein utelet nokre små delar av planområdet som er vurdert til høg verdi. For *friluftsliv og ferdsel* vert vindkraftverket vurdert å ville ha *liten/middels negativ konsekvens* i anleggsfasen og *ubetydelig/liten negativ konsekvens* i driftsfasen. *Reindrifta*, som ikkje var nemnd i det første dokumentet, er faktisk det tema som her vert vurdert til å få størst negative konsekvensar av Øyfjellet vindkraftverk. Vindkraftverket vert vurdert til å ha *stor til middels negativ konsekvens* i anleggsfasen og *middels konsekvens* i driftsfasen. Men med avbøtande tiltak vert konsekvensane vurdert ned til *middels-* og *liten-middels negativ konsekvens*. Støy vert vurdert å ikkje ville påverke busetnadar og liggje utafor nasjonalparken Lomstal-Visten si støysone og *skyggekast* vert vurdert å ville skje i liten grad. Heilt til slutt vert det vurdert at vindkraftverket vil ha *stor positiv konsekvens* for *nærings- og samfunnsinteresser*, særleg i forhold til verdiskaping, reiseliv og turisme.<sup>158</sup>

## Reindrifta vert skrive inn i dokumentsaka

I den første meldinga om vindkraftplanane vart reindrifta utelatt og tiltaksområdet hevda å vere eit ikkje-bruks område. I rapporten vert dette modifisert, gjennom at Norconsult konstaterte at det har vore reindrift i området sidan tidleg på 1600-talet.<sup>159</sup> Vidare vert verdien området har for Jillen-Njaarke reinbeitedistrikt vurdert til *låg verdi* for sjølve tiltaksområde og *middels verdi* for område rundt. Rapporten legg vekt på at to driftsgrupper(siidaer) som tidlegare heldt til i tiltaksområdet er nedlagt, og at dei tre driftsgruppene i Jillen-Njaarke reinbeitedistrikt som er aktive har tyngepunktet sitt aust for Vefsna. Dersom reindrifta vert teke opp att i dei andre siidaene, som det står at det er vist interesse for, så står det i rapporten at verdien av området vil endrast til *middels/stor* for reindrifta.<sup>160</sup>

---

<sup>156</sup> Norconsult. *Oppsummering av konsekvensutredning*, 24-27.

<sup>157</sup> Norconsult. *Oppsummering av konsekvensutredning*, 32.

<sup>158</sup> Norconsult. *Oppsummering av konsekvensutredning*, 35-51.

<sup>159</sup> Norconsult. *Oppsummering av konsekvensutredning*, 46.

<sup>160</sup> Norconsult. *Oppsummering av konsekvensutredning*, 46.

Som nemnt tidlegare, vert rekna konsekvens for anleggs- og driftsfasen drastisk redusert med forslag til avbøtande tiltak. Tiltaka som vert foreslått her er blant anna ei utarbeida avtale mellom reinbeitedistrikt og tiltakshavar, stans i anleggsarbeidet i flytteperioden og bistand til frakt av reinsdyr.<sup>161</sup> Men på denne staden i dokumentet er Norconsult sjølvmotseiande, ettersom det og vert konstantert at «Det er vanskelig å se hvordan de foreslårne tiltakene kan forbedre reindriftens driftssituasjon.»<sup>162</sup> Her kan ein stille spørsmål om kvifor dei avbøtande tiltaka førte til ein kraftig reduksjon av konsekvensgraden, dersom Norconsult samla vurderte at det er vanskeleg å sjå for seg at tiltaka vil hjelpe situasjonen for reindrifta.

Til slutt i rapporten finn vi eit interessant avsnitt; «reinbeitedistrikts holdning til Øyfjellet Vindkraftverk». Her vert det hevda at det ut frå samtalar med og presseoppdrag frå reinbeitedistriktet, verkar som at dei kan akseptere og er positive til Øyfjellet vindkraftverk. Eit lite utsnitt frå eit intervju med Torstein Appfjell i lokalavisa vert flytta inn i dokumentet, og her står det at «Han (Torstein Appfjell) sier at reindriftssamene ønsker å vere tilpasningsdyktige til utvikling. Han er difor positiv til ideen om vindmøller på Øyfjellet. Han mener at dette alternativet vil ha færre negative konsekvenser for reindriften.»<sup>163</sup> Viktig kontekst her, som ikkje er inkludert i dette dokumentet, er kva det andre alternativet Appfjell snakkar om er. Det var fleire vindkraftprosjekt som søkte til NVE om konsesjon i Vefsn Kommune og eit av dei, Mosjøen vindkraftverk, var planlagt på Reinfjellet. I det same intervjuet som Norconsult har henta sitt sitat frå, så hevdar Appfjell at ein vindmøllepark på Reinfjellet vil tyda slutten på reindrifta i området.<sup>164</sup> Ein kan difor tolke utsagnene frå Appfjell om Øyfjellet, som at han såg Øyfjellet vindkraftverk som det beste alternativet av to vonde.

### Trinn 3: vindkraftselskapet søker konsesjon

Etter konsekvensutgreiinga til Norconsult var ferdig, starta Eolus Wind Norge AS arbeidet med å skrive fram ein fullstendig konsesjonssøknad for Øyfjellet Vindkraftverk. Konsesjonssøknaden er den neste rørsla i saka om Øyfjellet vindkraftverk. Den 6. januar 2014 sendte Eolus inn søknad om konsesjon til utbygging og drift av vindkraftverket i høve til energilova, til NVE. Søknaden innebar også søknad om ekspropriasjonsløyve og

---

<sup>161</sup> Norconsult. *Oppsummering av konsekvensutredning*, 46- 48.

<sup>162</sup> Norconsult. *Oppsummering av konsekvensutredning*, 47.

<sup>163</sup> Norconsult. *Oppsummering av konsekvensutredning*, 48.

<sup>164</sup> Jon S. Linga. «Vil sloss mot vindmøller.» *Helgelendingen*. Januar 2012. <https://www.helg.no/lokale-nyheter/vil-sloss-mot-vindmoller/s/1-63-5896906>

førehandsstilreiing etter oreigningslova, som tydar at eigarar i området må gi frå seg eigendomsrett og at utbygginga kan starte før erstatninga av egedommane er klargjort.<sup>165</sup> Konsesjonssøknaden er ein stad der Eolus formulerer ein rekke argument for Øyfjellet vindkraftverk, i håp om at NVE skal gi konsesjon til vindkraftprosjektet. På denne måten er dokumentet eit marknadsverktøy, der målet er å leggje fram dokumentsaka på ein måte som vil overtyde NVE om at vindkraftverket bør få grønt lys.

Dokumentet består av 81 sider og er inndelt i fem delar; *innleiing, konsesjonssøknad, beskrivelse av tiltaket, Økonomi og konsekvenser av tiltaket for miljø og samfunn*.<sup>166</sup> Store delar av innhaldet stammar frå konsekvensutgreiingsrapporten til Norconsult, som her er flytta inn i dokumentet. Sjølve tiltaket, Øyfjellet vindkraftverk, er i si heilheit det same som vart lagd fram i utgreiingsrapporten, og delen om konsekvensar for miljø og samfunn, er stort sett den same, berre med nokre mindre justeringar. Vidare vil eg undersøkje dokumentet i lys av kva argument Eolus vektlegg i sitt freistnad på å overtyde NVE om å gi konsesjon til vindkraftprosjektet. Til slutt vil eg undersøkje representasjonen av reindrifta i dokumentet.

### Argument for Øyfjellet Windkraft i dokumentet

I dokumentet argumenterer Eolus for at plasseringa av Øyfjellet vindkraftverket er ypparleg. I innleiinga vert det fleire gonger peika på at initiativet til vindkraftverket stammar frå dei lokale interessenstakarane som oppretta Øyfjellet Windpark AS i 2011.<sup>167</sup> Det lokale initiativet vert og trekt fram som ein av fire grunnar, for kvifor Eolus valde å satse på Øyfjellet vindkraftverk. Dei andre grunnane er: nærleik til store kraftforbrukarar, nærleik til hensiktsmessig infrastruktur og gode vindressursar. På same måte som i den første meldinga, vert det argumentert for at aluminiumsverket i byen kan få direkte forsyning av kraft frå vindkraftverket. Det vert og hevda at byen har mykje relevant industri og fagkompetanse, som kan nyttast i utbygginga av eit vindkraftverk.<sup>168</sup>

Vidare i innleiinga står det at Eolus Wind Norge AS har som føremål å utvikle og drive vindkraftprosjekter som verkar gode for miljø og økonomi. Det vert vist til EU sine mål for

---

<sup>165</sup> Lovdata. Lov om oreigning av fast eide dom [oreigningslova] <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1959-10-23-3>

<sup>166</sup> Eolus Wind Norge AS. *Konsesjonssøknad: Øyfjellet Windkraftverk, Vefsn Kommune, Nordland fylke*. Hässelholm: Eolus Wind AB, 06.01.2014. 1-6.

<sup>167</sup> Eolus Wind Norge AS. *Konsesjonssøknad*, 6.

<sup>168</sup> Eolus Wind Norge AS. *Konsesjonssøknad*, 7-8.

framtidig energiproduksjon frå 2007, dei såkalla «20-20-20 måla». Desse måla inneber ein 20% reduksjon av klimagassar basert på 1990-nivå, 20% energieffektivisering og at 20% av all elektrisitetsproduksjon skal vere fornybar energi. Med dette som bakgrunn, argumenterer Eolus i dokumentet for at Øyfjellet vindkraftverk vil vere eit viktig klimatiltak, som kan bidra til at Noreg når sin del av fornybarmåla. Det vert og argumentert for at EU-måla vil bidra til at førespurnaden etter fornybarkraft, i naboland og andre EU-land, vil gå kraftig opp i åra som kjem.<sup>169</sup> Her vert EUs klimamål og brukt som argument for at vindkraftverket vil vere økonomisk gunstig.

Vidare, står det om Øyfjellet vindkraft i forhold til elsertifikatsmarknaden. I eit møte på Stortinget frå juni, 2013, uttalte dåverande nestleiar i energi- og miljøkomiteen, Nikolai Astrup, at «De grønne sertifikatene er på mange måter en hjertestarter – (...) – som forhåpentligvis vil gjøre at denne næringen på sikt vil kunne stå på egne ben og at det vil vere en verdiskaping å fordele.»<sup>170</sup> Men på tidspunktet søknaden vart innsendt hadde dei fleste av investeringane i vindkraft gått til Sverige. I søknaden vert det vist til at Nikolai Astrup på NORWEAs vindkonferanse i november 2013, uttalte at det frå norske myndigheter si side er planlagt ein gjennomgang av den norske elsertifikatsordninga, med fokus på å få like rammevilkår som Sverige og med mål om å prioritere lønnsame prosjekt i Noreg. Til dette argumenterer Eolus at dersom det vert utabeida like rammevilkår i Noreg som i Sverige, så vil Øyfjellet vindkraftverk stille sterkt, på grunn av sin storleik, gode vindforhold og sentrale plassering med nærleik til energikrevjande bedrifter.<sup>171</sup>

I tillegg til argumentet om at vindkraftverket vil vere eit viktig bidrag til å nå nasjonale klimamål, så argumenterer Eolus òg for at vindkraftverket vil bidra til at Vefsn Kommune når sine klimamål. Det vert vist til «kommuneplanens samfunnsdel 2009-2019», der klima er eit gjennomgående tema. I kommuneplanen som her er henta inn i dokumentstaden, står det at Vefsn Kommune skal vere ein pådrivar til at både private, kommunale og næringsdrivande i Vefsn i aukande grad tek i bruk klimavenlege energikjelder og bidrar til eit utslipsskutt på 10% frå basis i 2007.<sup>172</sup>

---

<sup>169</sup> Eolus Wind Norge AS. *Konsesjonssøknad*, 8-10.

<sup>170</sup> Stortinget. «Møte onsdag den 19. juni 2013.» 19.06.2013. <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Referater/Stortinget/2012-2013/130619/5/>

<sup>171</sup> Eolus Wind Norge AS. *Konsesjonssøknad*, 10-11.

<sup>172</sup> Eolus Wind Norge AS. *Konsesjonssøknad*, 16.

Vi finn altså at klima- og miljø er brukt gjennomgåande i teksten som argument for vindkraftverket. Ved å både vise til EU sine 20-20-20 mål og Vefsn Kommune sitt mål om 10% utslippskutt, hevdar Eolus at Øyfjellet vindkraftverk vil bidra til å nå nasjonale og lokale klimamål. Klimadiskursen som kjem til uttrykk i teksten har ein klar samanheng mellom klimatiltak og økonomisk vinning i den private marknaden, og kan plasserast inn i Nisbet sin diskursive kategori: *dei smarte vekstoperatørane*. *Dei smarte vekstoperatørane*, ser i motsetning til *dei økologiske aktivistane* ikkje motsetningar mellom klimatiltak og økonomisk vekst.<sup>173</sup>

Eit anna argument som står sentralt i teksten er korleis vindkraftverket vil kunne bidra til økonomisk vekst lokalt, regionalt og nasjonalt. I delen om økonomi, går Eolus spesifikt inn på økonomien i prosjektet og det dei ser som økonomiske ringverknadar av prosjektet. Det vert lagt fram eit anslag på investeringskostnadene til 32,6 milliard kronar, og anslag på driftskostnadene til mellom 106- og 120,5 million per år.<sup>174</sup> Eolus argumenterer for at ringverknadane for lokalt og regionalt næringsliv i anleggsfasen kan utgjere 25% av anleggskostnadene. Selskapet hevdar at regionalt og lokalt- entreprenørskap, industri og selskap, vil kunne leve og utføre fleire tenester i anleggsfasen.<sup>175</sup> Ringverknadane i driftsfasen er derimot meir forsiktig trekt fram, då vedlikehald av sjølve vindturbinane må utførast av ekspertar, som ikkje finst lokalt eller regionalt.<sup>176</sup> Eolus argumenterer vidare for at vindkraftverket vil føre til utviding av eksisterande- og etableringar av nye verksemder lokalt. I tillegg argumenterer Eolus for at vindkraftverket vil bidra til samfunnsøkonomien, gjennom auka energiproduksjon i Noreg og årlig betaling av eigedomsskatt på mellom 15-25 million kroner til Vefsn kommune.

Det vert òg hevda at vindkraftprosjektet vil generere samfunnsengasjement og at område rundt vil få betre infrastruktur som følgje av nye vegar.<sup>177</sup> Det vert til og med argumentert for at vegane opp til vindkraftverket i fjellområdet vil bidra til positiv samfunnsverdi «ved at det åpner adkomst til et område som pr i dag er vanskelig tilgjengelig.»<sup>178</sup>

---

<sup>173</sup> Nisbet. «disruptive ideas», 815-817.

<sup>174</sup> Eolus Wind Norge AS. *Konsesjonssøknad*, 44-45.

<sup>175</sup> Eolus Wind Norge AS. *Konsesjonssøknad*, 46.

<sup>176</sup> Eolus Wind Norge AS. *Konsesjonssøknad*, 47.

<sup>177</sup> Eolus Wind Norge AS. *Konsesjonssøknad*, 48-50.

<sup>178</sup> Eolus Wind Norge AS. *Konsesjonssøknad*, 50.

## Kva fortel dokumentet om reindrifta?

Ved å nærlese det som står under underskrifta, «Konsekvenser av tiltaket for miljø og samfunn: Reindrift» i dokumentet, finn vi nokre mindre endringar frå utgreiingsrapporten som det er verd å merke seg. For det første er det lagt til ein del om effektane vindkraft har på reindrift. Her vert det hevda at effektane er usikre, men at det foreløpig ikkje er nokon som har slutta med reindrift eller fått store konsekvensar for drifta som følgje av vindkraft i Norge eller Skandinavia. Viktig kontekst, er at det på tidspunktet søknaden vart innsendt enno ikkje var utbygd vindkraftverk i reindriftsområder som kunne samanliknast med storleiken på Øyfjellet vindkraftverk. Effekten av store vindkraftprosjekt var difor uvisse, noko som og kjem fram i slutten av avsnittet der Eolus stadfestar at «en vet likevel for lite.»<sup>179</sup>

Ei anna endring som er verdt å merke seg, er at det som sto i konsekvensutgreiinga frå Norconsult om at dersom reindrifta i vestre siida-andel vert starta oppatt, så vil verdien av tiltaksområdet auke, ikkje er teke med i dette dokumentet. At det er vist interesse for å opppta drifta i tiltaksområdet vert derimot nemnt kort i delen med; «Reinbeitedistrikts holdning til Øyfjellet Vindkraftverk», saman med utklippet frå lokalavisa og påstanden om at reinbeitedistriktet er positive til vindkraftverket.

## Reaksjonar på konsesjonssøknaden

Konsesjonssøknaden for Øyfjellet vindkraftverk, vart offentleggjort 4. februar 2014 og vart etterfølgd av ein høyringsperiode på nesten to månader. I høyringsperioden arrangerte NVE eit informasjonsmøte og to konsultasjonsmøter; eit med Jillen Njaarke og eit med Sametinget. NVE fekk til saman innsendt 24 høyringsbrev og 2 innvendingar til konsesjonssøknaden.<sup>180</sup> Her bør det nemnast at Jillen-Njaarke ikkje sendte inn høyringsbrev, men at dei i konsultasjonsmøte med NVE kom fram at reinbeitedistriktet var mot vindkraftprosjektet.<sup>181</sup> Det avkreftar påstanden i konsekvensutgreiingsrapporten og konsesjonssøknaden om at reinbeitedistriktet er positive til prosjektet.

Eg vil vidare undersøkje fire av dei innkomne høyringsdokumenta som er produsert av ulike aktørar: Sametinget, fylkesmannen i Nordland, Miljødirektoratet, Forum for Natur og Friluftsliv Nordland og Miljøvernforbundet. Dokumenta er stadar der aktørane fremjar sine

---

<sup>179</sup> Eolus Wind Norge AS. *Konsesjonssøknad*, 74.

<sup>180</sup> NVE (2014) *Øyfjellet: Bakgrunn for vedtak*, 10.

<sup>181</sup> NVE (2014) *Øyfjellet: Bakgrunn for vedtak*, 9.

synspunkt på konsesjonssøknaden og kjem med opplysningar til saka dei meiner manglar. Kriteria for dei utvalte høyringsutsegna er at dei inneheld viktige modifikasjoner av dokumentsaka og/eller argument mot vindkraftverket. Høyringane som var utelukkande positive til vindkraftverket, inneheldt i liten grad argument som ikkje allereie er nemnd, og er difor ikkje teke med her. Eg kjem ikkje til å presentere kvart enkelte dokument, men vil gå rett til å undersøkje dokumenta i lys av korleis dei modifiserer saka og kva argument dei inneheld. Til slutt vil eg undersøkje nokre av dei andre høyringsutsegna.

## Sametinget

Sametinget argumenterer i sitt høyringsbrev for at vindkraftverket vil kunne få store konsekvensar for samiske interesser. Sametinget fremjar innvending mot konsesjonssøknaden i medhald av energilova og plan- og bygningslova, grunngjeve med kraftverkets store omfang og at kraftverket ikkje er vorte konsekvensutgreia i samanheng med andre kraftplanar i området. Sametinget hevdar at det samla arealpresset kan verte vesentleg.<sup>182</sup> I tillegg argumenterer Sametinget for at området har eit stort potensiale for funn av samiske kulturminner. Sametinget peiker på at undersøkingsplikta i medhald av kulturminnelova ikkje er oppfylt, og argumenterer for at dette bør skje før ein gjer eit konsesjonsvedtak i saka.<sup>183</sup>

## Fylkesmannen i Nordland

Fylkesmannen i Nordland fremjar i sitt høyringsbrev òg innvending mot Øyfjellet vindkraftverk. Fylkesmannen si innvending er grunngjeve med dei negative verknadane vindkraftverket vil ha for reindrifta, som fylkesmannen argumenterer for at i verste tilfelle kan føre til opphør av reindrifta i området.<sup>184</sup> I brevet står det at «Øyfjellet Vindkraftverk vil beslaglegge og forringje viktige særverdiområder for reindriften.»<sup>185</sup> I følgje Fylkesmannen vil vindkraftverket gå utover flytteleiier som er lovbeskytta etter reindriftslova §22, og dersom desse flytteleiene vert stengde, vil det vidare gå utover tilgang til vinterbeite, som er ein minimumsfaktor for reindrifta. I tillegg viser fylkesmannen til at vindkraftverket vil påverke tideleg vårbeite og kalvingsområde, som er særmerka verdiområder for reindrifta ettersom

<sup>182</sup> Sametinget. *Uttalelse til høring. Konsesjonssøknad med konsekvensutredning: i Øyfjellet vindkraftverk i Vefsn kommune, med nettilknytning.* 11.04.2014. 1.

<sup>183</sup> Sametinget. *Uttalelse til høring,* 2.

<sup>184</sup> Fylkesmannen i Nordland. *Fylkesmannens uttalelse med innsigelse – Vindkraftanlegg -Øyfjellet vindkraftverk -Eolus Wind Norge AS – Vefsn.* 24.04.2014. 12.

<sup>185</sup> Fylkesmannen. *Uttalelse med innsigelse,* 1.

reinen i denne perioden er ekstra sårbar. Fylkesmannen etterspør òg ei ny utgreiing som tek føre seg den samla belastinga av alle arealinngrep i reinbeitedistriktet.<sup>186</sup>

Fylkesmannen er kritisk til tiltakshavars forslag til avbøtande tiltak for reindrifta. Han hevdar først at omlegging av flyttelei ikkje kan hevdas å vere eit avbøtande tiltak, då alternative flytteleier ikkje er utgreia. I forhold til tiltaket om bistand til frakt av dyr, så hevdar Fylkesmannen at ein slik frakt vil innebere transport med båt og bil, noko som vil vere svært tungvindt og dessutan ein stor påkjenning for reinen. Fylkesmannen stiller spørsmål om dei avbøtande tiltaka som er føreslått, vil bidra til å gjere den tradisjonelle samiske reindrifta vanskeleg å utøve.<sup>187</sup> Han hevdar at dei føreslalte tiltaka vil føre til at den tradisjonelle flyttinga nærmast forsvinn og at reindrifta vert avhengig av økonomisk støtte frå utbyggjar, noko som igjen vil svekkje reindriftas økonomiske, økologiske og kulturelle bærekraft.<sup>188</sup> Argumentet om reindriftas økologiske bærekraft, kan passe inn i den diskursive kategorien med *dei økologiske aktivistane*. Den tradisjonelle reindrifta vert driven i takt med naturens toleevne, så om reindrifta vert tvungen til å drive på mindre berekraftig vis, hevdar Fylkesmannen at dette bryt med den tradisjonelle reindrifta.

I høyringsdokumentet inkluderer Fylkesmannen følgjande utklipp frå reindriftslovas formålsparagraf (§ 1): «Loven skal bidra til sikring av reindriftsarealene i det samiske reinbeiteområdet som reindriftens viktigste ressursgrunnlag. Ansvaret for sikring av arealene påhviler både innehavere av reindriftsretten, øvrige rettighetshavere og myndighetene.»<sup>189</sup> Vidare viser fylkesmannen til forskrifter og lovverk, blant anna Plan- og bygningslova § 5-4 som seier at statleg eller regionalt organ kan fremje innvending til areal-saker som er av nasjonal eller regional verdi. Fylkesmannen viser vidare til at reindrifta er av regional og nasjonal interesse og at dette er bakgrunnen for at han fremjar innvending mot Øyfjellet vindkraftverk.<sup>190</sup>

---



<sup>186</sup> Fylkesmannen. *Uttalelse med innsigelse*, 7-8.

<sup>187</sup> Fylkesmannen. *Uttalelse med innsigelse*, 5.

<sup>188</sup> Fylkesmannen. *Uttalelse med innsigelse*, 5-6.

<sup>189</sup> Fylkesmannen. *Uttalelse med innsigelse*, 6.

<sup>190</sup> Fylkesmannen. *Uttalelse med innsigelse*, 6-7.



Fylkesmannen har inkludert kart i høyringsdokumentet, desse karta frå s. 3 illustrerer Vestre siida(til venstre) og flytt- og trekkleier i tiltaksområdet(til høgre). Karta viser at Øyfjellet vindkraftverk inngår i reindriftsområde.

I tillegg til å føre seg dei negative følgjene vindkraftverket vil ha for reindrifta, så inneheld høyringsdokumentet til fylkesmannen «miljøfaglege merknadar». Her vert det hevdat vindkraftverket vil kunne påverke sterkt trua naturtypar, hekkelokaliteter for fugl og føre til kollisjonsfare for rovfugl og andre fugletypar. Reduksjonen av inngrepstilfelle naturområdar i Noreg(INON) er òg nemnd som ein vesentleg negativ konsekvens. INON vart innført av Direktoratet for naturforvaltning i 1995, og handlar om område som ligg 1 km eller meir frå tyngre tekniske inngrep.<sup>191</sup> Fylkesmannen vurderer konsekvensgraden av naturmangfold til *middels* til *middels/liten*, medan konsekvensgraden for temaet INON, som i rapporten til Norconsult var handsama under naturmangfold, vurderer fylkesmannen til *middels- middels stor*. I forhold til tema friluft meiner fylkesmannen at temaet i konsekvensutgreiinga vart undervurdert i høve til dei reelle konsekvensane vindkraftverket vil føre til.<sup>192</sup>

<sup>191</sup> Johannessen, S. *Inngrepstilfelle naturområdar i Norge (INON)*. Masteroppgåve. Universitetet i Stavanger. 2017.

<https://uis.brage.unit.no/uis-xmlui/handle/11250/2447442>

<sup>192</sup> Fylkesmannen. *Uttalelse med innsigelse*, 8-11.

## Statens reindriftsforvaltning

Statens reindriftsforvaltning(SRF) var ein statleg etat med ansvar for forvaltning, rettleiing og forsking innafor fagområdet reindrift, i juni 2014 vart SRF slått saman med Statens landbruksforvaltning til Landbruksdirektoratet.<sup>193</sup> I eit brev frå 25. april 2014, sendte SRF inn ei tematisk konfliktvurdering av tema reindrift for Øyfjellet vindkraftverk. Her vert det opplyst om at drifta i vestre sidaa no er starta opp at, og at tiltaksområde er planlagt i vårbeite 1 og 2 i reinbeitedistriktet.<sup>194</sup> SRF peiker stort sett på dei same konsekvensane med vindkraftverket for reindrifta, som fylkesmannen. SRF konstatera at dersom vindkraftverket byggjast i planlagd storleik, så vil flytteleiane verte stengd, området ikkje lengre kunne nyttast som kalvings- og pregnigns-område og sannsynlegvis vil heller ikkje området kunne nyttast som vårbeite.<sup>195</sup>

SRF trekk og fram at vindkraftverket vil kunne få indirekte konsekvensar, ettersom fråfall av beite vil føre til eit større beitetrykk i andre beitesoner. Det vert og argumentert for at topografien saman med varierande vær frå år til år, fører til at eit område kan verte nytta ulikt frå år til år. Difor argumenterer SRF for at reindrifta er avhengig av å ha alle typar areal og årsbeiter tilgjengeleg i distriktet.<sup>196</sup> Det einaste direkte avbøtande tiltaket vil i følgje SRF vere å redusere talet på vindmøller og redusere tiltaksområdet.<sup>197</sup> Til slutt konkluderer SRF med at Øyfjellet Vindkraftverk får karakter D (stor konflikt), og at dersom fleire planlagde vindkraftverk i området byggjast vil dette samla føre til karakter E (svært stor konflikt).<sup>198</sup>

## Miljødirektoratet

Miljødirektoratet er eit statleg forvaltningsorgan underlagt Klima- og Miljødepartementet som vart oppretta etter samanslåinga av Direktoratet for naturforvaltning og Klima- og forureiningsdirektoratet 1. juli 2013.<sup>199</sup> I høyringsdokumentet til Miljødirektoratet vert det ikkje argumentert direkte mot Øyfjellet vindkraftverk. Derimot kjem direktoratet med kritikk av konsekvensvurderinga av vindkraftverket, som igjen fører til modifikasjonar av dokumentsaka. For både tema *Landskap* og tema *Friluftsliv* hevdar direktoratet at

<sup>193</sup> Forvaltningsdatabasen. «Statens reindriftsforvaltning».

<https://forvaltningsdatabasen.sikt.no/data/enhet/19685/endringshistorie>

<sup>194</sup> Statens reindriftsforvaltning. *Tematisk konfliktvurdering reindrift*. Alta, 25.04.2015. 2.

<sup>195</sup> Statens reindriftsforvaltning. *Konfliktvurdering reindrift*, 3-4.

<sup>196</sup> Statens reindriftsforvaltning. *Konfliktvurdering reindrift*, 3.

<sup>197</sup> Statens reindriftsforvaltning. *Konfliktvurdering reindrift*, 4.

<sup>198</sup> Statens reindriftsforvaltning. *Konfliktvurdering reindrift*, 4.

<sup>199</sup> Miljødirektoratet. «Om oss» <https://www.miljodirektoratet.no/om-oss/>

konsekvensane av vindkraftverket vart vurdert urimeleg positive i søknaden, og at dei negative konsekvensane i realiteten er mykje større. Om temaet *Naturmangfald* peiker direktoratet på at det i området Storkvanndalen er registrert myrlokalitetar og moglegvis utvalde naturtypar. Det vert òg argumentert for at konsekvensutgreiinga ikkje i tilstrekkeleg grad løfter fram konsekvensane av at vindkraftverket fører til ein stor INON-reduksjon.<sup>200</sup> Direktoratet skriv at vindkraftverket er planlagt inn i eit område som utgjer eit stort samanhengande INON-område i forlenging av nasjonalparken Lomsdalen-Visten.<sup>201</sup>

På bakgrunn av dette kjem direktoratet med nokre anbefalingar til vindkraftplanane; at den sørlege grensa mot Lomsdalen-Visten nasjonalpark vert flytta nordover, at det vert utført ei ny utgreiing av naturtypar langs framkomstvegen gjennom Storkvandalen og at det ikkje vert bygd veg langs Hundålvatnet.<sup>202</sup>

I etterkant av dette høyringsdokumentet kom Miljødirektoratet i eit brev frå 25.08.2014 med ei tematisk konfliktvurdering, der vindkraftprosjektet vart plassert i konfliktkategori D (stor konflikt).<sup>203</sup>

## Forum for Natur og Friluft Nordland

Forum for natur og friluft Nordland(FNF Nordland) sendte inn sitt høyringsbrev til NVE etter fristen, den 13. mai, 2014. I brevet ber FNF Nordland om at deira høyringsutsegn skal takast med til trass i at brevet er sendt inn etter fristen, og opplyser i det same om at det er skrive i samarbeid med Naturvernforbundet i Nordland. Dei stiller seg mot planane om Øyfjellet vindkraftverk, og brevet inneheld fleire mot-argument. Dei argumenterer for at vindkraftverket vil redusere friluft- og naturopplevinga i området betakteleg. Dei påstår at utreiar som hevda at vindkraftverket vil få positive følgjer for friluft, gjennom lettare tilgjengelegheit med ny veg, har ei «misforstått tilnærming og vurdering».<sup>204</sup> I følgje FNF Nordland er friluftsliv nært knytt til naturopplevingar, inngrepsfri natur og stillheit, der dei hevdar at Øyfjellet vindkraftverk vil føre til det motsette. I tillegg til vindkraftverkets negative konsekvensar for friluftsliv, så argumenterer dei for at vindkraftverket vil påverke naturverdiar og føre til press på rovdyr i

<sup>200</sup> Miljødirektoratet. *Øyfjellet vindkraftverk, Vefsn kommune. Høringsuttalelse til konsesjonssøknad.* 11.04.2014.

<sup>201</sup> Miljødirektoratet. *Øyfjellet vindkraftverk høringsuttalelse*, 3.

<sup>202</sup> Miljødirektoratet. *Øyfjellet vindkraftverk høringsuttalelse*, 1.

<sup>203</sup> NVE (2014) *Øyfjellet: Bakgrunn for vedtak*, 54.

<sup>204</sup> Forum for Natur og Friluft Nordland. *Høringsuttalelse Øyfjellet vindkraftverk, Vefsn kommune*. 13.05.2014. 2.

området.<sup>205</sup> Til slutt argumenterer dei for at vindkraft generelt er lite lønnsamt og at vindkraftverket ikkje er naudsynt her ettersom Nordland allereie har eit stort kraftoverskot.<sup>206</sup> I mot-argumenta til FNF Nordland vert det lagt stor vekt på at ein skal unngå store inngrep i urørt natur, og argumenta kan difor passe inn i kategorien med *dei økologiske aktivistane*.

## Noregs Miljøvernforbund

Eg lukkast ikkje å finne det originale høyringsbrevet frå Noregs Miljøforbund(NMF), og har difor nytta NVE si samanfatning av innhaldet. Norges Miljøvernforbund krev i si høyring avslag på konsesjonssøknaden. Ein kan dele argumenta til NMF inn i generelle argument mot all vindkraft og spesielle argument mot vindkraft i Øyfjellet-området. NMF argumenterer for at vindkraft er ulønsamt for samfunnet, har kortare levetid og produserer mindre straum enn forventa og at dei fører til alvorleg og permanent forureining. Når det kjem til argumenta mot Øyfjellet vindkraftverk spesifikt, så argumenterer NMF for at vindkraftverket vil føre til ein stor INON-reduksjon, at det vil påverke rovfugl som havørn og jaktfalk og dessutan dyrearter som jerv, gaupe og bjørn, som skal vere registrert i området. Dessutan argumenterer NMF for at området vil verte om til eit industriområdet med støy og skyggekast, som strider mot visuelle omsyn og som vil påverke reiselivsnæringa negativt.<sup>207</sup> Noregs Miljøvernforbund er svært skeptisk til store teknologiske løysningar på klimakrisa og påverknaden dette har på natur og miljø. Slik kan mot-argumenta til NMF passe inn i den diskursive kategorien med *dei økologiske aktivistane*.

## Andre merknadar til vindkraftprosjektet

Brurskanken turlag og fleire enkeltpersoner argumentera og mot vindkraftverket på grunn av naturinngrep, redusert friluftsoppleving og endra landskapsbilete. Ein mann med namn Willy. M. Jacobsen, uttaler blant anna at «et flott og populært fjellområde vil bli øydelagt for all tid». <sup>208</sup> Privatpersonane Øivinn Hjorthen og Bente Lauvås hevdar dessutan at mange i lokalbefolkinga i Mosjøen ikkje har fått med seg vindkraft-planane.<sup>209</sup>

Samstundes er ikkje alle negative til vindkraftverket, og fleire av høyringsbreva inneheld berre praktiske opplysningar eller uttrykt støtte. Både Vefsn Kommune og Nordland

---

<sup>205</sup> FNF Nordland. *Høringsuttalelse*, 2.

<sup>206</sup> FNF Nordland. *Høringsuttalelse*, 3.

<sup>207</sup> NVE (2014) *Øyfjellet: Bakgrunn for vedtak*, 58.

<sup>208</sup> NVE (2014) *Øyfjellet: Bakgrunn for vedtak*, 59.

<sup>209</sup> NVE (2014) *Øyfjellet: Bakgrunn for vedtak*, 59.

Fylkeskommune tilrår i sine utsegn at vindkraftverket får tildelt konsesjon. Statnett konstaterer at der er eit relativt stort kraftoverskot i området, men at det isolert sett er kapasitet til å ta imot kraftproduksjonen frå vindkraftverket.<sup>210</sup> Dette er interessant, ettersom eit av hovudargumenta for utbygginga av vindkraftverket tidlegare har vore at det kan dekkje eit kraftunderskot og at det kan gi direkte straum til store lokale kraftbrukarar.

## Samandrag og diskusjon

I dette kapitelet har eg følgd saka om Øyfjellet vindkraftverk gjennom dokumenta som inngår i dei første tre trinna av den fastlagte byråkratiske reiseruta, *saksgang for konsesjonsbehandling av vindkraft*. Gjennom heile kapitelet har eg drøfta kjeldene i lys av problemstillinga: Kva argument har vore nytta for og mot Øyfjellet vindkraftverk, og korleis utvikla diskusjonen seg frå han starta i 2011 til 2019?

I trinn 1 såg eg korleis saka om Øyfjellet vindkraftverk vart etablert første gong i 2011 gjennom den første meldinga om vindkraftprosjektet, som vart innsendt av dei lokale initiativtakarane bak Øyfjellet Vindkraft AS. Her vart det presentert eit storskala vindkraftprosjekt i eit stort fjellområde vest for Mosjøen i Vefsn kommune. Det vart hevda at tiltaksområdet for det planlagde vindkraftprosjektet var eit ikkje-bruks område med låg verdi. Reindrifta i området vart ikkje nemnd. Hovudargumentet for etablering av vindkraftverket var at det kan bidra til å dekkje eit stort kraftunderskot i Noreg, og dessutan kunne gi direkte kraft til aluminiumsverket i Mosjøen. Det vart òg argumentert for at vindkraftverket ville løne seg økonomisk på grunn av støtteordningar for fornybar kraft, og at det vil føre til positive ringverknadar for lokalsamfunnet.

I trinn 2 såg eg at konsekvensutgreiinga som vart utført av Norconsult på oppdrag frå Eolus i 2013, modifiserte dokumentsaka Øyfjellet Vindkraft på fleire område. Først og fremst vart sjølve tiltaket kraftig skalert ned. Deretter vart det vurdert at vindkraftverket ville få konsekvensar for både landskap, naturmiljø, friluft og reindrift. Men for alle andre tema enn reindrift, som her vart skrive inn i dokumentsaka, var desse konsekvensane vurdert til å vere av liten skala. Med avbøtande tiltak vart òg konsekvensane av vindkraftverket for reindrifta vurdert ned til *middels negativ* og *liten-middels negativ*.

---

<sup>210</sup> NVE (2014) *Øyfjellet: Bakgrunn for vedtak*, 56.

I 2014 sendte Eolus Wind AS inn konsesjonssøknad til NVE, i medhald av trinn tre i sakshandsamingsprosessen. Her kom det fram nye argument for vindkraftverket, i det Eolus prøvde å overtyde NVE om å gi konsesjon til Øyfjellet vindkraftverk. Eolus argumenterte for at vindkraftverket ville vere eit viktig klimatiltak både nasjonalt og lokalt, og at tiltakshavar sin visjon er å byggje ut grøn energi i Noreg. Eolus argumenterte vidare for at plasseringa av vindkraftverket var god og at vindkraftverket ville føre til positive økonomiske og samfunnsmessige ringverknadar lokalt, regionalt og nasjonalt.

Gjennom å undersøkje høringsutsegna til konsesjonssøknaden fekk eg innblikk i kva aktørane som stilte seg mot vindkraftutbygginga argumenterer med. Fylkesmannen og Sametinget fremja innvending på bakgrunn av vindkraftverkets negative konsekvensar for reindrifta. Fylkesmannen hevda at dei negative konsekvensane var så alvorlege at dei i verste fall kan føre til at reindrifta i området vert borte. FNF Nordland og Noregs Miljøvernforbund, argumenterte for at vindkraftverket vil føre til store inngrep i eit urørt naturområdet med store verdiar for natur, dyreliv og menneske. NMF hevda dessutan at vindkraftverk i seg sjølv både er ulønsamt, lite effektivt og miljøuvennleg.

Diskusjonen som utspelte seg i høringsperioden handla ikkje berre om kor vidt Øyfjellet vindkraftverk var eit godt eller dårlig prosjekt, men og om kva type område vindkraftverket var planlagt i. I høringsrunda prøvde ulike aktørar å modifisere den tidlegare etableringa av området som eit område med låg verdi. Sametinget, fylkesmannen og Statens reindriftsforvaltning fremja området som eit viktig område for samisk reindrift, og Sametinget hevda at området kunne innebere samiske kulturminner. Vidare hevda Fylkesmannen og Miljødirektoratet at området er verdifullt for landskap, friluft og naturmiljø, og at konsekvensane vindkraftverket vil ha for dette, vart sterkt undervurdert i utgreiingsrapporten og konsesjonssøknaden. Interesseorganisasjonar og privatpersonar argumenterte ytterlegare for at området er alt anna enn eit verdilaust og tilgjengeleg område for vindkraft. Samla bidrog desse høyringane til å modifisere dokumentsaka om Øyfjellet Windkraftverk.

I forhold til forskingsspørsmålet om reindrift, skjedde det i perioden ei stor utvikling i korleis reindrifta vart representert og kva verdi den fekk tildelt. Reindrifta gjekk frå å vere eit ikkjetema i saka, til å få rolle som eit av dei viktigaste argumenta mot etablering av Øyfjellet vindkraftverk. I forhold til forskingsspørsmålet om kva som har vorte verdsett i saka, så fant eg at både reindrifta, men og andre tema som friluft, naturmiljø og landskap, fekk auka verdi i

saka utover perioden. I lys av forskingsspørsmålet om ulike klimadiskursar, så fant eg at argument knytt til klima og miljø vart nytta på både sider i diskusjonen. Men medan klima- og miljø argumenta for vindkraftverket passa inn dei diskursive kategoriane, *økomodernistane* og *dei smarte vekstopratorane*, så passa argumenta på mot-sida best inn i den diskursive kategorien med *dei økologiske aktivistane*.

## Kapitel 4: Ordskifte om Øyfjellet vindkraftverk 2014-2016

I dette kapitelet vil eg undersøkje korleis diskusjonen om Øyfjellet vindkraftverk utvikla seg i perioden 2014-2018. Her rører vindkraftsaka seg gjennom dokumenta som inngår i trinn 4, vedtak og trinn 5, klagebehandling. Det første dokumentet eg skal undersøkje er konsesjonsvedtaksdokumentet til NVE frå november 2014, der Eolus fekk konsesjon til utbygging av Øyfjellet Vindkraftverk. Deretter vil eg undersøkje dei to klagene på konsesjonsvedtaket som vart sendt inn av Jillen-Njaarke reinbeitedistrikt og Norges Miljøvernforbund. Før eg undersøkjer dokumentet kor NVE sendte over klagane til Det kongelige Olje og Energidepartementet(OED) i 2015, og til slutt det endelige klagevedtaksdokumentet frå OED i 2016.

### Trinn 4: Konsesjonsvedtaket frå NVE

#### 2014: Øyfjellet vindkraftverk får konsesjon og Mosjøen Vindkraftverk avslag

Den 13 november 2014, gav NVE ut dokumentet «Søknad om konsesjon for Øyfjellet vindkraftverk i Vefsn kommune, Nordland fylke. Bakgrunn for vedtak», konsesjonsmedhald til Eolus Wind Norge AS.<sup>211</sup> Dette var den same dagen som Fred. Olsen Renewable AS, fekk avslag på sin søknad om Mosjøen Vindkraftverk, i Vefsn og Grane kommune. Den viktigaste grunngjevinga for avslaget om Mosjøen Vindkraftverk var ulempene prosjektet ville medføre for reindrifta.<sup>212</sup> I dei to vedtaka stadfestar NVE at vindkraftprosjekta, Øyfjellet- og Mosjøen Vindkraftverk, vart handsama saman og at det vart lagt stor vekt på samverknadane av vindkraftverka.<sup>213</sup> Samanlikninga av dei to vindkraftverka, fekk ei viktig rolle i avgjerda om å gi Øyfjellet vindkraftverk konsesjon.

Vedtaksdokumentet for Øyfjellet Vindkraftverk er 62 sider langt og er skrive med eit formelt og passivt språk. Dokumentet er ein stad der NVE veger opp positive og negative verknadar med vindkraftprosjekt, som seinare vert nytta til å grunngi eit fatta vedtak. I tillegg gjer NVE i dokumentet greie for handsamingsprosessen, og det vert lagt ved ei samanfatning av merknadane som kom inn i høyringsperioden. I vedtaksdokumentet konkluderer NVE med at

---

<sup>211</sup> NVE. Søknad om konsesjon for Øyfjellet vindkraftverk i Vefsn Kommune, Nordland Fylke. Bakgrunn for vedtak. 13.11.2014.

<sup>212</sup> NVE. Fred. Olsen Renewable AS – Mosjøen vindkraftverk i Vefsn og Grane Kommuner – Vedtak om avslag på konsesjon. 13.11.2011.

<sup>213</sup> NVE (2014) Øyfjellet: Bakgrunn for vedtak, 1.

dei samla fordelane med prosjektet er større enn ulempene, og vedtar konsesjon til å bygge og drive Øyfjellet vindkraftverk mot nokre endringar og vilkår. I dokumentet står det at avgjerdsgrunnlaget vedtaket er: søknaden med konsekvensutgreiing, innkomne merknadar og NVE sin fagkunnskap om vindkraft.<sup>214</sup> Her vert altså andre dokument flytta inn i dokumentstaden, både i konkret forstand som vedlegg, men og som kunnskapsbakgrunn for vurderinga. Den lengste delen i dokumentet består av ei tematisk vurdering av vindkraftverkets verknadar, etterfølgd av ei samla vurdering, der dei viktigaste verknadane vert trekt fram. Vidare vil eg undersøkje dokumentet i lys av kva argument NVE la vekt på for- og i mot vindkraftverket. Seinare vil eg undersøkje korleis dokumentsaka er modifisert frå dei førre dokumenta, med eit spesielt fokus på kva som står om reindrifta.

### Argumenter for- og mot vindkraftverket i dokumentet

Det som er trekt fram som dei viktigaste negative verknadane i dokumentet frå NVE er vindkraftverkets verknadar på landskap, inngrepsfrie naturområder(INON), friluft og reindrift. Dette kan vi forstå som mot-argumenter, i NVE sin vurdering for- og i mot utdeling av konsesjon til vindkraft. Eg vil gå gjennom desse mot-argumenta og sjå korleis dei vert vektlagt i den samla vurderinga av vindkraftverket.

Når det kjem til landskap, så vurderer NVE at etablering av vindkraftverket vil føre til at landskapets karakter vil verte endra, som igjen vil påverke landskapsopplevelinga i- og rundt tiltaksområdet.<sup>215</sup> Dei slutter seg til Miljødirektoratets vurdering om at konsekvensgraden for landskap i utgreiingsrapporten vart vurdert for låg.<sup>216</sup> På den eine sida vert konsekvensane for landskapet i dokumentet fremja som ein negativ verknad av vindkraftverket, og fungerer slik som eit mot-argument. På den andre sida vert det hevda at verknadane ikkje er så ille, dersom ein betraktar vindkraftverkets store størrelse. I følge NVE vil vindkraftverkets effekt på 330 MW svare til mange små vindkraftverk, der òg små kraftverk kan ha store konsekvensar for landskapsverdiar. Slik vert argumentet om landskap snudd og nærmast brukt som eit argument for vindkraftverket, då det vert hevdat ein ved å bygge Øyfjellet Vindkraftverk vil sleppe landskapsinngrep andre stader. Det vert og vektlagt at den totale verdien av Øyfjellet- og Mosjøen vindkraftverk ville vore mykje verre.<sup>217</sup> Noko som igjen svekker motargumentets verdi i saka om Øyfjellet Vindkraftverk.

---

<sup>214</sup> NVE (2014) *Øyfjellet: Bakgrunn for vedtak*, 4.

<sup>215</sup> NVE (2014) *Øyfjellet: Bakgrunn for vedtak*, 15-16.

<sup>216</sup> NVE (2014) *Øyfjellet: Bakgrunn for vedtak*, 15.

<sup>217</sup> NVE (2014) *Øyfjellet: Bakgrunn for vedtak*, 15-16.

I tråd med høyringsutsegna, stadfestar NVE at INON-reduksjon er ein negativ verknad av vindkraftutbygginga i det urørte fjellområdet.<sup>218</sup> NVE opplyser om at vindkraftverket vil føre til ein INON-reduksjon på 91,6 km<sup>2</sup>, men hevdar i det same at dette er ein naturleg konsekvens av eit så stort vindkraftverk.<sup>219</sup> Her vert det og trekt fram at Miljødirektoratet gav Øyfjellet vindkraftverk konfliktkategori D for det overordna tema naturmiljø, der nærlieken til Lomsdal-Visten nasjonalpark utgjer størst konflikt.<sup>220</sup> Men ved å undersøkje tal frå 2013, finn vi at berre eit vindkraftverk på dåverande tidspunkt var vorte avslått på grunnlag av naturmiljø, kor 13 hadde var vurdert til E eller E-D.<sup>221</sup> Dette vitnar om at til tross for at INON-reduksjonen er trekt fram som ein negativ verknad i dokumentet, så veier ikkje argumentet tungt ettersom naturmiljø generelt er tildelt låg verdi i vurderingane til NVE. Det som vert likevel sett to vilkår som har betydning for naturmiljø, vilkår 13 om detaljplan og vilkår 15 om naturtypekartlegging. Her står det mellom anna at det skal takast omsyn til raudlista kalkrike områder, plante- og fugleartar i detaljplanen for vindkraftverket.<sup>222</sup>

At dei negative verknadane for friluft vert trekt fram som eit av dei viktigaste mot-argumenta i dokumentet er spesielt interessant. Dette er stor kontrast til tiltakshavars vurdering av område som lite verdifullt for friluft, og vurdering av vindkraftverkets verknad som nesten ubetydeleg. I høyringsperioden såg vi at det kom inn fleire merknadar om friluft, noko NVE og stadfestar her.<sup>223</sup> Det var heilt tydeleg ikkje konsensus om at området var lite nytta til friluft, og i dokumentet får dei negative verknadane vindkraftverket vil ha for friluft, ei større rolle i dokumentsaka. Det vert vist til at vindkraftverket vil øydeleggje turstiar og at friluftsopplevelingen i området vil påverkast av synlege vindmøller, støy, skyggekast og fare for iskast.<sup>224</sup> På bakgrunn av dei negative verknadane for friluft og reindrift, som eg snart skal drøfte, vert planområdets sørlege grense justert noko av NVE i vedtaket. I vilkår 13 detaljplan vert det og bestemt at det ikkje skal byggje turbinar på turmålet Stortuva og i vilkår 17 står det at det skal utarbeidast avbøtande tiltak for friluft.<sup>225</sup>

---

<sup>218</sup> NVE (2014) *Øyfjellet: Bakgrunn for vedtak*, 43.

<sup>219</sup> NVE (2014) *Øyfjellet: Bakgrunn for vedtak*, 24.

<sup>220</sup> NVE (2014) *Øyfjellet: Bakgrunn for vedtak*, 50.

<sup>221</sup> Dagens Næringsliv. «Vindkraftutbygging tross store miljøkonflikter.» 2013.

<https://www.dn.no/samfunn/vindkraftutbygging-tross-store-miljokonflikter/1-1-1099113>

<sup>222</sup> NVE (2014) *Øyfjellet: Bakgrunn for vedtak*, 21-23 og 46-47.

<sup>223</sup> NVE (2014) *Øyfjellet: Bakgrunn for vedtak*, 17.

<sup>224</sup> NVE (2014) *Øyfjellet: Bakgrunn for vedtak*, 19.

<sup>225</sup> NVE (2014) *Øyfjellet: Bakgrunn for vedtak*, 44.

Verknadane av vindkraftverket for Jillen-Njaarke reinbeitedistrikt, er dei negative verknadane som er via mest plass i dokumentet. Her stadfestar NVE at planområdet omfattar viktige beiteområder, men skriv berre at flytt- og trekkleirer kan verte påverka.<sup>226</sup> NVE hevdar dei vektlegg at Sametinget og fylkesmannen har fremja innvendingar på bakgrunn av verknadane for reindrifta. Samstundes samanliknar NVE Øyfjellet- med Mosjøen vindkraftverk, og argumenterer for at det sistnemte ville fått langt verre konsekvensar for reindrifta. NVE stadfester samstundes at dei negative konsekvensane for reindrifta vart veklagt tyngre i saka om Mosjøen vindkraftverk enn i saka om Øyfjellet vindkraftverk.<sup>227</sup> NVE argumenterer for at både austre- og vestre siida vil kunne oppretthaldast med avbøtande tiltak, sjølv om Øyfjellet Vindkraftverk får konsesjon. Samanlikninga og den felles vurderinga av dei to vindkraftverka, endrar dokumentsaka til å handle om kva prosjekt som har minst verknadar for reindrifta og difor bør realiserast. Øyfjellet vindkraftverk vert i dokumentet fremja som det mildaste av to alternativ, og slik svekkast reindrifta som mot-argument i saka. Det vert sett to konsesjonsvilkår knytt til reindrifta, vilkår 13 om detaljplan inneber ei lita justering av den sørlege grensa av tiltaksområdet og vilkår 16 inneber at konsesjonær skal samarbeide med Jillen-Njaarke om å utarbeide forslag til avbøtande tiltak.<sup>228</sup>

No har vi undersøkt dei viktigaste argumenta mot vindkraftverket i dokumentet, og rettar difor blikket mot dei viktigaste argumenta for Øyfjellet vindkraftverk. Desse vert samla gjeve høgare verdi enn argumenta mot, ettersom NVE konkluderer med å gi konsesjon. Under overskrifta, «Aveiing av fordeler og ulemper» kan vi lese at NVE argumenterer for at den største fordelen med vindkraftverket er at det kan bidra til å nå nasjonale fornybarmål. Deretter står det at vindkraftverket vil få nokså store økonomiske verknadar lokalt og regionalt.<sup>229</sup> Fleire stadar i dokumentstaden vert det trekt fram at vindkraftprosjektet har støtte frå Vefsn Kommune og Nordland Fylkeskommune. Slik kan vi samanfatte dei viktigaste argumenta for vindkraftverket til Øyfjellet vindkraft som klimatiltak, økonomiske vinningar og lokal støtte. Desse argumenta vil eg drøfte under.

At Øyfjellet Vindkraftverk kan bidra til at Noreg når fornybarmål er eit gjennomgåande argument i dokumentet. NVE viser til at regjeringa har vedteke utbygging av meir

---

<sup>226</sup> NVE (2014) *Øyfjellet: Bakgrunn for vedtak*, 27.

<sup>227</sup> NVE (2014) *Øyfjellet: Bakgrunn for vedtak*, 31.

<sup>228</sup> NVE (2014) *Øyfjellet: Bakgrunn for vedtak*, 46-47.

<sup>229</sup> NVE (2014) *Øyfjellet: Bakgrunn for vedtak*, 44.

fornybarenergi som ei nasjonal satsing og at den felles elsertifikatordninga med Sverige skal bidra til det. Vidare vert det vist til at Noreg har forplikta seg gjennom EU sitt fornybardirektiv, til at 67,5% av energibruken i landet skal kome frå fornybar energi innan 2020.<sup>230</sup> Klima- og miljø argumenta i dokumentet passar best inn i Nisbets kategori med *dei smarte vekstreformatorane*. I dokumentet er det den delen av Noregs klimamål som inneberer vekst som vert trekt fram, der staten har ei sentral rolle i å styrke og legge til rette for private investorar. Naturinngrep og INON-reduksjon vert fremja som uunngåelege konsekvensar av tiltak som må til for å redde klima.

Når det kjem til økonomiske vinningar som argument, så er det dei positive ringverknadane for det lokale samfunnet som vert trekt fram. Det hevdast at prosjektet vil bringe nye arbeidsplasser, rundt 450 årsverk i anleggsfasen og ca. 20 i driftsfasen, i tillegg til indirekte arbeidsplasser gjennom auka etterspørsel etter lokale varer og tenester. Det vert òg hevdat at Vefsn Kommune vil få inntekt av eigedomsskatt og at grunneigarar vil få kompensasjonar. I tillegg argumenterast det for at prosjektet er meir økonomisk bærekraftig enn andre norske vindkraftverk, som følgje av gode vindforhold og storleiken på prosjektet.<sup>231</sup> Dei økonomiske ringverknadane til prosjektet, er å forstå som bakgrunnen for at Vefsn Kommune og Nordland Fylkeskommune stiller seg positive til prosjektet. Noko NVE legg vekt på at dei er, og som fungerer som eit viktig argument for vindkraftverket i dokumentet. Det som derimot ikkje er brukt som argument her, i motsetning til i konsesjonssøknaden, er at vindkraftverket starta som eit lokalt initiativ.

## Dokumentsaka

Vi kan samanfatte dokumentsaka Øyfjellet vindkraftverk slik den er forma i dokumentet slik: Øyfjellet Windkraftverk er eit vindkraftprosjekt som bør realiserast, fordi dei positive verknadane av prosjektet er større enn dei negative. Den viktigaste positive verknaden av vindkraftverket er at det vil fungerer som eit viktig klimatiltak som kan hjelpe Noreg å nå fornybarmåla. I tillegg vil vindkraftverket ha positive økonomiske ringverknadar for lokalsamfunnet i Vefsn og Nordland fylkeskommune. Samstundes er det klart at utbygginga av vindkraftverket vil få nokre negative konsekvensar, og Norconsult har i si utgreiing undervurdert konsekvensane av vindkraftverket. Vindkraftverket vil ha størst negative

---

<sup>230</sup> NVE (2014) *Øyfjellet: Bakgrunn for vedtak*, 40

<sup>231</sup> NVE (2014) *Øyfjellet: Bakgrunn for vedtak*, 11 og 41.

konsekvensar for landskap, inngrepsfrie naturområder(INON), friluft og Jille-Njaarke reinbeitedistrikt. Men det er politisk bestemt at Noreg skal satse meir på vindkraft og fleire av dei negative konsekvensane ville vore dei same for andre vindkraftprosjekt. Ved å satse på eit stort vindkraftprosjekt som Øyfjellet Vindkraftverk unngår ein naturinngrep og konflikt andre stadar. Når det kjem til reindrifta i området så er det viktig å trekke fram at Mosjøen Vindkraftverk på Reinfjellet, som no er avslått, ville ha vore mykje verre for reinbeitedistriktet. Og med nokre avbøtande tiltak, kan reindrifta i både austre og vestre siida oppretthaldast, sjølv om Øyfjellet vindkraftverk vert realisert. På bakgrunn av dette får Øyfjellet Vindkraftverk konsesjon mot nokre vilkår.

## Kva fortel dokumentet om reindrifta?

Samanlikna med tidlegare dokument frå tiltakshavar, så er det her via mykje plass til reindrifta i dokumentstaden. I dokumentet finn vi ei skildring av reindriftas bruk av tiltaksområdet med kart og ein lengre diskusjon av verknadane vindkraftverket vil ha for reindrifta, der fleire av merknadene til fylkesmannen og Statens Reindriftsforvaltning er henta inn i dokumentet. NVE hevdar dei er samd om at vindkraftverket vil føre til negative konsekvensar for reindrifta. Slik kan det verke til at NVE tillegg reindrifta og reindriftsfagleg kunnskap høg verdi i konsesjonsvedtaket.

Men ved å studere korleis NVE vurderer tema reindrift i dokumentet vert dette utfordra. I si vurdering viser NVE til eit studie, «Prosjekt vindrein», som er utført på to små vindkraftverk i Finnmark.<sup>232</sup> Dette studie konkluderer med at det er den menneskelege aktiviteten som fører til at reinen unndrar seg frå anleggsområde. Difor hevdar NVE at avbøtande tiltak vil vere mogleg, fordi menneskelege aktivitet kan tilpassast reindrifta. Dei støtter og tiltakshavars påstand om at omlegging av flyttelei kan vere eit avbøtande tiltak, til tross for at både fylkesmann og Statens reindriftsforvaltning konkluderte med at det ikkje er grunnlag for å hevde det. NVE stiller seg og positive til tiltakshavars forslag om bistand til frakt av rein til vinterbeite, gjennom ein trase som krev både bil og båt-transport, sjølv om fylkesmannen i sin merknad var svært kritisk til det same forslaget.<sup>233</sup> I tillegg hevdar NVE at reindrifta i Vestre siida som nyleg har starta opp att, betre kan tilpasse seg dei endringane Øyfjellet Vindkraft vil medføre, enn siidaer


---

<sup>232</sup> Prosjektet Vindrein: Fakken Vindkraftverk i Troms og Kjøllefjord vindkraftverk i Finnmark i NVE (2014) Øyfjellet: Bakgrunn for vedtak. 28-29.

<sup>233</sup> NVE (2014) Øyfjellet: Bakgrunn for vedtak, 30 og 28.

med kontinuerleg drift. Denne påstanden verkar å ha lite støtte, då den berre er ytra av NVE sjølv og ikkje er støtta av andre kjelder i dokumentet.

Men det som underbyggjer argumentet om reindrifta aller mest, er argumentet om at Øyfjellet Vindkraftverk er mindre skadeleg enn Mosjøen Vindkraftverk. NVE argumerterer for at Mosjøen Vindkraftverk ville fått verre konsekvensar, ettersom det ville fått størst påverknad på austre-siida som både er større enn vestre siida, med 1800 mot 400 rein, og har drive meir kontinuerleg drift. I tillegg trekk NVE fram at reinbeitedistriktet Jillen-Njaarke er meir negative til Øyfjellet Vindkraftverk enn Mosjøen Vindkraftverk, og ytrar at «reinbeitedistrikts uttalelser er viktige i vurderingen av virkninger for reindrift.»<sup>234</sup> Det er interessant at NVE argumerterer for at dei verdsett reinbeitedistrikts ytringar, når reinbeitedistriktet i konsultasjonsmøte med NVE ytra at dei var mot Øyfjellet vindkraftverk.<sup>235</sup> Samla finn eg at reindrifta opptar større plass og vert representert som ein viktigare del av dokumenta enn i dokumenta frå tiltakshavar. Men i NVE si vurdering vert reindrifta likevel tildelt låg verdi og stoppar ikkje Øyfjellet vindkraftverk frå å få konsesjon.



Dokumentet inneheld fleire kart og illustrasjonar. Dette kartet frå side 27 er henta frå reindrift.no og illustrerer korleis planområdets grense(blå) inngår i reinbeitedistriket.<sup>236</sup>

<sup>234</sup> NVE (2014) Øyfjellet: Bakgrunn for vedtak, 30.31.

<sup>235</sup> NVE (2014) Øyfjellet: Bakgrunn for vedtak, 9.

<sup>236</sup> NVE (2014) Øyfjellet: Bakgrunn for vedtak, 27.

## Trinn 5: Øyfjellet Vindkraftverk som klagesak 2014-2015

### Norges miljøvernforbunds klage

Norges miljøvernforbund(NMF) sendte den 4. desember 2014 inn klagebrev på NVE sitt konsesjonsvedtak om Øyfjellet Vindkraftverk. Klagebrevet, som er det neste dokumentet vi skal ta føre oss, er adressert til Olje og Energidepartementet og NVE, og er signert av han som då var leiar i NMF, Kurt Oddekalv(1957-2021), i Bergen. Oddekalv var med på å grunnlegge organisasjonen i 1993, etter han vart utestengt frå Norges Naturvernforbund som følgje av intern usemje.<sup>237</sup> Dokumentet er ein stad der NMF legg fram ein rekke argument for at konsesjonen til Øyfjellet vindkraftverk vart gitt på ugyldig grunnlag. Dokumentet består av 11 sider og gjev ei noko kaotisk leseoppleving, då det er utan fast struktur og det stadig skiftast mellom vanleg og feit skrift. Språket er alt anna enn passivt, med ei munnleg tone som står fram noko aggressiv. Vidare vil eg undersøkje dokumentet i lys av kva argument NMF nytter mot Øyfjellet vindkraftverk.

NMF ytrar i brevet at dei er, «sjokkert over at denne konsesjonen er gitt,» som dei hevdar er «destruktivt og unødvendig.»<sup>238</sup> NMF argumerterer for at vindkraftutbygginga er eit dårlig klimatiltak, at det ikkje er behov for meir kraft i Noreg og at prosjektet er ulønnsamt. NMF sår tvil kring hovud-argumentet til NVE om at vindkraftverket vil vere eit viktig klimatiltak, ved å vise til alternativ forsking som skal overtyde om at vindkraft er miljøvennlig. I klaga samanliknast òg effekten av vindkraft med andre energikjelder, som vasskraft og bioenergi, som NMF hevda er betre alternativ.<sup>239</sup> Samstundes påstår NMF at både Noreg og aller mest Nordland Fylkeskommune har kraftoverskot, og at det difor heller ikkje finst behov for meir kraftutvinning.<sup>240</sup> NMF hevdar vidare at Eolus i konsesjonssøknaden har vurdert dei økonomiske ringverknadane alt for høgt. NMF argumerterer for at vindkraftverket er ulønnsamt for samfunnet, og kallar vindkraftplanane for «svindel av statlige midler.»<sup>241</sup>

Vidare vert det argumentert for at vindkraftverket er destruktivt fordi det vil føre til stor reduksjon i inngrepssfrie områder, som NMF hevdar vil få store konsekvensar både for landskap

---

<sup>237</sup> Wikipedia. «Kurt Oddekalv.» 03.03.2024. [https://no.wikipedia.org/wiki/Kurt\\_Oddekalv](https://no.wikipedia.org/wiki/Kurt_Oddekalv)

<sup>238</sup> Norges Miljøvernforbund. *Klage på innvilgelse av konsesjon til Øyfjellet vindkraftverk*. Oddekalv. 04.02.2014. 1.

<sup>239</sup> NMF. *Klage Øyfjellet vindkraftverk*, 2.

<sup>240</sup> NMF. *Klage Øyfjellet vindkraftverk*, 2.

<sup>241</sup> NMF. *Klage Øyfjellet vindkraftverk*, 5.

og biologisk mangfold. NMF peiker i klagan på at utbygginga av vindkraftverket, vil føre til at mykje myr må drenerast og skog hoggast. Dette hevdar dei vil gå hardt ut over trua artar i området og at øydelegginga av myr, som er ein naturleg karbonlagrar, vil føre til utslepp av metan til atmosfæren.<sup>242</sup> NMF argumenterer og for at vindkraftverket vil få alvorlege konsekvensar for dyrelivet i konsesjonsområde og viser til ein studie frå Danmark der det har vore observert endring på mink i nærleiken av eit vindkraftverk.<sup>243</sup> Når det kjem til landskapsendringar, argumenterer NMF for at vindkraftverket, med vindmøller som når opp til 800 meter over havet, vil føre til visuell forureining i store delar av kystlandsskapet.<sup>244</sup> Det vert òg uttrykt uro for at område kanskje aldri vil tilbakeførast, ettersom NMF hevdar det ikkje finst noko plan for det. På siste side skriv organisasjonen at, «I konsesjonssøknader pleier verdien av landskap og biologisk mangfold å undervurderes. Så også her.»

Dei fleste argumenta til NMF mot vindkraftutbygginga er knytt til klima- og miljø, og kan passe inn i den diskursvie kategorien med *dei økolologiske aktivistane*. Forbundet er i mot store «teknologiske løysningar» på klimakrisa som dei hevdar vil føre til meir klimagassutslepp og nedbygging av natur. Noko som er interessant å merke seg er at reindrifta, som tidlegare er vorte fremja som det viktigaste argumentet mot utbygginga, ikkje er nemnt av NMF i dette dokumentet.

Dokumentsaka slik den formast i dokumentet av NMF kan samanfattas slik: Øyfjellet Vindkraftverk er eit unødvendig, destruktiv, ulønsamt og miljøuenleg prosjekt. Området vindkraftverket er planlagt i er svært verdifullt, fordi det er eit inngrepssfritt område som inneheld viktige verdiar for landskap og biologisk mangfold. Nedbygging av dette inngrepssfrie området er mykje verre for miljøet enn kva vindkraftverket vil kunne gagne det. Konsesjonsmyndighetene har gjort feilvurderingar og har ikkje sett seg inn i ny forsking og tiltakshavar Eolus er ein uærleg aktør som er i ferd med å svindle staten.

## Reinbeitedistrikts klage

Det neste dokumentet eg skal undersøkje, er reinbeitedistrikts klage på konsesjonsvedtaket, som vart sendt inn av DALAN advokatfirma DA, den 3. desember 2014. Advokat Thomas

---

<sup>242</sup> NMF. *Klage Øyfjellet vindkraftverk*, 6.

<sup>243</sup> NMF. *Klage Øyfjellet vindkraftverk*, 3.

<sup>244</sup> NMF. *Klage Øyfjellet vindkraftverk*, 8.

Hjermann(1955-2018)<sup>245</sup> står som ansvarlig part i klagebrevet, og brevet er sendt frå Oslo. Dokumentet er knappe tre sider langt, og det vert opplyst i innleiinga at dette berre er ei kort grunngjeving for klagen, og at ei meir detaljert klage vil ettersendast.<sup>246</sup> Dokumentet er den første direkte representasjonen av reindrifta i dokumentsaka, her gjennom sin advokat, Hjermann. Tidlegare har reindrifta berre vore representert av andre. For reindrifta er dette dokumentet eit verktøy i form av at klagen i beste fall kan føre til at vindkraftutbygginga vert stoppa. Men dokumentet er og eit verktøy for å kjøpe seg betre tid og skaffe seg oversikt over situasjonen. Vidare vil eg undersøkje kva argument mot vindkraftverket som kjem fram i dokumentet.

Det kjem fram i dokumentet at reinbeitedistriktet har brukt tid og krefter på å jobbe i mot det andre vindkraftprosjektet, Mosjøen Vindkraftverk, som no har fått avslag.<sup>247</sup> I forhold til saka kring Øyfjellet Vindkraftverk, som truleg har vore noko nedprioritert hittil, så står det i brevet at distriktet finn det, «påkrevd å påklage vedtaket slik at man kan få mer kjennskap til mulighetene for fortsatt drift i anleggs- og driftsfasen etter dette inngrepet.»<sup>248</sup> Samstundes er reindriftas posisjon til Øyfjellet Vindkraftverk tydeleg i dokumentet. Om påstanden som har sirkulert om at reinbeitedistriktet skal ha stilt seg positiv til vindkraftutbygginga, skriv Hjermann: «Det er ikke korrekt (...)»<sup>249</sup> og vidare at «Det presiseres at distriktet prinsipalt er imot alle ytterligere inngrep i et fra før sterkt belastet distrikt.»<sup>250</sup>

Eit av hovudargumenta til reinbeitedistriktet i dokumentet er at konsesjonsmyndighetene må vurdere Øyfjellet Vindkraftverk opp mot summen av menneskelege inngrep i distriktet. Menneskelege inngrep vert fremja som ein av grunnane for at distriktet har hatt det vanskeleg med å oppretthalde distriktets øvre reintal på 2 200 dyr. I 2013 hadde distriktet med 1645 rein, 555 dyr mindre enn dette.<sup>251</sup> Vasskraftverk, kraftleidningar, veger, oppdyrking og bygging av bustadar vert gjeve som døme på menneskelege inngrep i distriktet. Kalkverket Brønnøy Kalk, som er lagt i eit hovudkryss for flytting av rein, vert flytta inn i dokumentet som eit konkret

---

<sup>245</sup> Fonus begravelsesbyrå. Minnesider.

<sup>246</sup> Dalan Advokatfirma DA. *Øyfjellet vindkraftverk anleggkonsesjon og ekspropriasjonstilatelse. Klage fra Jillen Njaarke Reinbeitedistrikt.* Thomas Hjermann. Oslo. 13.11.2014. 1.

<sup>247</sup> Dalan Advokatfirma DA. *Øyfjellet vindkraftverk klage*, 2.

<sup>248</sup> Dalan Advokatfirma DA. *Øyfjellet vindkraftverk klage*, 1.

<sup>249</sup> Dalan Advokatfirma DA. *Øyfjellet vindkraftverk klage*, 2.

<sup>250</sup> Dalan Advokatfirma DA. *Øyfjellet vindkraftverk klage*, 2.

<sup>251</sup> Dalan Advokatfirma DA. *Øyfjellet vindkraftverk klage*, 1.

døme. Dersom Øyfjellet vindkraftverk vert realisert, hevdar reinbeitedistriktet at det vil føre til at ytterlege flytteleier i den nordlege delen må stenges.<sup>252</sup>

Det vert vist til det lovregulerte vernet flytteleier har, etter Reindriftsloven paragraf 22, og hevda at konsesjonsvilkåra NVE har satt opp ikkje i tilstrekkelig grad vil ivareta det.<sup>253</sup> Det konstaterast òg at det til no ikkje er kome til semje mellom konsesjonær og reinbeitedistriktet om avbøtande tiltak for reindrifta, slik NVE sitt konsesjonsvilkår krev.<sup>254</sup>

I tillegg til argumenta om samverknaden av alle inngrep og at vindkraftverket vil føre til stenging av flytteleier, så argumenterer reinbeitedistriktet for at konsesjonsmyndighetene må vurdere vindkraftverkets verknadar opp mot den påreknelege framtidige drifta. Det vert vist til at det har vore avvikla to sidaer i distriktet som følgje av at utøvarane slutta, i tillegg til at ein siidainnhavar døyde i ei tragisk helikopterulykke vinteren 2011/2012.<sup>255</sup> Men her argumenterer reinbeitedistriktet for at NVE må ta utgangspunkt i full drift, både når det kjem til talet på sidaer og talet på rein. Det vert og vist til at det allereie er starta opp at ein ny vestlig siidaandel, og at denne må takast med i vurderinga.<sup>256</sup> På slutten av klagebrevet argumentera reinbeitedistriktet for at det er viktig å sikre moglegheita for å kunne uttøve reindrift i denne delen av landet og at eit arealinngrep av dette omfang kan vere i strid med folkeretten.<sup>257</sup>

Dokumentsaka slik den formast i dokumentet kan samanfattast slik: Øyfjellet vindkraftverk er enda ei planlagd utbygging i eit allereie tungt belasta reinbeitedistrikt. Reinbeitedistriktet er mot utbygginga og er særleg bekymra for konsekvensen for dei to flytteleiene som ligg i tiltaksområdet. Dersom vindkraftverket byggjast slik det er planlagt i dag vil dette kunne vere i strid med folkeretten.

## Oversendelse av klager til Olje- og Energidepartementet

Når det vert klaga på eit konsesjonsvedtak har NVE to alternativ for den vidare saksgangen. Dersom NVE finn at klagen/klagane er gyldige kan dei oppheve eller endre vedtaket, viss ikkje skal klaga/klagane sendast vidare til Olje- og energidepartementet(OED), som da ville ta den

---

<sup>252</sup> Dalan Advokatfirma DA. *Øyfjellet vindkraftverk klage*, 2.

<sup>253</sup> Dalan Advokatfirma DA. *Øyfjellet vindkraftverk klage*, 2.

<sup>254</sup> Dalan Advokatfirma DA. *Øyfjellet vindkraftverk klage*, 2.

<sup>255</sup> Dalan Advokatfirma DA. *Øyfjellet vindkraftverk klage*, 1.

<sup>256</sup> Dalan Advokatfirma DA. *Øyfjellet vindkraftverk klage*, 2.

<sup>257</sup> Dalan Advokatfirma DA. *Øyfjellet vindkraftverk klage*, 2.

endelege avgjerda i saka.<sup>258</sup> NVE valte det siste alternativet i denne saka, og det neste dokumentet eg skal undersøke er brevet der NVE sendte over dei to klagene til OED, som er datert til 22. juni 2015. Dokumentet er ein stad der NVE opplyser om klagane og innvendingane som er kome inn i samband med konsesjonsvedtaket. I dokumentet som består av fire sider, finn vi ei kortfatta samanfatning av innhaldet i klagane og NVE si vurdering av dei. Vidare vil eg undersøke korleis NVE føreheld seg til klagane i dokumentet.

Når det kjem til reindrifta si klage, så gjer NVE greie for alle hovudpunktene av klagene i ei samanfatning. Når det er sagt, så avviser NVE klagen på alle punkt. Direktoratet avviser påstanden om at Øyfjellet Vindkraftverk bryt med folkerettslige føresegner, ved å hevde at det er mogleg å oppretthalde ein livskraftig reindrift og etter etablering av vindkraftverket. Vidare hevdar direktoratet at det vart lagt stor vekt på omlegging av flyttelei i konsesjonsvedtaket og at den nye siidaa-andelen vart teke med i vurderinga. Igjen trekk direktoratet fram at det vart lagt stor vekt på samverknadane med Mosjøen Vindkraftverk, og at Mosjøen fekk avslag nettopp fordi det vart teke omsyn til reindrifta.

NVE hevdar i dokumentet at reinbeitedistriktet ikkje har ettersendt den meir detaljerte grunngjevinga for klagene, sjølv om dei har fått utsatt frist fleire gonger.<sup>259</sup> Men det vert opplyst at reinbeitedistriktet har avtalt med konsesjonær at Protect Sápmi skal gjennomføre ei ny vurdering av konsekvensane for reindrifta.<sup>260</sup> Protect Sápmi er ein interesseorganisasjon som vart oppretta av Norske Reindriftssamers Landsforbund og Svenske Samers Riksforbund i 2012.<sup>261</sup> I brevet skriv direktoratet at dei vil ettersende Protect Sápmi sin rapport til OED når den er klar, og at rapporten er forventa ferdig seinast tidleg haust 2015.<sup>262</sup>

I forhold til Miljøvernforbundet si klage har NVE berre inkludert det av klagen som dei meina var nytt frå høyringsutalelsen frå 2014. Samanfatninga av NMF si klage utgjer difor berre tre setningar i dokumentet. NVE vurderer heller ikkje innhaldet i klagen, med unntak av det som vart argumentet om mink. Her avviser NVE, NMF sin påstand ved å vise til at anna forsking, også frå Danmark, som viser at mink ikkje vært påverka av nærliggande vindkraftverk.<sup>263</sup>

---

<sup>258</sup> NVE. *Eolus Wind Norge AS. Øyfjellet vindkraftverk. Oversendelse av klager.* 22.06.2015. 2.

<sup>259</sup> NVE (2015) *Oversendelse av klage.* 3.

<sup>260</sup> NVE (2015) *Oversendelse av klage* 3.

<sup>261</sup> Stiftelsen Protect Sápmi. Om prtotect Sápmi. 2024. <https://protectsapmi.com/norsk/om-protect-sapmi/>

<sup>262</sup> NVE (2015) *Oversendelse av klage,* 3.

<sup>263</sup> NVE (2015) *Oversendelse av klage* 3.

Til sist i dokumentet, under overskrifta, «*Sammenligning mellom Øyfjellet og Mosjøen vindkraftverk*», vert det vist til ei annan klagesak, Fred. Olsen Renewable AS(FOR) si klage på avslaget om Mosjøen Vindkraftverk. Her står det at FOR i si klage har samanlikna Øyfjellet og Mosjøen, på grunnlag av grunngjevinga til NVE om ja til Øyfjellet og nei til Mosjøen.<sup>264</sup> NVE konkluderer med at det ikkje er kome nye opplysningar i sakane som dei meiner gjev grunnlag for å endre vedtaka, og sender difor klagane om både Øyfjellet- og Mosjøen Vindkraftverk, vidare til Olje og Energidepartementet.<sup>265</sup>

I dokumentet argumenterer altså NVE for at det ikkje kjem fram noko i klagene som gjer at dei må endre sitt konsesjonsvedtak. Reinbeitedistrikts klage opptar ein større del av dokumentstaden enn NMF si klage. Moglege forklaringar på kvifor NVE ikkje ein gong vurderer klagan til Miljøvernforbundet, kan vere at NMF er så fundamentalt i mot vindkraftverk at dei uansett ikkje vil kome til semje. Det er og mogleg at NVE ikkje ser klagan som noko reell fare for konsesjonsvedtaket. Slik kan det sjå ut til at reindriftas klage, som er sendt inn gjennom eit advokatfirma, vert sett på som ein større trussel i forhold til rettsspørsmålet. Likevel er det ikkje gjort noko skilnad på dei to klagene når det kjem til sjølve sakshandsaminga, då òg reinbeitedistrikts klage vert avvist på alle punkt.

Protect Sápmi sin rapport, som det vert vist til i dokumentet og som NVE hevdar dei vil ettersende, vart først ferdigstilt heile fire år seinare, i 2019. Rapporten rakk difor ikkje å kome fram til olje- og energidepartementet før handsaminga av klagesaka i 2016. Ei mogleg forklaring på at rapporten var forsinka kan vere at det var fleire sakar på same tid som sto framfor i køa. Blant anna, finn ein at den reindriftsfaglege utgreiinga for Storheia vindpark på Fosen vart publisert i 2017.<sup>266</sup> Eg kjem tilbake til denne rapporten, når eg undersøkjer dokumenta frå 2019.

## Endeleg vedtak på klagesaka 2016

Den 16. november 2016, fatta Olje- og energidepartementet endeleg vedtak i klagesaka om Øyfjellet Vindkraftverk. I vedtaksdokumentet, vart klaga til Fred. Olsen Renewable AS (FOR) og Vefsn Kommune på konsesjonsavslaget til Mosjøen Vindkraftverk handsama parallelt. Dokumentet er ein stad der departementet vurderer dei innkomne klagene og konkluderer med

---

<sup>264</sup> NVE (2015) *Oversendelse av klage 3 og 4*.

<sup>265</sup> NVE (2015) *Oversendelse av klage 4*.

<sup>266</sup> Protect Sápmi. *Reindriftsfaglig utredning Storheia Vindkraftpark og Åarjel-Fovsen Sitje*. 2017.

endelege vedtak, som ikkje kan klagast på. OED stadfester NVE sine vedtak i både vindkraftsakane, og legg berre til ei mindre justering av vilkåret 16 for reindrifta i konsesjonen til Øyfjellet Vindkraftverk. Dokumentet er 13 sider langt, og er utforma i fire delar; «Bakgrunn», «Klager og innsigelser», «Departementets merknader» og «Konklusjon». Første del inneholder informasjon om forarbeidet som er gjort. Her står det at departementet i løpet av 2016 har utført synfaring av tiltaksområdet, heldt ope folkemøte i Mosjøen, konsultasjonsmøte med reinbeitedistriktet og sametinget, og innvendingsmøte med fylkesmannen.<sup>267</sup> Alt forarbeidet vart utført på til saman fire dagar i 2016. Synfaringane av dei to tiltaksområda på til saman 85 km<sup>2</sup>, vart utført på ein dag, den 24. mai 2016, der departementet inviterte relevante aktørar til å vere med på synfaringa som fant stad med helikopter.<sup>268</sup> Vidare vil eg undersøke dokumentet i lys av korleis OED handsamar dei to klagene på konsesjonsvedtaket for Øyfjellet vindkraftverk.

## Handsaming av Norges Miljøvernforbunds klage

Departementet deler klagen til Norges miljøvernforbund inn i to tema «generelt om vindkraft» og «naturmangfold». I forhold til dei førstnemnte vert det vist til NMF sine argument om at vindkraft er ulønnsamt for samfunnet, at det er kraftoverskot i Noreg, at vindkraft slepp ut klimagassar og at der ikkje er tilstrekkelege krav om tilbakeføring av naturen ved nedlegging.<sup>269</sup> Om naturmangfold skriv departementet at NMF i si klage «pekte på hensynet til naturmangfold generelt og særlig store rovdyrarter.»<sup>270</sup>

I departementets vurdering av Norges Miljøvernforbund si klage, finn vi at dei argumenterer mot NMF sine argument, som passar inn i klimadiskursen med *dei økologiske aktivistane*, med argument som passer inn i ein anna klimadiskurs. Departementet viser til at det er politisk bestemt at Noreg skal auke produksjonen av fornybareneigi monaleg, og at systemet med elsertifikatordninga fører til at vindkraft nettopp vert lønsamt. Dei skriv og at «Departementet viser til studier som antyder at energibruken som går med til produksjon og montering mv av vindturbiner er kompensert etter kort tids drift.»<sup>271</sup> Ordvalet «energibruken», i staden for «klimagassutslepp», er verdt å merke seg. I følgje departementet er utsleppet som følgjer med

<sup>267</sup> Det kongelige olje- og energidepartementet. *Eolus Wind Norge AS. Fred. Olsen Renewable AS - Øyfjellet og Mosjøen vindkraftverker klagesak*. 16.11.2016. 2.

<sup>268</sup> Det kongelige olje- og energidepartementet. Øyfjellet og Mosjøen vindkraftverk – befaring - . 02.05.2016.

<sup>269</sup> Olje- og energidepartementet (2016). *Klagevedtak*, 2.

<sup>270</sup> Olje- og energidepartementet (2016). *Klagevedtak*, 9.

<sup>271</sup> Olje- og energidepartementet (2016). *Klagevedtak*, 3.

utbygginga ikkje klimagassutslepp, men naudsynt energibruk som må til for å skape ei grønare verd. Her ser vi at departementet argumenterer med ein klimadiskurs som passar inn i den diskursive kategorien til Nisbet med *dei smarte vekstreformatorane*. Der løysinga på klimakrisa ikkje er å bremse ned forbruket, men å byggje ut fornybar energi gjennom å styrke private investorar i ei grønnare retning.

Når det kjem til naturmangfald, støtter departementet seg på NVE si vurdering i konsesjonsvedtaket og hevdar at tiltaket Øyfjellet Vindkraftverk med tilhøyrande vilkår, ikkje vil stride med naturmangfaldsloven § 4 og 5, for arter og naturtypar. Det vert vist til at NVE allereie har kome med vilkår om at MTA-planen skal ta omsyn til jaktfalkens registrerte hekkelokalitet og at det skal gjennomførast ei naturkartlegging i traseen for framkomstveg.<sup>272</sup> Ingen av klagepunktene til Noregs Miljøvernforbund vert teke til følgje i klagevedtaket, noko som stadfesta NMF sin eigen påstand, om at landskap og biologisk mangfald har låg status i vindkraftutbyggingssaker.

## Behandling av reinbeitedistrikts klage

I dokumentet vert reinbeitedistrikts klage på vedtaket om Øyfjellet vindkraftverk, handsama parallelt med klaga til FOR på konsesjonsavslaget til Mosjøen vindkraftverk. Slik vert igjen Øyfjellet- og Mosjøen vindkraftverk satt opp mot kvarandre i dokumentsaka. FOR uttrykkjer i si klage missnøye med at Øyfjellet vindkraftverk fekk konsesjon og ikkje Mosjøen vindkraftverk. FOR argumenterer for at dei langsigktige konsekvensane for reindrifta vil verte verre med Øyfjellet-, enn Mosjøen vindkraftverk.<sup>273</sup> Slik sett, legg FOR si klage opp til samanlikning av dei to vindkraftprosjekta. Medan reinbeitedistrikts klage på Øyfjellet vindkraftverk vart sendt inn med utgangspunkt i at Mosjøen vindkraftverk allereie hadde fått konsesjonsavslag, og dermed berre er ei klage på Øyfjellet vindkraftverk.

Som sagt hevda reinbeitedistriktet i si klage at Øyfjellet Vindkraftverk strider med folkerettslige føresegner. I departementets vurdering av klagene, viser dei stadig til folkerettslige føresegner som; FNs konvensjon om sivile og politiske rettigheter artikkel 27, reindriftsloven og ILO 169 artikkel 7. Men i staden for å vurderer om Øyfjellet Vindkraftverk bryt med folkerettslige føresegner, finn vi at det nettopp er desse departementet bruker til å

---

<sup>272</sup> Olje- og energidepartementet (2016). *Klagevedtak*, 9.

<sup>273</sup> Olje- og energidepartementet (2016). *Klagevedtak*, 4-5.

argumentere for realisering av Øyfjellet vindkraftverk. FOR argumenterte i si klage for at NVE la for stor vekt på informasjon fra reinbeitedistriktet i sin vurdering.<sup>274</sup> FOR argumenterte vidare for at sida reindriftslova er ein kollektiv rett, så må vurderinga ta utgangspunkt i områdets potensiale for reindrift og ikkje den aktuelle bruken på vurderingstidpunktet.<sup>275</sup> Her svarar departementet med å trekke fram ILO 169 artikkel 7, som handlar om at urfolk har rett til å bestemme over si eige økonomiske, sosiale og kulturelle utvikling.<sup>276</sup> Og skriv at, «Departementet har etter dette funnet å legge betydelig vekt på reindriftens egen fremstilling av driften, konsekvenser ved etablering av vindkraften og prioriteringer mellom de to prosjektene.»<sup>277</sup> Her kan det virke som at departementet nytter FOR sitt utsegn, til å vise at dei spelar på lag med reinbeitedistriktet og difor støtter det prosjektet dei ønskjer. Dette til tross for at reinbeitedistriktet er usamd i både vindkraftverka.

Gjennomgåande i teksten hevdar departementet at dei i vurderinga har vorte lagt stor vekt reinbeitedistrikts meningar. Rett før departementet konkluderer med at «Øyfjellet Windkraftverk ikke er i strid med SP art. 27», så skriv departementet: «Jille Njaarke er blitt involvert under konsesjonsbehandlingen gjennom konsultasjoner både med NVE og departementet. Distrikts prioriteringer mellom de to utbyggingsprosjektene og distrikts redegjørelse for sin bruk tillegges betydelig vekt i vurderingen. (...) ».<sup>278</sup> Under «Samlet vurdering», konkluder departementet med å skrive at dei «slutter seg til NVEs vurdering om at det bare er plass til et av prosjektene»<sup>279</sup> og at «Departementet har etter en samlet vurdering der det særlig er lagt vekt på reinsdrift (...), kommet til at konsesjon skal gis til Øyfjellet Windkraftverk.»<sup>280</sup>

Departementet tok altså ikkje reinbeitedistrikts klage til følge, og vedtok konsesjon til Øyfjellet Windkraftverk. Den einaste endringa som vart gjort frå vedtaket i 2014, var nokre endringar i vilkår 16 for reindrifta. Endringa er først og fremst ei lengre og meir utfyllande utgreiing av det som allereie sto, men med nokre endingar som er verdt å merke seg. Til dømes står det ikkje lengre at konsesjonær skal samarbeide med reinbeitedistriktet om avbøtande tiltak, men det spesifiserast at det er konsesjonær som «skal legge til rette for at det inngås avtale

---

<sup>274</sup> Olje- og energidepartementet (2016). *Klagevedtak*, 4-5.

<sup>275</sup> Olje- og energidepartementet (2016). *Klagevedtak*, 8.

<sup>276</sup> Olje- og energidepartementet (2016). *Klagevedtak*, 8.

<sup>277</sup> Olje- og energidepartementet (2016). *Klagevedtak*, 8.

<sup>278</sup> Olje- og energidepartementet (2016). *Klagevedtak*, 8.

<sup>279</sup> Olje- og energidepartementet (2016). *Klagevedtak*, 10.

<sup>280</sup> Olje- og energidepartementet (2016). *Klagevedtak*, 10.

(..)» Det er òg lagt til at «tiltak for å sikre flytt til og fra vinterbeite i nordvest skal forelegges Fylkesmannen for vurdering etter reindriftsloven.» og at dersom det ikkje vert semje om dei avbøtande tiltaka så må «NVE konsultere reinbeitedistriktet før detaljeplan godkjennes.»<sup>281</sup> Endringane bidrar til å spesifisere ansvar og saksgang for dei avbøtande tiltaka for reindrifta, men treng ikkje føre til nokre konkrete endringar for reinbeitedistriktet. At NVE må konsultere reinbeitedistriktet dersom det ikkje vert semje mellom partane, treng i grunn ikkje tyde noko anna enn at det må arrangerast eit møte.

Samla sett finn vi at konsekvensen av at departementet vel å behandle dei to klagene parallelt, er at dokumentsaka vert å handle om kva av dei to vindkraftprosjekta som skal prioriterast og ikkje om Øyfjellet Vindkraftverk i seg sjølv strider med folkerettslige føresegner. Slik sett kan det verke som at departementet har teke på seg den same jobben som NVE: å vurdere kva for ein av vindkraftprosjekta som er minst skadeleg, i staden for å faktisk vurdere innhaldet i reinbeitedistrikts klage. Når departementet samstundes hevdar å ha tillagt reindriftas eigne vurderingar og meininger stor vekt i vurderinga, synast dette som at departementet har oversett den faktiske klagesaka til reinbeitedistriktet.

## Samandrag og diskusjon

I dette kapitelet har eg følgd saka om Øyfjellet vindkraftverk gjennom dokumenta som inngår i trinn 3: konsesjonsvedtak og trinn 4: klagebehandling av den fastlagte byråkratiske reiseruta. Gjennom heile kapitelet har eg drøfta kjeldene i lys av problemstillinga: Kva argument har vore nytta for og mot Øyfjellet vindkraftverk, og korleis utvikla diskusjonen seg frå han starta i 2011 til 2019?

I trinn 3 såg eg at NVE konkluderte med å gi konsesjon til Øyfjellet vindkraftverk i november 2014, der det viktigaste argumentet til NVE var at vindkraftverket vil vere eit godt klimatiltak for Noreg. Dette var interessant å sjå, ettersom argumentet om vindkraftverket som klimatiltak først kom inn i dokumentsaka etter kvart. Dei andre hovud-argumenta til NVE var at vindkraftverket vil gi økonomiske ringverknadane regionalt og lokalt og at Vefsn kommune og Nordland fylkeskommune støtta prosjektet. NVE vurderte òg dei negative verknadane av vindkraftverket, der særleg dei negative verknadane for friluft, INON-område og reindrift vart

---

<sup>281</sup> NVE (2014) *Øyfjellet vindkraftverk. Bakgrunn for vedtak*. 46. og Olje- og energidepartementet (2016). *Klagevedtak*, 8.

trekt fram. Men ingen av argumenta mot vindkraftverka vart vurdert viktige nok til å gi vindkraftverket avslag. Dessutan kom det inn ein slags joker i saka om Øyfjellet vindkraftverk, som var at vindkraftprosjektet vart vurdert saman med Mosjøen vindkraftverk. Slik vart saka endra frå å handle om Øyfjellet vindkraftverk skulle få konsesjon eller ikkje, til å handle om kven av dei to vindkraftprosjekta som skulle verte valt til å få løyvet i hamn.

Vidare i trinn 2 såg eg at Norges Miljøvernforbund og Jillen-Njaarke reinbeitedistrikt sendte inn klager på konsesjonsvedtaket til NVE. NMF argumenterte i si klage både mot vindkraft generelt og mot Øyfjellet vindkraftverk spesielt, på bakgrunn av negative verknadar på natur og miljø. Jillen-Njaarke reinbeitedistrikt argumenterte i si klage for at vindkraftverket kan bryte med folkeretten og beslaglegg viktige reindriftsområder, i eit reinbeitedistrikt som allereie er hardt råka av arealinngrep. NVE vurderte at ingen av klagene var gyldig og vidaresendte dei til Olje- og Energidepartementet. I det endeleg vedtaket av klagesaka avslo OED Miljøvernforbundet si klage på alle punkt. I forhold til Jillen-Njaarke reinbeitedistrikt si klage, så vart denne klagen handsama samstundes med klagen på konsesjonsavslaget for Mosjøen vindkraftverk. OED fatta til slutt same konklusjon som NVE i 2014, der einaste skilnaden var nokre endringar i vilkår 16 om reindrifta.

I forhold til forskingsspørsmålet om representasjon av reindrifta, vart tema i seg sjølv via mykje plass, både i vedtaksdokumentet om konsesjon og i vedtaksdokumentet om klagesaka. Men derimot fekk tema lite innflytelse i saka, ettersom Øyfjellet vindkraft fekk konsesjon i 2014 og fekk behalde konsesjonen etter klagesaka i 2016, mot nokre endringar i vilkår. Derimot la både konsesjonsmyndighetene og departementet det fram som at reindrifta hadde hatt stor innflytelse i saka og at det var lagt stor vekt på deira meiningar. Gjennomgåande vart det trekt fram at Mosjøen vindkraftverk fekk avslag nettopp etter reinbeitedistrikts ønske. Eg fann og at andre tema fekk større merksemd i perioden og at fleire av merknadane som vart fremja i høyringsperioden vart teke med vidare her. Men igjen, utan at det fekk noko særleg verknad på utslaget i saka. Òg i denne perioden såg vi at motstridande klimadiskursar eksisterte i argumentasjonane på kvar side av saka.

# Kapitel 5: Ordskifte om Øyfjellet vindkraftverk 2017-2019

## Trinn 6: Oppfølging av konsesjon

### Introduksjon

I dette kapitlet undersøkjer eg korleis diskusjonen Øyfjellet Vindkraftverk utvikla seg gjennom dokumenta i peioden 2017-2019. Her rører saka seg inn i trinn 6 av konsesjonshandsamingssprosessen, oppfølging av konsesjon. Det første dokumentet eg vil undersøkje er ein endringssøknad Eolus Wind Norge AS sendte til NVE i 2018, der det vert lagt fram tre endringar i konsesjonen. Deretter vil eg ta føre meg tre dokument frå mai 2019, som til saman utgjør Miljø Transport og Anleggsplan(MTA-plan) og Detaljplan for Øyfjellet vindkraftverk. Ein MTA-plan skildrar korleis anlegget skal byggjast på ein måte som varetak miljø og landskap på best mogleg vis og krava i konsesjonen. Medan detaljplan for vindkraftverk er ein teknisk omtale av korleis anlegget skal utformast innanfor dei rammene som er gjeve i konsesjon.<sup>282</sup> For at vindkraftutbygginga kan starte må NVE ha godkjent både MTA-plan og detaljplan, og slik spelar planane ei viktig rolle i vindkraftsaka.

Etter at NVE tok i mot MTA- og detaljplan for vindkraftverket følgde ein tre veker lang høyringsperiode, og her vil eg undersøkje to av høyringsdokumenta som kom inn, frå reinbeitedistriktet og Naturvernforbundet i Nordland. Deretter vil eg undersøkje den alternative utgreiingsrapporten til Protect Sápmi, som vart ferdig i juni 2019. I august 2019 arrangerte NVE eit konsultasjonsmøte med reinbeitedistriktet, og eg vil undersøkje protokollen frå møte. Til sist vil eg ta føre meg vedtaksdokumenta som vart publisert i desember 2019, der NVE godkjente MTA- og detaljplan for Øyfjellet Vindkraftverk. Med denne godkjenninga vart saka om Øyfjellet Vindkraftverk offisielt flytta frå å vere ein dokumentsak om eit planlagt vindkraftprosjekt, til å verte ein fysisk realitet. Diskusjonen slutter ikkje her, men det gjer mitt masterprosjekt som undersøkjer konflikten kring vindkraftplanane i konsesjonsprosessen.

---

<sup>282</sup> NVE. «Rettleiar for utarbeidning av detaljplan og miljø-, transport- og anleggsplan (MTA) for vindkraftverk». 2016. [https://publikasjoner.nve.no/veileder/2016/veileder2016\\_01.pdf](https://publikasjoner.nve.no/veileder/2016/veileder2016_01.pdf)

## Endringssøknad Eolus

I mars 2018 kom pressemeldinga om at Garantiinstituttet for eksportkreditt, GIEK (Eksfin frå 2021), ville stille med om lag 2,5 milliardar i statlig garanti for at selskapet Alcoa, som driv aluminiumsverket i Mosjøen, forplikta seg til å kjøpe energi produsert av Øyfjellet Vindkraftverk i ein 15-års periode.<sup>283</sup> Om lag ein månad seinare, 21. April 2018, sendte Eolus Vind inn ein søknad om konsesjonsendring til NVE. Søknadsdokumentet er produsert av Norconsult på oppdrag frå Eolus Vind. Dokumentet er ein stad der tiltakshavar presenterer tre konsesjonsendringar til NVE, med mål om å overtyde NVE til å godkjenne dei. Slik fungerer dokumentet som eit næringsverktøy. Vidare vil eg kort gjer greie for kva endringane inneber og korleis reindrifta vert representert i dokumentet.

Den første konsesjonsendringa som vert søkt om er auking av installert effekt frå 330 MW til 400 MW. Tiltakshavar viser til at det er skjedd ei teknisk utvikling frå 2013-2018, der vindmøller med større effekt er kome på marknaden. Tiltakshavar hevdar at endringa ikkje vil føre til auka miljøbelastning ettersom det er snakk om meir effektive- og ikkje fleire vindmøller.<sup>284</sup> Den andre endringa som vert søkt om handlar om plassering av trafostasjon. Trafostasjon er ein installasjon som overfører den produserte elektrisiteten frå vindturbinane til det elektriske kraftnettet. I søknaden frå 2014 var det planlagt ein trafostasjon i Tverråga, som tiltakshavar no vil flytte inn i sjølve tiltaksområde og splitte til to einingar.<sup>285</sup> I samband med nye trafostasjonar i tiltaksområde, vert det søkt om ei tredje endring, å utvide eksisterande linjetrase med 1,6 km, mellom Kleivan og Tverråga.<sup>286</sup> Når det kjem til korleis endringane påverkar reindrifta, så er det truleg dei to siste tiltaka som vil kunne få ytterlegare negative konsekvensar for reindrifta. Ved å studere reindriftskart finn ein at Tverråga ikkje inngår i reinbeitedistriktet, men det gjer tiltaksområde.<sup>287</sup> Difor vil den nye plasseringa av trafostasjonane føre til ytterlegare tekniske inngrep i reinbeitedistriktet. Utvidinga av linjetraseen påverkar òg områder som er nytta av reindrifta. Men det står i dokumentet at Eolus,

---

<sup>283</sup> Kjetil M. Hovland «Alcoa får statsgaranti til nytt vindprosjekt.» E24. Mars 2018. <https://e24.no/energi-og-klima/i/zLBAg5/alcoa-faar-statsgaranti-til-nytt-vindprosjekt>

<sup>284</sup> Norconsult. *Eolus Vind Norge AS. Søknad om endring av konsesjon.* 21.04. 2018, 14.

<sup>285</sup> Norconsult. *Søknad om endring av konsesjon*, 15.

<sup>286</sup> Norconsult. *Søknad om endring av konsesjon*, 30.

<sup>287</sup> Kilden. «Kart Jellen Njarke Reindistrikt.» <https://n9.cl/3c8ju>

som «har vært i dialog med Jillen Njaarke Reindistrikt siden 2013» ikkje har registrert at reinbeitedistriktet har nokre problem med linjetraseen.<sup>288</sup>

I dokumentet er reinbeitedistriktet representert som ein aktør Eolus har eit godt samarbeid med og gode kunnskapar om. Det vert hevda at Eolus har «tilstrekkelig kunnskap om reindrift i området(...)» og «en god dialog med de viktigste organisasjonene».<sup>289</sup> I staden for å skrive at det ikkje er inngått ein avtale mellom reinbeitedistriktet og Eolus Vind, så skriv Norconsult at, «Det er under utarbeidelse en avtale (...)» og «Det er utarbeidet avtaleutkast i forhold til reindriftsnæringen».<sup>290</sup> Dette gjev inntrykk av at ein avtale er rett rundt hjørne.

### NVE godkjenner konsesjonsendringane

Ei veke etter NVE tok imot endringssøknaden frå Eolus, vart søknaden sendt ut på høyring i litt under to månader.<sup>291</sup> I oktober 2018, godkjente NVE endringssøknaden på alle tre punkt i dokumentet, «Bakgrunn for vedtak Øyfjellet vindkraftverk – endring av konsesjon». NVE ytrar i dokumentet at Øyfjellet vindkraftverk er eit godt prosjekt og at dei er positiv til at teknologiutvikling har ført til meir effektive vindmøller.<sup>292</sup> NVE vurderer samstundes dei negative konsekvensane av endringane som minimale, òg for reindrifta. Det kom inn 10 høyringar til endringssøknaden, og desse er henta inn i dokumentet i ein samanfatta versjon. Dei sterkeste reaksjonane på endringssøknaden kom frå Naturvernforbundet, som uttrykte uro for om den vil gi Eolus større spelerom for nedbygging av natur, og batteriprodusent Freyr AS som meina den auka nettkapasiteten vil gå utover andre næringsinteresser. Elles vart dei negative konsekvensane for reindrifta lufta av fylkesmannen og Nordland Fylkeskommune, utan at nokon av dei stilte seg imot endringane.<sup>293</sup>

---

<sup>288</sup> Norconsult. *Søknad om endring av konsesjon*, 31.

<sup>289</sup> Norconsult. *Søknad om endring av konsesjon*, 31.

<sup>290</sup> Norconsult. *Søknad om endring av konsesjon*, 11.

<sup>291</sup> NVE. *Bakgrunn for vedtak Øyfjellet vindkraftverk – endring av konsesjon*. 11.18.2018. 6.

<sup>292</sup> NVE (2018). *Bakgrunn for vedtak– endring av konsesjon*, 1.

<sup>293</sup> NVE (2018). *Bakgrunn for vedtak– endring av konsesjon*, 7-9.

## MTA- og Detaljplan for vindkraftverket

I desember 2018 godkjente NVE ein søknad frå Eolus Wind om å få utsatt frist for igangsetting av vindkraftverket med eit år til 2021 og det same for varigheita på konsesjonen.<sup>294</sup> Den 7. mai 2019, sende tiltakshavar inn tre dokument til NVE, som til saman utgjorde endeleg MTA-plan og detaljplan for Øyfjellet Windkraftverk. Dokumentstaden vi no skal undersøkje er ein stad der utbyggjer gjev ein teknisk skildring av alle komponentane og installasjonane som skal byggjast og viser plasseringa av desse med kart.<sup>295</sup> Det er og ein stad der utbyggjer argumenterer for at måten dei planlegg å byggje og drive anlegget på tek omsyn til miljø, landskap og reindrifta. Dokumenta er viktige marknadsverktøy for utbyggjer, ettersom NVE må ha godkjent detaljplan og MTA-plan før anleggsarbeidet kan starte.<sup>296</sup> I tillegg er dokumenta resultatet av eit omfattande forarbeid utført av ulike fagfolk, som skapar det naudsynte fundamentet for at den praktiske utføringa av vindkraftverket kan kome i gong. Slik vil dokumenta, dersom dei vert godkjent av NVE, vere verktøyet som flytter saka om Øyfjellet Windkraftverk frå papir til røyndom.

Dei tre dokumenta er produsert av ulike konsulentselskap; MTA og Detaljplan for planområdet er publisert av Multiconsult,<sup>297</sup> MTA og Detaljplan for framkomstveg er produsert av Rambøll,<sup>298</sup> og MTA- og detaljplan for linjenettet er produsert av Norconsult.<sup>299</sup> I dokumenta står Øyfjellet Wind AS oppført som oppdragsgivar og ikkje Eolus Wind Norge AS. Øyfjellet Wind AS er eigd av det tyske selskapet Aquila Capital, og i juli 2019 kjøpte selskapet offisielt 100% av aksjane frå Eolus for 30 millionar euro. I avtalen sto det at Eolus Wind skal halde fram å handtere bygginga av vindkraftverket på vegne av Aquila Capital.<sup>300</sup> Eg kjem ikkje til å gå igjennom dokumenta på til saman 350 sider, i detalj ein for ein. I staden, vil eg undersøkje dokumenta samla i lys av korleis tiltaket Øyfjellet Windkraftverk er modifisert, og korleis tre tema, friluft, naturmangfold og reindrift vert representert i dokumenta og kva tiltak som vert presentert for korleis desse tema skal ivaretakast.

<sup>294</sup> NVE (2018). *Eolus Wind Norge AS - Vedtak om utsatt frist for idriftsettelse og forlenget varighet på anleggskonsesjon for Øyfjellet vindkraftverk*. 02.11.2018

<sup>295</sup> NVE (2016) *Rettleiar for utarbeiding*.

<sup>296</sup> NVE. «Konsesjonssak: Øyfjellet Windkraftverk». 2021.

<https://www.nve.no/konsesjon/konsesjonssaker/konsesjonssak?id=218&type=A>

<sup>297</sup> Multiconsult. *MILJØ-, TRANSPORT- OG ANLEGGSPPLAN (MTA) MED DETALJPLAN FOR Øyfjellet vindkraftverk*. 06.05.2019.


<sup>298</sup> Rambøll. *MTA-Plan / detaljplan adkomstveg Øyfjellet Windkraftverk*. 06.05.2019.

<sup>299</sup> Norconsult. *MTA-Plan / detaljplan for linjenett mellom Kleivan og fram til Marka trafostasjon*. 05.06.2019.

<sup>300</sup> Europower. «Aquila overtar Øyfjellet vindpark». 15.09.2019 <https://www.europower.no/vindkraft/aquila-overtar-oyfjellet-vindpark/1-2-298447>

## Tiltaket Øyfjellet vindkraftverk

Tiltaket Øyfjellet vindkraftverk slik det er presentert i dokumenta, inneber utbygging av 75 vindmøller med høgde på 120 meter og rotordiameter på 160 meter. Den samla installerte effekten på vindkraftverket er inntil 400MW, etter godkjenning frå NVE. Det planlagde interne vegnettet i vindkraftverket er ca. 56 kilometer veg, og i tillegg er det planlagt ein framkomstveg opp til vindkraftverket frå sør, som vil utgjere ytterligare 11 km veg. Det er òg framlagt planar for bygging av to transformatorstasjonar i konsesjonsområde, og ein 132 kV luftleidning med jordkabler mellom Kleiven og Marka transformatorstasjon.<sup>301</sup> Nokre av planane som vert lagt fram i dokumentet, går utanom konsesjonen og dei godkjente konsesjonsendringane frå 2018. Difor søker utbygger samstundes om fire konsesjonsendringar: ein mindre utviding av konsesjonsområde, større rotordiameter på vindmøllene, endra trase for framkomstveg, og løyve til å bygge 3 målemaster i konsesjonsområdet.<sup>302</sup> Når det kjem til plasseringa av vindturbinane så er det gjort store endringar i plantekningane, der den største endringa er at ingen vindmøller lengre er planlagt bygd på sjølve Øyfjellet.



Dette kartet, s. 20 i Multiconsult(2019) viser plassering av vindmøller(rød), framkomstveg og internveg(svart) og utviding av konsesjonsområde(grøn). Her ser vi at alle vindturbinane er flytta vekk frå Øyfjellet.

<sup>301</sup> Multiconsult. *MTA med detaljplan for Øyfjellet vindkraftverk*.

<sup>302</sup> Multiconsult. *MTA med detaljplan for Øyfjellet vindkraftverk*, 23.

## Friluft

Når det kjem til friluft, er tema omtalt i alle tre dokumenta, men mest om tema finn ein i Multiconsult(2019), der omtalen av tema står fram noko motseiande. Først vert Norconsult(2013) si vurdering av området som lite viktig for friluft henta inn i dokumentet.<sup>303</sup> Men så vert det og inkludert ein figur som viser verdisette friluftslivsområder, der heile vindkraftparken er lagt i eit område som er vurdert som «viktig friluftslivsområdet».<sup>304</sup> Det vert i alle tre dokumenta vist til konsesjonsvilkåret som vart sett for friluft, om at konsesjonær må inngå avtale med Vefsn Kommune og Brurskanken turlag om avbøtande tiltak for friluft. Det opplysast om at tiltakshavar har hatt fleire konsultasjonsmøter både om framkomstveg, linjenett og vindkraftverket, og at det er oppnådd semje mellom partane. Dei avbøtande tiltaka som presenterast i detaljplanane er mellom anna at det ikkje skal byggjast vindmøller på Stortuva og at det skal verte sett opp skilt som mellom anna informerer om iskast.<sup>305</sup>

Det kjem og fram at tiltakshavar skal ha inngått ei intern avtale med Brurskanken turlag om å hjelpe til med oppussing av ei hytte frå 1800-talet, Fjellgården, i Lomsdalen Visten Nasjonalpark. Tiltaket kallast eit «kompanserende tiltak», ettersom hytta ligg langt utanfor tiltaksområdet.<sup>306</sup> Sjølv om det står fleire stader i dokumentet at det er inngått avtale med turlaget, vert det i Norconsult 2019, opplyst at avtalen med Brurskanken turlag manglar ein samordning med Statskog og difor ikkje er heilt i mål.<sup>307</sup> Når det kjem til ideen som tidlegare vart fremja om at vegane som byggjast i samband med kraftverket skal opnast for allmente og dermed gjere Vesterfjellan meir tilgjengeleg, vert dette gått tilbake på. Det står at Vefsn Kommune ikkje ønskjer å fremje tiltaket om ein ny inngangsport til Vesterfjellan, på bakgrunn av motstand frå grunneigarar og reindrifta.<sup>308</sup> Samla finn ein at verdisettinga av området som friluftsområde er uklar i dokumentet, men at tiltakshavar er kome til semje med nokre av friluftsaktørane i område.

---

<sup>303</sup> Multiconsult. *MTA med detaljplan for Øyfjellet vindkraftverk*, 65.

<sup>304</sup> Multiconsult. *MTA med detaljplan for Øyfjellet vindkraftverk*, 66.

<sup>305</sup> Multiconsult. *MTA med detaljplan for Øyfjellet vindkraftverk*, 68.

<sup>306</sup> Multiconsult. *MTA med detaljplan for Øyfjellet vindkraftverk*, 67-68.

<sup>307</sup> Norconsult. *MTA-Plan / detaljplan*, 46.

<sup>308</sup> Rambøll. *MTA-Plan / detaljplan adkomstveg*, 45.

## Naturmangfald

Tema naturmangfald er diskutert under eige kapitel i alle tre dokumenta. Eg vil ta utgangspunkt i kva som står om tema i Multiconsult(2019), for så å diskutere kva tiltak som vert presentert for å ivareta naturmangfald i alle tre dokumenta. I dokumentet er andre dokument flytta inn som datagrunnlag i diskusjonen av tema. Blant anna finn vi at konsekvensutgreiinga frå 2013, ein naturtypekartlegging av framkomstveg frå 2017 og diverse art-databaser er henta inn. I dokumentet er tiltaksområdet omtalt som eit område «i hovedsak preget av karrige naturtyper.»<sup>309</sup> Det står og at «Det er ikke prioriterte arter av planter eller utvalgte naturtyper i området»<sup>310</sup> og at «Det er ikke avgrenset leveområder for prioriterte arter av dyr (fugl) i området.»<sup>311</sup> Samstundes står det at det er gjort fleire registreringer av planteartar av stor forvaltningsinteresse av naturbase i område. Det vert vist til at område er registrert leveområde for dei trua artane jerv og gaupe, og fem raudlista fugleartar, deriblant lirype og fjellrype. I tillegg til dei sensitive artane kongeørn, havørn, jaktfalk og hønsehauk, som er registrerte i offentlege basar. Til slutt vert det nemnt at det finst viktige karst- og grotteområder ved Øyfjellet.<sup>312</sup>

Multiconsult viser i dokumentet til at det vart sett konsesjonsvilkår om at hekkelokalitet for jaktfalk i planområdet skulle takast omsyn til i anleggsperioden. Multiconsult opplyser vidare til at det skal ha vore i kontakt med Norsk Ornitologisk Forening (NOF), som står bak registreringen av hekkeområda til jaktfalk i tiltaksområde. NOF vart stifta tilbake i 1957 og er ein frivillig naturvernorganisasjon med hovudvekt på fuglar og vern av dei.<sup>313</sup> Multiconsult har teke med eit utsegn i dokumentet av NOF som i ein korrespondanse skal ha ytra at «...tyder jo det på at plottet er unøyaktig og at hekkeplassen kan ligge hvor som helst i dette fjellområdet». <sup>314</sup> Med dette argumenterer Multiconsult for at vilkåret om å ta omsyn til hekkelokalitet for jaktfalk er basert på ei missforståing. Men dei skriv også at det er planlagt ei kartlegging vår/forsumar i forhold til mogleg førekommst av hekkelokalitet for jaktfalk, og at moglege tiltak heller må vurderast om det vert funne reir.<sup>315</sup> Når det kjem til vilkåret om naturkartlegging, skriv Multiconsult at denne kartlegginga alt er utført. Vidare viser

<sup>309</sup> Multiconsult. *MTA med detaljplan for Øyfjellet vindkraftverk*, 39.

<sup>310</sup> Multiconsult. *MTA med detaljplan for Øyfjellet vindkraftverk*, 39.

<sup>311</sup> Multiconsult. *MTA med detaljplan for Øyfjellet vindkraftverk*, 39.

<sup>312</sup> Multiconsult. *MTA med detaljplan for Øyfjellet vindkraftverk*, 40.

<sup>313</sup> Birdlife. «Om birdlife Norge.» 02.03.2024. <https://www.birdlife.no/organisasjonen/om.php>

<sup>314</sup> Multiconsult. *MTA med detaljplan for Øyfjellet vindkraftverk*, 39-40.

<sup>315</sup> Multiconsult. *MTA med detaljplan for Øyfjellet vindkraftverk*, 43.

Multiconsult til to ytterlegare tiltak skal bidra til å ivareta naturmangfald; at eventuell vegetasjon/naturtypar som skal bevarast skal merkast med sperreband og at det skal oppretta rutinar for registrering av død fugl i vindkraftverket.<sup>316</sup>

I detalj- og MTA plan for nettsambandet til vindkraftverket vurderer Norconsult at nettilinja ikkje rører ved raudlista artar og at det ikkje er naudsynt med avbøtande tiltak for sårbare arter og naturtypar.<sup>317</sup> I detalj- og MTA plan for framkomstveg vert resultata frå naturtypekartlegginga til Norconsult framlagt, her vert det konkludert med at det var tre lokaliteter som vil påverkast av framkomstvegen. Desse er skogområder mellom Grøvsætera og Kleivan, Myrer i Storkvanndalen og Grotte ved Kvannmyrbekken / Kleivelva, der det berre er lagt fram forslag til spesielle tiltak for sistnemnte. Tiltaket som vert foreslått for grotta er at den bør vurderast av geolog og at større sprengingsarbeid og fyllingar bør avklarast med geolog.<sup>318</sup>

## Reindrift

Når det kjem til korleis reindrifta er representert i dokumentstaden så inneheld alle tre dokumenta eit eige kapitel om reindrifta og korleis planane varetok den. Likevel fyller reindrifta vurdert opp mot lengda på dei ulike dokumenta. Dei tre kapitla om reindrift utgjer til saman 13 av 350 sider i dokumentstaden. Mest om reindrifta står det i dokumentet, «MTA og detaljplan for planområde.» Her vert det vist til konsesjonsvilkåra som er knytt til reindrifta om at alle planane skal konsulterast med reinbeitedistriktet og at tiltakshavar skal utarbeide avbøtande tiltak i samarbeid med reinbeitedistriktet.

I dokumentet kjem det fram at Øyfjellet Wind AS ikkje har lukkast med å kome fram til ein avtale med reinbeitedistriktet. Det står òg at «Distriktet har krevd en alternativ reindriftsutredning utført av egenvalgt konsulent (Protect Sápmi), noe utbygger har akseptert å betale for.» Men vidare står det at utgreiinga ikkje er ferdig på noverande tidspunktet og at distriktet ikkje har ville bidra med innspel til planane før Protect Sápmi sin rapport er ferdig. Tiltakshavar hevdar dei difor har måtte utforme MTA- og detaljplan, og avbøtande tiltak for reindrifta utan samarbeid med reindrifta. Her framstilla Reinbeitedistriktet som ein motvillig samarbeidspartnar, som ikkje ønskja å samarbeide med tiltakshavar. Samstundes kan ein spørje

---


<sup>316</sup> Multiconsult. Multiconsult. *MTA med detaljplan for Øyfjellet vindkraftverk*, 43.

<sup>317</sup> Norconsult. *MTA-Plan / detaljplan for linjenett mellom Kleivan og fram til Marka trafostasjon*, 57.

<sup>318</sup> Rambøll. *MTA-Plan / detaljplan adkomstveg Øyfjellet Vindkraftverk*, 29.

kva reindrifta får ut av rapporten til Protect, dersom utforminga av vindkraftverket og avbøtande tiltak vert fastsett før rapporten er klar.

Det vert lagt fram 10 forslag til avbøtande tiltak i dokumentet. Utbyggjer skriv at tiltaka som vert foreslått kan vere aktuelle, anten enkeltvis eller samla. Dei åtte første avbøtande tiltaka som presenterast i dokumentet, har som utgangspunkt at flytting av reinflokkene skal skje gjennom vindkraftverket med beiting. Her vert det blant anna foreslått dialog kring flyttinga mellom utbyggjer og distriktet, midlertidig stans i enkelt vindmøller under flyttinga, bruk av midlertidige gjerder og auka gjeterinnsats som utbyggjer kan betale for. Først i forslag 9 står det at utbyggjer kan dekkje utgifter dersom ei alternativ flyttelei vert naudsynt, og til sist i forslag 10 foreslår utbyggjer lastebiltransport av reinsdyr gjennom vindkraftområde.<sup>319</sup>



Dette kartet, frå s. 48 i Multiconsult (2019), viser flytteleiene(lyselilla) gjennom vindkraftverket. Her ser vi at plasseringa av vindmøllene i den nye plantenkinga er meir konsentrert kring flytteleiene.

<sup>319</sup> Multiconsult. *MTA med detaljplan for Øyfjellet vindkraftverk*, 50-51.

## Reaksjonar på MTA og Detaljplan

Etter MTA- og Detaljplanen for vindkraftverket vart offentleggjort følgde ein ca. 3 veker lang høyringsperiode. Frist for å sende inn høyringsutsegn til NVE om MTA- og Detaljplan var sett til 31. mai 2019. NVE fekk tilsendt til saman åtte høyringar, der to av desse høyringane, fylkesmannen og Jillen-Njaarke Reinbeitedistrikt sine, vart sendt inn først i midten av juni. I tillegg sendte Vefsn Kommune, Statens vegvesenet, Sametinget, Naturvernforbundet i Nordland, Cecilia Persson og Trollvar Naturpark AS inn høyringar før fristen.

Av dei innkomne høyringane er det tre som argumenterer direkte mot at MTA- og Detaljplanane skal godkjennast, desse er; Cecilia Persson, Jillen-Njaarke Reindistrikt og Naturvernforbundet i Nordland. I tillegg kom fylkesmannen i si høyring med merknader til MTA-planen i forhold til reindrifta. Fylkesmannen peika på at det er viktig med god og varig dialog mellom reinbeitedistriktet og konsesjonær, og til tross for at Fylkesmannen vurderer fleire av forslaga til avbøtande tiltak som gode, så konkluderast det med at det manglar avbøtande tiltak som sikrar flytting til vinterbeite i nordvest.<sup>320</sup> Vefsn Kommune er i sitt høyringsutsegn positive til planane og meiner vindkraftverket kan realiserast slik foreslått. Kommunen er begeistra for at Øyfjellet er teke ut av planane og ber samstundes om at område takast ut av konsesjonen. Likevel kjem kommunen med nokre merknadar som at det var for kort høyringsfrist, at det er vanskeleg å ta stilling til reindrift når berre ei side belysast og at det er lagt for lite vekt på estetikk i utforming av trafostasjonar. Vidare vil eg undersøke høyringane til Naturvernforbundet i Nordland og Reinbeitedistriktet.

## Naturvernforbundet i Nordland

Naturvernforbundet i Nordland(NVFN) sendte inn sitt høyringsutsegn siste dag før fristen, etter å ha gjort eit mislykka forsøk på å få den utsatt. På bakgrunn av dette starter NVFN i dokumentet med å rette kritikk mot den korte høyringsfristen. I følgje forbundet førté den korte høyringsfristen til at organisasjonen ikkje har fått tid til å kontrollere om vilkåra i anleggskonsesjonen er oppfylte. I dokumentet uttrykkjer dei kritikk mot innhaldet i MTA og detaljplanen spesifikt, men òg mot sjølve vindkraftprosjektet som dei hevdar er unødvendig og

---

<sup>320</sup> Fylkesmannen i Nordland. *Øyfjellet vindkraftverk - Fylkesmannens uttalelse til MTA-plan.* 18.06.2019

ikkje vil bidra positivt til samfunnet. Forbundet skriv i høyringa at de «vil - sammen med våre samarbeidspartnere fortsette arbeide for å stanse denne utbyggingen.»<sup>321</sup>

Fleire av argumenta forbundet nytter i dokumentet er knytt til reindrifta i området. Dette er spesielt interessant, etter som aktørane som har argumentert mot vindkraftverket på bakgrunn av natur- og miljøvern tidlegare i diskusjonen, ikkje i særleg grad har nytta argument knytt til reindrifta. Men i dokumentet vert det vist til at Naturvernforbundets landsmøte i 2018 vedtok at NVF skal stille seg mot alt av vindkraftutbygging som påverkar samisk kulturell reindrift.<sup>322</sup> I dokumentet peiker NVFN på at den nye plasseringa av vindturbinane i detaljplanen er konsentrert kring flytteleien til reindrifta som har eit særskilt vern. I tillegg kritiserer forbundet MTA-planen for at vilkår 15 om å utarbeide avbøtande tiltak i samarbeid med reindrifta ikkje er oppfylt, at planen er utarbeida i forkant av rapporten til Protect Sápmi og at det ikkje er ført dialog med reinbeitedistriktet. NVFN er og kritisk til alle dei avbøtande tiltaka som vert foreslått av utbyggjer, og hevdar at forslaga viser at utbyggjer ikkje har forståelse for kva reindrift er.<sup>323</sup> Her representerast reindrifta av NVFN som ein viktig aktør i saka, som NVFN er på lag med og som dei deler same interessene som. Moglegvis er det òg reinbeitedistriktet forbundet sikter til med «samarbeidspartnere».

NVFN argumenterer òg for at det er eit stort gap mellom det som står om naturmiljø og det som faktisk finst i områda for adkomstveg og planområde. NVFN hevdar utbyggjer sin påstand om at det ikkje er utvalte arter eller prioriterte naturtypar i område er usann og viser til at dette ikkje stemmer med tidlegare vurdering av naturmiljø. Dei viser òg til tidlegare etterundersøkingar naturvernforbundet har gjort i vasskraftsaker, der dei hevdar å ha funne ein stor underrapportering i førekomensten av artar. Forbundet argumenterer også for at inngrepsfrie soner er eit betre klimatiltak enn vindkraftverk som kjem med miljøforureining. Her viser dei til ein FN-rapport som fastslår at det er like viktig å verne natur som å stanse klimautslepp, for å nå klimamålet på maks 1,5 grad oppvarming.<sup>324</sup> Desse argumenta kan passe inn i den diskursive kategorien til Nisbet med *dei økologiske aktivistane*, fordi vern av natur vert favorisert over teknologiske løysingar som klimatiltak.

---

<sup>321</sup> NVE. *Vedlegg. Sammenfatning av høringsuttalelser. Øyfjellet vindkraftverk, Vefsn kommune.* 2019. 7.

<sup>322</sup> NVE(2019). *Vedlegg. Sammenfatning av høringsuttalelser*, 6.

<sup>323</sup> NVE(2019). *Vedlegg. Sammenfatning av høringsuttalelser*, 6.

<sup>324</sup> NVE(2019). *Vedlegg. Sammenfatning av høringsuttalelser*, 6.

## Reinbeitedistriktet

Den 15. juni 2019, sendte Dalan Advokatfirma DA, med Jon-Andreas Lange som ansvarlig advokat, inn dokumentet «Høringsuttalelse detaljplan og MTA-plan for Øyfjellet Vindkraftverk – Jillen-Njaarke Reinbeitedistrikt» til NVE. Dette dokumentet er ein stad der reinbeitedistriktet, gjennom sin advokat, gjer greie for sine synspunkt på MTA- og detaljplanen. På første side under overskrifta «Jillen Njaarke reinbeitedistrikts syn», er det gjort greie for hovudpunktene i synet til reinbeitedistriktet. Her kjem det fram at reinbeitedistriktet meiner MTA- og Detaljplanane ikkje kan godkjennast. Dei meiner utbyggjar ikkje har oppfylt sine forpliktingar i konsesjonsvilkåra og dei viser til at utbyggjar ikkje har ført dialog med reinbeitedistriktet om dei avbøtande tiltaka. Men medan utbyggjar i hevda at årsaka var at reinbeitedistriktet ikkje er villig til å samarbeide, så hevdar reinbeitedistriktet årsaka er at «utbygger ikke ville avvente utredningen fra Protect Sapmi». <sup>325</sup> I tillegg vises det til at dei avbøtande tiltaka ikkje er sendt til fylkesmannen for vurdering, slik det oppdaterte konsesjonsvilkåret frå Olje- og energidepartementet satt krav om.<sup>326</sup>

Rapporten til Protect Sapmi, som er lagt ved som vedlegg i dokumentet, har ei viktig rolle i reinbeitedistriktets høyringsutsegn.<sup>327</sup> Reinbeitedistriktet hevdar at dei har bedt om rapporten, som omtalast i dokumentet som ei «*uavhengig konsekvensutredning og inngrepkartlegging*»<sup>328</sup> i fleire år. Det står òg at utbyggjer først skal ha akseptert den alternative konsekvensutgreiinga i slutten av 2018. Noko som ikkje stemmer med det som sto i brevet frå NVE til Olje- og Energidepartementet i 2015. I brevet frå 2015 vart det hevda at reinbeitedistriktet og utbyggjar allereie var samd om ei ny utgreiing i regi av Protect Sápmi. Men om det som står her stemmer, vil det kunne forklare kvifor rapporten ikkje vart klar før klagehandsaminga i 2016.

Reinbeitedistriktet hevdar rapporten til Protect er første gong konsekvensane for reinbeitedistriktet er vorte tilstrekkelig utgreia, ettersom rapporten vurderer konsekvensane av Øyfjellet Vindkraftverk i samband med alle ytterelegare inngrep i distriktet. At vindkraftverket må vurderast i samband med andre arealinngrep, var noko reinbeitedistriktet argumenterte for

---

<sup>325</sup> Dalan Advokatfirma DA. *Høringsuttalelse detaljplan og MTA-plan for Øyfjellet Vindkraftverk – Jillen Njaarke Reinbeitedistrikt*. Jon-Andreas Lange. Oslo. 15.07.2019. 1.

<sup>326</sup> Dalan Advokatfirma DA. *Høringsuttalelse detaljplan og MTA-plan*, 1.

<sup>327</sup> Dalan Advokatfirma DA. *Høringsuttalelse detaljplan og MTA-plan*, 8.

<sup>328</sup> Dalan Advokatfirma DA. *Høringsuttalelse detaljplan og MTA-plan*, 2.

tilbake i sin klage på konsesjonsvedtaket fra 2015. Når ei slik konsekvensutgreiing no er vorte utført, hevdar reinbeitedistriktet at det endrar heile kunnskapsgrunnlaget i saka. Reinbeitedistriktet viser til at rapporten konkluderer med at Øyfjellet Vindkraftverk har langt meir alvorlige konsekvensar for reindrifta, enn det som vart hevd i Norconsult sin konsekvensutgreiingsrapport frå 2014. I følgje reinbeitedistriktet er konsekvensane som kjem fram i rapporten såpass alvorlege at dei vil føre til ein stor usikkerhet for reindriftsutøvinga i distriktet.<sup>329</sup> Reinbeitedistriktet argumenterer med bakgrunn i FNs konvensjon om sivile og politiske rettigheter (SP) artikkel 27, for at det med noverande kunnskapsgrunnlag aldri skulle vore gjeve konsesjon til vindkraftverket.<sup>330</sup>

Men trass i at reinbeitedistriktet si stilling i saka er at vindkraftverket aldri burde fått konsesjon, så vert det òg gitt innspel til innhaldet i MTA- og detaljplanen i dokumentet. Under overskrifta «Vindkraftområde går tapt som beiteareal», hevdar reinbeitedistriktet at tiltakshavar med sine forslag til avbøtande tiltak 9 og 10, no motseier konklusjonen i konsekvensutgreiingsrapporten til Norconsult om at reinen vil kunne trekkje nokså uhindra gjennom vindkraftområde. Dette fordi eit premiss for desse tiltaka, i følgje reinbeitedistriktet, er at området går tapt som beiteområde, som er i samråd med konklusjonen til Protect Sapmi. På bakgrunn av dette, hevdar reinbeitedistriktet at utbyggjer òg sjølv verkar å anerkjenne feil i Norconsult sin rapport frå 2014.<sup>331</sup> Vidare er reinbeitedistriktet kritisk til auka storleik på vindturbinane og den nye plasseringa av dei. Reinbeitedistriktet skriv at dei ikkje har vorte konsultert om plasseringa av vindturbinane, men at dei har orientert utbyggjer på eige initiativ om at distriktet ønskjer vindmøllene plassert på Øyfjellet framfor på og rundt flytteleiene. Reinbeitedistriktet peiker på at utbyggjer no har valt å gjere det omvendte.<sup>332</sup>

Når det kjem til forslaga til avbøtande tiltak, skriv reinbeitedistriktet at utbyggjer kjem med forslag som er «tydelig tuftet på at de ønsker å gjøre minst mulig avbøtende tiltak».<sup>333</sup> Reinbeitedistriktet hevdar at forslag 1-8 føresetjar noko umuleg, nemleg flytting gjennom vindkraftverket med berre fysisk gjeting. Til forslag 9, som opnar for tilrettelegging av alternativ flyttelei, så er reinbeitedistriktet kritiske til at dette eksemplifiserast med alternativ som reinbeitedistriktet tidlegare har informert om ikkje vil vere mogleg. Til forslag 10, som

---

<sup>329</sup> Dalan Advokatfirma DA. *Høringsuttalelse detaljplan og MTA-plan*, 5.

<sup>330</sup> Dalan Advokatfirma DA. *Høringsuttalelse detaljplan og MTA-plan*, 3.

<sup>331</sup> Dalan Advokatfirma DA. *Høringsuttalelse detaljplan og MTA-plan*, 5.

<sup>332</sup> Dalan Advokatfirma DA. *Høringsuttalelse detaljplan og MTA-plan*, 6.

<sup>333</sup> Dalan Advokatfirma DA. *Høringsuttalelse detaljplan og MTA-plan*, 9.

inneber flytting av reinsdyr med lastebil gjennom tiltaksområde, hevdar reinbeitedistriktet at øg denne løysinga er usikker, men at den i tråd med Protect Sapmi sin rapport kan fungere som ein av tre alternative flytteløysingar. Reinbeitedistriktet viser til at rapporten til Protect Sapmi kjem med tre avbøtande tiltak som må til for å sikre flytteleiene ved etablering av Øyfjellet Vindkraftverk.<sup>334</sup>

Mot slutten av dokumentet, under overskrifta «Føre var-prinsippet» vert det vist til naturmangfaldsloven(2009-06-19). Her er både føremålsparagraf 1 henta inn, der det står eksplisitt at loven øg inkluderer «grunnlag for samisk natur»<sup>335</sup>, i tillegg til paragraf 9, som tek opp føre var-prinsippet. I paragraf 9 står det mellom anna at «(...)Foreligger en risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikke mangel på kunnskap brukes som begrunnelse for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak.»<sup>336</sup> Reinbeitedistriktet hevdar at førevar prinsippet tilseier at Øyfjellet Vindkraftverk aldri burde utbyggast, men at det no er avgjerande at NVE nyttar prinsippet slik at konsekvensane for reinbeitedistriktets som følge av utbygginga vert minst mogleg.<sup>337</sup> Reinbeitedistriktet presiserer heilt til slutt at dei meiner MTA- og detaljplanen ikkje kan godkjennast. Dersom NVE likevel vel å gå vidare med MTA- og detaljplanen, så skriv advokaten at reinbeitedistriktet krev ein konsultasjon der både sametinget og utredar Protect Sapmi skal vere tilstade.

Dokumentsaka slik den er forma i dette dokumentet er: Øyfjellet vindkraftverk vart gjeve konsesjon på eit mangefullt kunnskapsgrunnlag. Med utgreiingsrapporten til Protect Sapmi er kunnskapsgrunnlaget i saka for første gong tilfredsstilande. Det oppdaterte kunnskapsgrunnlaget viser i medhald til folkeretten og naturmangfaldsloven, at konsesjonen til Øyfjellet Vindkraftverk aldri skulle ha vorte gjeve. Dersom vindkraftutbygginga likevel skjer vil det vere avgjerande at NVE heretter nyttar førevar prinsippet i vidare sakshandsaming, slik at konsekvensane for reinbeitedistriktet vert minst mogleg katastrofale. I første rekkje kan ikkje MTA- og detaljplanen godkjennast før konsesjonsvilkåra er oppfylt.

I tidlegare dokument vi har undersøkt, har vi sett at både tiltakshavar og konsesjonsmyndigheit har kome med påstandar om at dei har «tilstrekkelig kunnskap om tema reindrift», «ein god dialog med reindistriktet» og at «tema reindrift er tilstrekkeleg utgreia.» Når reinbeitedistriktet

---

<sup>334</sup> Dalan Advokatfirma DA. *Høringsuttalelse detaljplan og MTA-plan*, 8/9.

<sup>335</sup> Lovdata.no Kapitel 1. Formål og virkeområder. Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven). 16.19.2009.

<sup>336</sup> Lovdata.no Naturmangfoldloven – nml. 9. førevarprinsippet. 2009.

<sup>337</sup> Dalan Advokatfirma DA. *Høringsuttalelse detaljplan og MTA-plan*, 9.

så tydeleg hevdar noko anna i dette dokumentet, så tyder det på at diskusjonen om Øyfjellet Vindkraftverk òg er ein diskusjon om kven som har kunnskap. Naturvernforbundet i Nordland argumenterte òg for at utbyggjar ikkje har tilstrekkelig kunnskap korkje om naturmiljøet eller om reindrifta i område. Kva inneber det eigentleg å ha tilstrekkeleg kunnskap om reindrifta, og kven sitt på denne kunnskapen? Det neste dokumentet eg skal undersøkje er rapporten til Protect Sapmi. Kva er det med denne rapporten som er så banebrytande og som i følgje reinbeitedistriktet endrar heile stillinga i saka om Øyfjellet Vindkraftverk?

## Protect Sàpmi: inngrepkartlegging og reindriftsfagleg utgreiing 2019

### Del 1

Den endelege rapporten til Protect Sàpmi vart publisert i juni 2019, under namnet, «*Inngrepkartlegging og reindriftsfagleg utgreiing - forhold til Øyfjellet Vindkraftverk*». Dette dokumentet er særleg interessant for saka om Øyfjellet Vindkraftverk, fordi det er produsert av ein stiftelse med andre næringsinteresser enn Norconsult som publiserte konsekvensutgreiinga på vegne av tiltakshavar i 2013. I dokumentet over såg vi at reinbeitedistriktet omtalte rapporten som «uavhengig», men i vedtekten til Protect Sapmi står det at stiftelsen har som mål å forsvare samiske areal- og næringsinteresser.<sup>338</sup> Dokumentet er ein stad der Protect Sàpmi vurderer konsekvensane Øyfjellet Vindkraftverk vil ha for reindrifta. Dokumentet er bestilt av reinbeitedistriktet og fungerer som eit næringsverktøy, då det skapar eit kunnskapsgrunnlaget for distriktets stilling til saka, som distriktet kan vise til i forhandlingar og potensielle konfliktar med tiltakshavar og myndighet. Som vi såg over, fekk rapporten allereie ei sentral rolle i reinbeitedistriktets høyringsutsegn til MTA- og Detaljplanen.

Samstundes er det utbyggjer som har betalt for utgreiinga, og som eit resultat av dette kjem stiftelsen i eit separat dokument, «Del 2 – forslag til tiltak», med forslag til avbøtande tiltak ved etablering av Øyfjellet vindkraftverk.<sup>339</sup> Dette til tross for at reindriftsnæringa, som interesser organisasjonen ønsker å fremje, stiller seg i mot utbygginga. Dette vert og poengert i dokumentet: «Alle tiltak som foreslås er subsidiære tiltak da primærtiltaket, som er avslutning av vindkraftprosjektet, er det distriktet ønsker. Utreders jobb er imidlertid å vurdere mulighetene for avbøtende og andre tiltak under forutsetning av at utbyggingen

---

<sup>338</sup>Protect Sàpmi. *Protect Sàpmi*. <https://www.protectsapmi.com/norsk/om-protect-sapmi/>

<sup>339</sup>Protect Sàpmi. *Inngrepkartlegging og reindriftsfagleg utgreiing - forhold til Øyfjellet Vindkraftverk*. Del 2 – forslag til tiltak. Juni 2019.

gjennomføres.»<sup>340</sup> Slik kan dokumentet med del 2 òg fungere som eit næringsverktøy for utbyggjar, som har fått konsesjonsvilkår om å utarbeide avbøtande tiltak med reindriftsnæringa. Men som vi såg vart MTA- og Detaljplanen til vindkraftverket innsendt ein månad før rapporten var klar.

Sidan del 1, som består av 86 sider, og del 2 som består av 8 sider, vart publiser som separate dokument av Protect, vil eg òg undersøkje dei som det. Vidare vil eg drøfte del 1 i forhold til representasjon av reindrifta, kva som hevdast å vere dei viktigaste negative konsekvensane og korleis saka Øyfjellet Vindkraftverk vert etablert i dokumentet. Til slutt vil eg drøfte dei avbøtande tiltaka som vert foreslått i del 2. Eg kjem til å inkludere ein del av karta og modellane Protect har teke med i rapporten, ettersom Protect nytter desse til å skape det overordna biletet av saka dei argumenterer utifrå.

## Representasjon av reindrifta og reindriftsfagleg kunnskap

I dokumentet er reinbeitedistriktet Jillen-Njaarke representert som den viktigaste aktøren i saka om Øyfjellet Vindkraftverk og reindriftsfagleg kunnskap er tildelt høg verdi. Protect nytter NVE si tilnærming i rapporten, *10-2004 om reinbeiter og arealinngrep*, som utgangspunkt for konsekvensvurderinga. Her vert det sett sokjelys på reineigarane sin kunnskap om reindrifta og den heilsakaplege bruken.<sup>341</sup> Det vert òg vist til FN konvensjonens rapport om biologisk mangfald, som seier at tradisjonell kunnskap skal anerkjennast på lik linje med forskingsbasert kunnskap.<sup>342</sup> Protect kombinerer reindriftsfagleg kunnskap med kumulativ metode, som tyder at konsekvensane av vindkraftverket vert sett i samanheng med den samla belastninga av andre pågåande, tidlegare og framtidige arealinngrep i reinbeitedistriktets område.<sup>343</sup> Dermed oppfyller dei òg reinbeitedistriktets ønske om at vindkraftverket skal vurderast i samanheng med andre arealinngrep.

For å skaffe det tradisjonelle kunnskapsgrunnlaget har Protect i tillegg til å anvende distriktsplan og kart, haldt fleire møter med representantar frå reinbeitedistriktet. Dei har kome med «verdifulle bidrag».<sup>344</sup> Noko som er interessant å merke seg, er at desse representantane

---

<sup>340</sup> Protect Sápmi. *Inngrepkartlegging og reindriftsfagleg utgreiing. Del 2*, 2.

<sup>341</sup> Protect Sápmi. *Inngrepkartlegging og reindriftsfagleg utgreiing.*, 5.

<sup>342</sup> Protect Sápmi. *Inngrepkartlegging og reindriftsfagleg utgreiing*, 6.

<sup>343</sup> Protect Sápmi. *Inngrepkartlegging og reindriftsfagleg utgreiing*, 7.

<sup>344</sup> Protect Sápmi. *Inngrepkartlegging og reindriftsfagleg utgreiing*, 5.

her vert nemnt med namn; Torstein Appfjell, Ole Henrik Kappfjell og Per Anders Kappfjel, til skilnad frå tidlegare dokument der reinbeitedistriktet kun har vorte omtalt som ein organisasjon.<sup>345</sup> I tillegg vert det understrekt at Jillen-Njaarke er eit sør-samisk reinbeitedistrikt, og at representantane snakkar sør-samisk og norsk. Til dette kommenterer Protect at kommunikasjonen stort sett har måtte skje på norsk, fordi utgreier berre beherskar nordsamisk og norsk, men at det vart brukt samiske reindriftsfaglege omgrep i dialogen. Protect understrekar at samisk er viktig for å forstå den tradisjonelle kunnskapen, ettersom norsk manglar ord som direkte kan omsetje mange samiske omgrep.<sup>346</sup> Dette kan vere eit uttrykk for den reindriftssamiske habitusen Bård A. Berg omtalte i sin avhandling.

For å illustrere kompleksiteten av fundamenta som må vere på plass for å sikre siidaens kontinuitet, har Protect inkludert “*Modell for bærekraftig reindrift forankret i praksiskunnskapen til samiske reindriftsutøvere*” i dokumentet. Denne modellen er utvikla av ei forskingsgruppe ved Samisk Høgskole, og tek utgangspunkt i doktoravhandlinga til Mikkel Nils Sara.<sup>347</sup> Modellen skal illustrere korleis dei ulike fundamenta; *Menneske, Siidagrunnlaget, Forståelsesgrunnlaget, Kunnskapsgrunnlaget, Ressursgrunnlaget, Husholdsgrunnlaget, Rettsgrunnlaget og merkegrunnlaget*, er gjensidig avhengig av kvarandre og at dersom eit fundament vert påverka så får det ringverknadar. Eit av døma som det vert vist til, og som er relevant her, er at dersom reindriftsutøvar må prioritere ledig tid til å ha dialog med inngrepaktørar og myndigheter, handtere meir arbeid og skaffe andre inntektskjelde, så kan det føre til mindre tid til opplæring av barn og unge i *kunnskapsgrunnlag* og *forståelsesgrunnlag*. Dette vil vidare kunne få konsekvensar for framtidig rekrutteringa av *menneske* til reindrifta og dermed gå utover reindriftas framtidige berekraft.<sup>348</sup> Set utifrå denne modellen vil ein dermed kunne hevde at tiltaket Øyfjellet Vindkraftverk allereie har påverka reindrifta negativt, fordi prosessen kring prosjektet opptek verdifull tid frå reindriftsutøvarane.


---

<sup>345</sup> Protect Sápmi. *Inngrepkartlegging og reindriftsfagleg utgreiing*, 5.

<sup>346</sup> Protect Sápmi. *Inngrepkartlegging og reindriftsfagleg utgreiing*, 6.

<sup>347</sup> Protect Sápmi. *Inngrepkartlegging og reindriftsfagleg utgreiing*, 11-12.

<sup>348</sup> Protect Sápmi. *Inngrepkartlegging og reindriftsfagleg utgreiing*, 13.



Modellen(s. 12 i dokumentet) er teke med for å vise kompleksiteten av fundamenta som må vere på plass for at reindrifta skal vere bærekraftig.

Fleire stadar i rapporten vert samiske omgrep ikkje berre omsett, men omkoda til norsk med ei utfyllande forklaring. Dette illustrerer for leseren korleis mykje av den tradisjonelle kunnskapen er innprenta i samisk språk, og bidrar til å gi samisk språk høg verdi i dokumentet. Til dømes vert det samiske uttrykket “Jahki ii leat lagi vielja” forklart med «på norsk “Et år er ikke et annet års bror” tyder at for reindriften er variasjoner fra år til år vanlig.»<sup>349</sup> Etterfølgt av ei lengre forklaring om korleis reindrifta, på grunn av at ein årssyklus kan vere svært varierande, er heilt avhengig av at det finst manøvreringsmoglegheiter og alternative beiteområder og flytteleier for siidaen gjennom heile året. Klimaendringane gjer at «behovet for arealmessig handlingsrom og fleksibilitet er økende.»<sup>350</sup> Her nytter utgreier omkoding av det samiske reindriftsfaglege omgrepet til å forklare til utanforståande kvifor reindrift er så arealkrevjande, og difor er avhengig av alt arealet den disponerer. Dette bidrar til å gi samisk reindriftskunnskap høg verdi i dokumentet.

Medan andre aktørar har vore mest oppteke av korleis tiltaket i notid vil kunne skape økonomisk vekst og fungere som eit klimatiltak, så undersøkjer Protect korleis tiltaket inngår i ein større samanheng med tidlegare, notidige og framtidige arealinngrep i reindriftsområdet. Slik vert sjølve tiltaket Øyfjellet Vindkraftverk tildelt lågare status i saka, medan reindrifta som

<sup>349</sup> Protect Sápmi. *Inngrepkartlegging og reindriftsfagleg utgreiing*, 13.

<sup>350</sup> Protect Sápmi. *Inngrepkartlegging og reindriftsfagleg utgreiing*, 13-14.

har vore i område i fleire hundreår vert tildelt høgare status. Dette er òg spegla i måten rapporten er oppbygd på, der vurderinga av tiltaket Øyfjellet Vindkraftverk faktisk ikkje startar før side 48 i rapporten. I forkant har Protect nytta plassen til å gjere greie for Jillen-Njaarke reinbeitedistrikt sitt driftsmønster, i tillegg til inngrep og forstyrringar i distriktet. Denne oppbygginga fortel mykje om avsendar sin posisjon i saka om Øyfjellet Vindkraftverk. Der det vert diskutert korleis tiltaket Øyfjellet Vindkraftverk inngår i driftssituasjonen til reindriftsnæringa, og ikkje omvendt korleis reindriftsnæringa kan inngå i planane om Øyfjellet Vindkraftverk.



I dokumentet vert det brukt fleire kart til å illustrere den kumulative arealinngrepssituasjonen i reinbeitedistriket. Dette kartet( s. 44 i dokumentet) illustrerer inngrepssituasjonen før Øyfjellet Vindkraftverk.

### Dei viktigaste negative konsekvensane med Øyfjellet vindkraftverk


Protect hevdar at Øyfjellet Vindkraftverk, av det omfang som planleggast, vil bidra til at området ikkje lengre kan nyttast til reindrift.<sup>351</sup> I følgje Protect er påverknaden på dei to flytteleiene som ligg i konsesjonsområde, den viktigaste negative konsekvensen for reindrifta. Desse flytteleiene går opp til vinterbeite lengst nord, sone 5. Det går ein tredje flyttelei til vinterbeite over Hundålvatnet, men Protect viser til at denne allereie er påverka av

---

<sup>351</sup> Protect Sápmi. *Inngrepkartlegging og reindriftsfagleg utgreiing*, 26.

vassmagasin til Grytåga kraftverk, som sto ferdig i 1963.<sup>352</sup> Flytting over Hundålvatnet er difor forbunde med høg risiko, då isen kan vere svært ustabil og setje rein og menneskjer i fare. I følgje Protect, skal reinbeitedistriktet ha klart å handtere utbygginga av Hundålvatnet til no, ettersom dei har hatt to alternative flyttelei.<sup>353</sup> Men desse flytteleiene ligg i område der Øyfjellet Windkraftverk er planlagt og som Protect hevdar med stor sannsyn vil føre til at flytteleiene ikkje lengre vil kunne nyttast.<sup>354</sup>

I forhold til årstidsbeiter er det vårbeite som vert hardast ramma ved utbygging av Øyfjellet Windkraftverk, ettersom tiltaksområdet inneheld vårbeite. Vårbeite utgjer saman med vinterbeite minimumsfaktor for reindrifta.<sup>355</sup> Vinterbeite vert òg hardt påverka av vindkraftutbygginga, og dersom flytteleiene til vinterbeite 5 ikkje lengre kan nyttast, mister reinbeitedistriktet i følgje Protect minimum 20% av sitt vinterbeite.<sup>356</sup> Gjennom den kumulative analysen viser Protect korleis dei resterande vinterbeitene i distriket allereie er utsatt for store arealinnngrep, noko som gjer avskjeringa til vinterbeite 5 ekstra sårbart for distriket.<sup>357</sup>



Protect nytter kart til å vise korleis Øyfjellet Windkraftverk påverkar dei ulike årsbeita. Dette kartet(s. 46 i dokumentet) viser korleis Øyfjellet Windkraftverk(skravert felt) påverkar vårbeite(grønt felt).

<sup>352</sup> Protect Sápmi. *Inngrepkartlegging og reindriftsfagleg utgreiing*, 78. og Helgelandkraft. Grytåga Kraftverk. <https://www.helgelandkraft.no/Vannkraft/om-oss/vare-anlegg/grytaaga-kraftverk/>

<sup>353</sup> Protect Sápmi. *Inngrepkartlegging og reindriftsfagleg utgreiing*, 50.

<sup>354</sup> Protect Sápmi. *Inngrepkartlegging og reindriftsfagleg utgreiing*, 83.

<sup>355</sup> Protect Sápmi. *Inngrepkartlegging og reindriftsfagleg utgreiing*, 59.

<sup>356</sup> Protect Sápmi. *Inngrepkartlegging og reindriftsfagleg utgreiing*, 56.

<sup>357</sup> Protect Sápmi. *Inngrepkartlegging og reindriftsfagleg utgreiing*, 57.

Årstidsbeite, kumulativ situasjon inkl. Øyfjellet	Km2	Andel
Distrikt	4213	100 %
Totalareal påvirket	2254	54 %
Vinterbeite totalt	949	100 %
Vinterbeite påvirket	688	72 %
Vårbeite	948	100 %
Vårbeite påvirket	487	51 %
Sommerbeite	2065	100 %
Sommerbeite påvirket	601	29 %
Høstbeite	1095	100 %
Høstbeite påvirket	559	51 %

Denne tabbelen (s. 63 i dokumentet) er nytta til å gi oversikt over den kumulative situasjonen i årsbeita.

Attpåtil verknaden vindkraftverket vil få på flyttelei og årsbeiter, så peiker Protect på at Øyfjellområde, i følgje reinbeitedistriktet, har ein viktig oppsamlande funksjon, på samisk “čoahkkananbáiki”.<sup>358</sup> Denne type oppsamlingsfunksjoner er ikkje markert på arealbrukskarta, men er i følgje Protect ekstremt viktige i nomadisk reindrift. Når ein flytter rein mellom årsbeiter, flyttast reinen skjeldent heilt samla og det kan vere snakk om fleire dagar mellom dei. Protect skriv at reinen i flytteperioden utsetjast for mykje stress som følgje av naturlege og menneskeskapte hindringar langs vegen, og at reindrifta då er avhengig av uforstyrra områder innimellan flyttinga som kan «holde på» flokken.<sup>359</sup> Med utbygging av Øyfjell vindkraftverk hevdar utgreier at området vil gå frå å ha ein oppsamlande og roande funksjon på reinen, til å få ein spreiane funksjon som følgje av alle forstyrringane eit vindkraftverk fører med seg. Utreiar uttrykkjer i dokumentet at «Reindriftsfaglig er dette katastrofalt». <sup>360</sup>

I tillegg peiker Protect på at ein indirekte konsekvens av vindkraftverket vil vere meir trykk på resterande beiteområder som vil gi økt slitasje. Kumulativt hevdast det at arealinngrepet reduserer reindriftas moglegheit til fleksibilitet i arealutnyttinga, og at det saman med andre arealinngrep vil gjer reindrifta svært sårbar. Protect uttrykkjer òg uro for at denne arealsituasjonen vert ekstra sårbar som følgje av klimaendringane.<sup>361</sup> Med alle desse konsekvensane, i tillegg til prosessuelle kostandar og dei menneskelege ressursane som må går med til dialog og samarbeid, hevdar Protect at vindkraftverket vil føre til meir arbeid, høgare

<sup>358</sup> Protect Sápmi. *Inngrepkartlegging og reindriftsfagleg utgreiing*, 51.

<sup>359</sup> Protect Sápmi. *Inngrepkartlegging og reindriftsfagleg utgreiing*, 51-52.

<sup>360</sup> Protect Sápmi. *Inngrepkartlegging og reindriftsfagleg utgreiing*, 52.

<sup>361</sup> Protect Sápmi. *Inngrepkartlegging og reindriftsfagleg utgreiing*, 84.

kostnad, høgare reintap og mindre produksjon for reinbeitedistriktet.<sup>362</sup> Dei hevda òg at skuffelsen reinbeitedistriktet føler på når dei føler seg overkøyrd i arealinngrepssaker, kan gå utover motivasjon, arbeidsglede og rekruttering.<sup>363</sup> Altså kan dette i verste utfall hindre at reindrifta bringast vidare til framtidige generasjoner.

## Klimadiskursen i dokumentet

Det vert tydeleg i dokumentet at òg Protect Sápmi og reindriftsnæringa er opptekne av klima og konsekvensane av klimaendringar. Klimadiskursen som er representert i dokumentet passar best inn i Nisbet sin kategori med *dei økologiske aktivistane*, då det er stort fokus på å ikkje overstige naturens toleemne og at dei fornybare ressursane skal kunne vare i evig tid. Om tidsperspektivet for bærekraft hevda Protect følgjande:

I arealforvaltningen har siidaene et langt tidsperspektiv i bruken av fornybare ressurser. Mens bedrifter og kommersielle aktører har et tidsperspektiv i sine langtidsstrategier på f.eks. 10 år og 30-50 år for infrastrukturutbyggere, gjør siidaene sine vurderinger ut fra et evighetsperspektiv; man skal sikre kommende generasjoner et bærekraftig siidagrunnlag - med alle 9 fundamenter intakt.<sup>364</sup>

Her finn vi kritikk av synet til tiltakshavar og den norske stat på klima og miljø, som eg hevda passa inn i Nisbets kategori med *dei smarte vekstreformatane*. I denne diskursive katogorien, vert klimatiltak planlagt inn i forholdsvis korte periodar som passar den private marknaden, og ikkje inn i eit evigheitsperspektiv, slik Protect hevda siidaene gjer.

Klimadiskursen som kjem fram i denne rapporten har og ein heilt anna alvorsgrad over seg, enn den meir optimistiske klimadiskursen vi har møtt i tidlegare dokument. Det vert uttrykt at klimaendringar allereie påverkar reindrifta, og at alt tyder på at det vil verte verre i framtida. Det vert vist til eit klimaforskinsprosjektet, Ealat, som konkluderte med at klimaendringar har store konsekvensar for reindriftsnæringa.<sup>365</sup> Slik er ikkje klimaendringar representert som ei utfordring det finst marknadsmessige løysingar på, men noko som skjer her og no og som ein må tilpasse etter. Protect hevda at klimaendringane forvollar dei kumulative effektane av

---

<sup>362</sup> Protect Sápmi. *Inngrepkartlegging og reindriftsfagleg utgreiing*, 84.

<sup>363</sup> Protect Sápmi. *Inngrepkartlegging og reindriftsfagleg utgreiing*, 71.

<sup>364</sup> Protect Sápmi. *Inngrepkartlegging og reindriftsfagleg utgreiing*, 14.

<sup>365</sup> Protect Sápmi. *Inngrepkartlegging og reindriftsfagleg utgreiing*, 78.

arealinngrep, og dermed òg effekten av Øyfjellet Vindkraftverk.<sup>366</sup> Ein konsekvens av klimaendringane er i følgje Protect at reinbeitedistriktet vert enda meir avhengig av fleksibel arealbruk for å kunne tilpasse seg nye forhold. Slik vert klimaendringar, i dokumentet, brukt som eit av hovudargumenta mot ytterlegare arealinngrep i distriktet, og dermed òg som argument imot Øyfjellet Vindkraftverk.

## Dokumentsaka Øyfjellet Vindkraftverk

Til slutt vil eg samanfatte korleis dokumentsaka Øyfjellet Vindkraftverk er forma i dokumentet; Øyfjellet-området er eit viktig næringsområde for reindrifta, som har heldt til i området i lang tid. Området som i dag er ein del av Jillen-Njaarke reinbeitedistrikt, består av viktig vårbeite og kryssast av to flyttelei som fører opp mot det nordligaste vinterbeite i distriktet. I tillegg fungerer området som eit viktig samlingspunkt for reindrifta i flytting mellom årsbeiter, nettopp fordi området fram til no har vore relativt uforstyrra. Prosjektet Øyfjellet Vindkraftverk, slik det er planlagt i dag, vil føre til at området ikkje lengre vil kunne nyttast til reindrift. Dette vil medføre store negative konsekvensar for Jillen-Njaarke reinbeitedistrikt, som allereie er hardt pressa av ei rekke andre arealinngrep. Det er heilt naudsint å sjå Øyfjellet Vindkraftverk i samanheng med andre fortidige, notidige og framtidige arealinngrepa i distriktet. Når ein ser Øyfjellet Vindkraftverk i samanheng med andre inngrep i distriktet, vert det tydeleg at prosjektet vil få fatale konsekvensar for reindrifta. Prosjektet påverkar ikkje berre viktige bruksområder for reindrifta, men øydelegg for den arealmessige fleksibiliteten drifta er avhengig av, og som vert enno viktigare i framtida som følgje av klimaendringar.

## Del 2 – avbøtande tiltak

I del 2 av rapporten til Protect Sápmi finn vi forslaga til avbøytande tiltak ved etablering av Øyfjellet Vindkraftverk. Det første forslaget inneber å omplassere alle vindmøllene til å byggast konsentrert på Øyfjellet, og dermed vekk frå Elvdal og Heifjellet/Sørgardsfjellet, der flytteleiene ligg.<sup>367</sup> Dersom dette tiltaket ikkje vert gjennomført, foreslår Protect eit tiltak beståande av «tre komplementære og gjensidige avbøtande tiltak». Tiltaka er omfattande og er meint å skulle sikre tre alternative flyttelei. Tiltaka inneber mellom anna sprenging på vestsida av Hundålvatnet for å lage flyttelei langs vatnet, flytting gjennom planområdet med transporttrailer og flytting med transporttrailer og ferje langs ei alternativ rute, der det byggjast

---

<sup>366</sup> Protect Sápmi. *Inngrepkartlegging og reindriftsfagleg utgreiing*, 68.

<sup>367</sup> Protect Sápmi. *Inngrepkartlegging og reindriftsfagleg utgreiing - Del 2 – forslag til tiltak*, 2-3.

beitehage som kan opphalde reinen medan flyttinga held på. Protect hevdar at alle tre tiltaka er naudsynte for å oppretthalde manøvreringsmoglegheita distriktet har i dag, med å kunne tilpasse val av flyttelei etter varierande naturgitte forhold frå år til år.<sup>368</sup>

I tillegg kjem Protect med forslag om å stenge scooterløypebanen på austsida av jernbanen og E6. Protect argumentera for at om reindrifta taper utbyggingsområde til storsamfunnet, så må ein likevel sørge for at reinen får noko beite- og opphaldsro. Protect argumentera at: «Siden det grønne skiftet og etablering av vindkraftverket er så viktig for storsamfunnet, vil tap av noe lokal fritidskjøring med snøscooter måtte vere en akseptabel pris.»<sup>369</sup> Her ser vi at Protect i dokumentet uttrykker eit oss, samar, mot resten, storsamfunnet. Sjølv om det i utgangspunktet ikkje er ein kopling mellom vindkraftverket og scooterløypebanen, så kan dette koplast til at Protect ønskjer eit større fokus på summen av alle arealinngrep i samiske reindriftsområder. I eit langt tidsperspektiv, som Protect og reindrifta er oppteke av å fremje, er kanskje heller ikkje aktören bak arealinngrepet så relevant.

Protect kjem òg med forslag om at det utarbeidast eit HMS-program, at kompenserande tiltak kjem på plass og at det òg vert vurdert verdiaukande tiltak, at tiltakshavar som kompensasjon for alt meirarbeidet finansierer ei ny heiltidsstilling i distriktet og at det vert satt av pengar til å betale for tilbakeføring av område etter nedlegging av vindkraftverket. Protect hevdar at vindkraftverket vil kunne føre til tap av sørsamisk kultur, og at det difor burde etablerast kompenserande tiltak som skal styrke sørsamisk kultur.<sup>370</sup>

Samla sett finn ein i dokumentet at Protect kjem med forslag til svært mange og omfattande avbøtande tiltak for reinbeitedistriket ved etablering av Øyfjellet Vindkraftverk. Stiftelsen hevdar vindkraftverket vil få store negative konsekvensar for reindrifta, og meiner at avbøtande tiltak og kompensasjon må stå i forhold til det. Sidan MTA- og detaljplan vart innsendt før rapporten kom, så vart ikkje rapportens innhald teke med i planarbeidet. Vidare skal eg undersøkje møteprotokollen frå møte mellom reinbeitedistriket og NVE, før eg heilt til slutt undersøkjer NVE sitt vedtak på MTA- og Detaljplanen for vindkraftverket.

---

<sup>368</sup> Protect Sápmi. *Inngrepkartlegging og reindriftsfagleg utgreiing - Del 2 –forslag til tiltak*, 3-5.

<sup>369</sup> Protect Sápmi. *Inngrepkartlegging og reindriftsfagleg utgreiing - Del 2 –forslag til tiltak*, 6.

<sup>370</sup> Protect Sápmi. *Inngrepkartlegging og reindriftsfagleg utgreiing - Del 2 –forslag til tiltak*, 7.

## Konsultasjonsmøte med Jillen-Njaarke reinbeitedistrikt

27. August 2019 arrangerte NVE konsultasjonsmøte med reinbeitedistriktet, slik reinbeitedistriktet etterspurte i si høyring. På møte var ulike aktørar til stade; to representantar frå NVE, tre reindriftsutøvarar frå Jillen-Njaarke reinbeitedistrikt, advokaten til reinbeitedistriktet, ein representant frå Protect Sápmi, to representantar frå sametinget og ein PhD student som var observatør.<sup>371</sup> Her er det verdt å nemne at PhD studenten, Eva Fjellheim, i etterkant av møte publiserte forskingsartikkelen “*You Can Kill Us with Dialogue:” Critical Perspective on Wind Energy Development in a Nordic-Saami*»( 2023), der ho kritiserte dialogen i møte for å vere svært undertrykkjande ovanfor reinbeitedistriktet. Vidare vil eg undersøkje det som står under «Reinbeitedistriktet sine innspill under konsulasjonen», for å undersøkje argumenta til reinbeitedistriktet på møte. Dokumentet gjev ikkje innblikk i korleis dialogen på møte utspelte seg, men gjev ei samanfatning av dei ulike innspela.<sup>372</sup>

I protokollen finn vi både argument mot dei avbøtande tiltaka som er foreslått av tiltakshavar og argument mot at vindkraftverket fekk konsesjon. I protokollen står det følgjande:

Reinbeitedistriktet v/Torstein Appfjell startet med å uttrykke et sterkt misnøye ved at konsesjonsbehandlingen av de to prosjektene Mosjøen og Øyfjellet vindkraftverk ble gjennomført på samme tidspunktet. De mener det bevisst ble lagt opp til at de måtte velge mellom de to vindkraftprosjektene, til tross for at de ikke ønsket noen av de.<sup>373</sup>

Det var Appfjell som tidlegare vart sitert i samanheng med påstanden om at reinbeitedistriktet var positive til vindkraftprosjektet. Her stadfestar Appfjell sjølv at reinbeitedistriktet har vore mot begge prosjekta, og retter kritikk mot konsesjonsmyndigheitene som har lagt opp til at distriktet har vorte tvunge til å velje. Elles kjem det fram i protokollen at reinbeitedistriktet hevda kunnskapsgrunnlaget i saka ikkje vart tilstrekkeleg før utgreiinga til Protect Sapmi, og at denne tilseier at det aldri burde vore gitt konsesjon. Det vert orientert om at det ikkje er oppnådd semje med Eolus Wind og at reinbeitedistriktet framleis stiller seg mot dei føreslåtte tiltaka i MTA- og detaljplanen. Både Torstein Appfjell og Ole Henrik Kappfjell frå reinbeitedistriktet hevdar desse bryt med den tradisjonelle reindrifta.<sup>374</sup> Dersom vindkraftverket ikkje kan stoppast hevder reinbeitedistriktets det berre er forslaga til Protect

<sup>371</sup> NVE. *Protokoll fra konsulasjon mellom Jillen-Njaarke reinbeitedistrikt og NVE.* 27.08.2019.

<sup>372</sup> NVE. *Protokoll fra konsulasjon,* 2-4.

<sup>373</sup> NVE. *Protokoll fra konsulasjon,* 1.

<sup>374</sup> NVE. *Protokoll fra konsulasjon,* 3.

Sàpmi som kan fungere, men at vindkraftverket sjølv med desse tiltaka medfører stor usikkerheit for reindrifta.<sup>375</sup> Advokat Pål Gudersen viser til at dersom flyttevegen ikkje sikrast og reindrifta må leggjast ned, så er det eit tydeleg brot på folkeretten og SP artikkel 27, ved nektelse til kulturuttøvelse.<sup>376</sup>

## NVE godkjenner MTA- og detaljplan

18. desember 2019 godkjente NVE MTA- og detaljplan saman med dei nye konsesjonsendringane for Øyfjellet Vindkraftverk. Tiltakshavar var på dette tidspunktet litt over ein månad inn i bygginga av anleggsvegen til vindkraftverket, utan godkjent MTA- og detaljplan. I eit intervju med avis Helgelendingen utalte byggprosjektledar, Ø. T. Rosvold, at selskapet er optimistar og difor går i gang med arbeidet på eige rekning og risiko.<sup>377</sup> Og den 18. desember 2019 fekk altså selskapet godkjenninga dei trøng frå NVE. Det vart publisert fem dokument av NVE denne dagen. Tre av dokumenta er vedtaksbrev, eit dokument gjer greie for bakgrunnen for vedtaka og eit dokument samanfattar høyningsutsegna om planane. Dokumenta spelar ei heilt sentral rolle i saka om Øyfjellet vindkraftverk, då godkjenninga av MTA og detalj-plan er det siste som må vere på plass før den fysiske utbygginga av vindkraftverket kan starte. Dokumenta er både forvaltningsverktøy og næringsverktøy, som representerer ei flytting av saka Øyfjellet Vindkraftverk frå dokumentsak til fysisk tiltak.

Det siste dokumentet eg skal ta føre meg er: «Bakgrunn for vedtak om konsesjonsendringer, MTA og detaljplan». I dokumentet hentar NVE inn fleire av høyningsutsegna, men utan at desse får innverknad på direktoratets vurdering. Vidare vil eg kort gjer greie for nokre hovudpunkt i direktoratets vurdering av planane og dei avbøtande tiltaka. På grunn av den store storleiken på vindmøllene vert alle verknadar av vindkraftverket i dokumentet samanlikna med alternativ 2 «wort-case» frå utgreiingsrapporten til Norconsult.

Når det kjem til landskap, vurderer NVE at den nye plasseringa av vindturbinane som utelet Øyfjellet vil gjer dei visuelle verknadane mindre.<sup>378</sup> I forhold til naturmangfald hevdar NVE at

---

<sup>375</sup> NVE. *Protokoll fra konsultasjon*, 4.

<sup>376</sup> NVE. *Protokoll fra konsultasjon*, 4.

<sup>377</sup> Rune Pedersen. «Eolus vind går i gang for egen regning og risiko: – Vi er optimister.» *Helgelendingen*. 05.11.2019. <https://www.helg.no/eolus-vind-gar-i-gang-for-eigen-regning-og-risiko-vi-er-optimister/s/5-24-488902>

<sup>378</sup> NVE. *Bakgrunn for vedtak om konsesjonsendringer, MTA og detaljplan Øyfjellet vindkraftverk Vefsn kommune i Nordland fylke*. Oslo. 18.12.2019, 11.

kunnskapen om tema i forhold til Øyfjell Vindkraftverk er god, og at føre-var prinsippet i naturmangfaldslova difor tyder lite i saka.<sup>379</sup> NVE vurderer at dei innsendte planane sikrar at bygginga av vindkraftverket vil gjerast med så lite som mogleg skade på naturmangfaldet, og at reduksjonen i planområdet fører til at også konsekvensane for naturmiljø er vorte mindre.<sup>380</sup> I forhold til friluft så er NVE positive til at Stortuva og Øyfjellet er teke ut av planområdet og vedtek samstundes at området skal takast ut av konsesjonen.<sup>381</sup> Når det kjem til vilkåret om at tiltakshavar skal inngå avtale om avbøtande tiltak, skriv NVE at det er utarbeida utkast men at Brurskanken turlag ikkje har stadfesta avtalen. NVE skriv at dei legg til grunn for godkjenninga at partane vert samde og ettersender avtalen til NVE.<sup>382</sup>

Når det kjem til reindrift så hevdar NVE at dei har inkludert rapporten til Protect Sapmi i si vurdering, men utan at denne får noko innverknad på utfallet av vurderinga. NVE hevdar at reindrift har vore tilstrekkeleg utgreia i samband med konsesjonshandsaminga.<sup>383</sup> Her avslår direktoratet påstanden til reinbeitedistriktet om at det først er med rapporten til Protect at konsekvensane er tilstrekkeleg utgreia. NVE hevdar at forslaga frå tiltakshavar i MTA og detaljplan er tilstrekkeleg gode, og at flytting av reinflokkene gjennom planområdet i tilstrekkeleg grad sikrar tilgangen til vinterbeitet i nordvest. NVE stiller vilkår om at plan for tilrettelegging for flytting gjennom planområdet skal sendes til NVE.<sup>384</sup> Dette til tross for at reinbeitedistriktet på si side hevda at ei flytting gjennom planområdet er umogleg. Vidare kallar dei forslaget om å plassere alle vindmøllene på Øyfjellet urealistisk og hevdar dessutan at den nye plasseringa ikkje vil ha mykje å seie for reindrifta.<sup>385</sup>

På slutten av NVE si vurdering av tema reindrift, finn vi følgjande utsegn: «NVE understreker at Jillen-Njaarke er blitt involvert under konsesjonsbehandlingen gjennom konsultasjoner både med NVE og med departementet, og i samband med detaljplanleggingen og NVEs planbehandling i form av høring og konsultasjon. NVE mener at etablering av Øyfjellet vindkraftverk ikke er i strid med SP art. 27.»<sup>386</sup> Det er interessant å merke seg her at NVE etter å ha avslått alle innspela til reinbeitedistriktets både frå høyringsbrevet og frå

---

<sup>379</sup> NVE (2019). *Bakgrunn for vedtak*, 27.

<sup>380</sup> NVE (2019). *Bakgrunn for vedtak*, 13 og 26.

<sup>381</sup> NVE (2019). *Bakgrunn for vedtak*, 4-5.

<sup>382</sup> NVE (2019). *Bakgrunn for vedtak*, 28.

<sup>383</sup> NVE (2019). *Bakgrunn for vedtak*, 16.

<sup>384</sup> NVE (2019). *Bakgrunn for vedtak*, 17-18.

<sup>385</sup> NVE (2019). *Bakgrunn for vedtak*, 16.

<sup>386</sup> NVE (2019). *Bakgrunn for vedtak*, 18.

konsultasjonsmøte, trekk fram at reinbeitedistriktet har fått teke del i konsesjonshandsaminga. Ein kan vidare spørje kva verdien av å verte involvert i konsesjonshandsaminga har vore for reindrifta, når ingen av innspela vart teke til følgje?

## Samandrag og diskusjon

I dette kapitelet har eg følgd diskusjonen om Øyfjellet vindkraftverk gjennom dokumenta som inngår i trinn 6, oppfølging av konsesjon, i saksgangen for konsesjonshandsaming av vindkraftverk. Gjennom heile kapitelet har eg drøfta kjeldene i lys av problemstillinga om kva argument som har vore nytta for og mot Øyfjellet vindkraftverk og korleis diskusjonen utvikla seg.

Først undersøkte eg korleis tiltaket Øyfjellet Vindkraft vart modifisert gjennom ein endringssøknad i 2018. Vidare undersøkte eg MTA- og Detaljplanen tiltakshavar la fram i mai 2019, med særleg fokus på korleis tiltakshavar meina planane tok omsyn til andre samfunnsinteresser som natur, miljø og reindrift, og varetok vikåra frå konsesjon. Den største endringa i MTA- og Detaljplanen var at vindturbinane var flytta vekk frå Øyfjellet og konsentrert tettare kring flytteleiene til reindrifta. Tiltakshavar hevda reinbeitedistriktet nekta å samarbeide, og kom difor med forslag til avbøtande tiltak for reindrifta som ikkje var drøfta med reinbeitedistriktet.

I høyringsrunda såg eg korleis MTA- og Detaljplanen vart gjenstand for ein heit diskusjon. Naturvernforbundet i Nordland argumenterte for at planane ikkje oppfylte konsesjonsvilkåra knytt til reindrift og at det var eit stort gap mellom det som sto i planane om naturmiljø og det som faktisk finst i området. Reinbeitedistriktet uttrykte sterkt missnøye mot at tiltakshavar sendte inn planane før den alternative konsekvensutgreiinga til Protect Sápmi med forslag til avbøtande tiltak var klar. Reinbeitedistriktet hevda den nye utgreiinga var første gong kunnskapsgrunnlaget i saka var tilstrekkeleg, og at den oppdatere kunnskapen viste at Øyfjellet vindkraftverk aldri skule fått konsesjon. Samstundes viste dei til dei avbøtande tiltaka frå Protect Sápmi sin rapport, og argumenterte for at dersom vindkraftverket likevel skal byggjast så må desse tiltaka innførast.

Vidare undersøkte eg den mykje omtalte konsekvensutgreiingsrapporten til Protect Sápmi og fant at denne var svært ulik frå den Norconsult publiserte i 2013. Protect som kombinerte

reindriftsfagleg kunnskap med kumulativ metode, såg vindkraftutbygginga utelukkande frå perspektivet til reindrifta og satt vindkraftutbygginga inn i eit lengre tidsperspektiv. Rapporten konkluderte med at vindkraftverket ville få fatale konsekvensar for det allereie hardt pressa reinbeitedistriket. I ein eigen del vart det lagt fram forslag til avbøtande tiltak ved etablering av vindkraftverket, der alternativ 1 var å plassere vindmøllene på Øyfjellet og alternativ 2 var å opprette tre alternativ til flytteleiier. I eit konsultasjonsmøte mellom NVE og reinbeitedistriket i august 2019 fann eg at reinbeitedistriktet igjen gjorde det klart at dei var imot vindkraftverket og at dei avbøtande tiltaka foreslått av Protect var dei einaste dei kunne stille seg bak. Distriktet uttrykte òg sterkt missnøye med den parallelle sakshandsaminga av Øyfjellet- og Mosjøen vindkraftverk, der reinbeitedistriktet skal ha følt seg pressa til å velje.

Heilt til slutt undersøkte eg dokumentstaden der NVE godkjente MTA- og Detaljplanane frå tiltakshavar. NVE vurderte planane som gode og la berre til nokre enkle vilkår om å ettersende dokumentasjon på inngåtte avtalar og oppdatert kart. NVE vurderte tiltakshavar sine forslag til avbøtande forslag til reindrifta som gode, til tross for at reindrifta hevda at desse tiltaka ikkje kom til å fungere.

## Kapitel 6: Avsluttande drøfting og konklusjon

Denne masteroppgåva har undersøkt saka om Øyfjellet vindkraftverk i lys av problemstillinga: kva argument har vore nytta for og mot Øyfjellet vindkraftverk, og korleis utvikla diskusjonen seg frå han starta i 2011 til 2019? Gjennom å anvende praksisretta dokumentanalyse på kjeldematerialet, har eg fått eit unikt innblikk i korleis diskusjonen utvikla seg gjennom dei ulike dokumenta i sakshandsaminga av vindkraftverket. For kvart kapitel har eg inkludert eit samandrag og diskusjon, der eg viser nettopp dette. I dette kapitelet vi eg trekkje fram hovudfunna i masteroppgåva i lys av problemstillinga, og dei tilhøyrande forskingsspørsmåla om verdsettingar, klima- og miljø diskursar, og representasjon av reinbeitedistriktet i diskusjonen. Heilt til slutt vil eg drøfte kva konflikten kring Øyfjellet Vindkraftverk kan fortelje oss om industriell utbygging i samisk reindriftsområde i det 21. hundreåret.

Gjennom å undersøke diskusjonen om Øyfjellet vindkraftverk i perioden 2011-2019, har eg funne at diskusjonen som utspelte seg i det store heile handla om kva saka om Øyfjellet vindkraftverk innebar. Kva slags område er vindkraftverket planlagd i? Kven er dei viktigaste aktørane i vindkraftsaka? Kven har tilstrekkeleg kunnskap om saka? Og ikkje minst, kva samfunnsinteresser er dei viktigaste for saka? Alle desse spørsmåla har vore gjenstand for diskusjon i perioden, og viser at diskusjonen var meir kompleks enn berre for- eller mot vindkraftverket. Eg har sett at diskusjonen stadig har utvikla seg gjennom at nye aktørar har kome inn og prøvd å modifisere og endre synet på kva saka om Øyfjellet vindkraftverk handlar om. Når det kjem til kva argument som har vore nytta for- og mot vindkraftverket, så har dette kome ann på korleis ulike aktørar har forstått saka. For å illustrere kva eg meiner, vil eg vidare trekkje fram dei to ytterpunktene i diskusjonen, aktørane Øyfjellet Windpark AS og Prøtect Sàpmi.

Tiltakshavar, Øyfjellet Windpark AS, var den første aktøren som etablerte saka om vindkraftverket i meldinga frå 2011. Her presenterte selskapet planar om eit storskala vindkraftprosjekt i eit fjellområde vest for Mosjøen i Vefsn Kommune. Selskapet argumenterte for at tiltaksområdet var godt egna for vindkraft på grunn av gode vindforhold og nærleik til store kraftbrukarar. Dessutan skildra tiltakshavar området som eit ikkje-bruksområde av låg verdi, som ikkje var brukbart til noko anna. Slik vart det hevda at der ikkje fantes andre relevante aktørar i denne saka, ettersom området sto «ledig» til utbygging av vindkraft. Den viktigaste samfunnsinteressa selskapet argumenterte for at vindkraftverket ville bidra til, var å dekkje eit stort kraftunderskot i Noreg. Vidare argumenterte selskapet for at det var god

marknad for vindkraft i Noreg og at vindkraftverket ville få positive økonomiske ringverknadar lokalt.

Aktören Protect Sápmi vart for alvor relevant i diskusjonen i 2019, då stiftelsen publiserte ein alternativ utgreiingsrapport. Saka i denne rapporten var ein heilt annen enn den tiltakshavar presenterte tilbake i 2011. Protect skildra tiltaksområdet som eit reindriftsområdet som besto av viktig vårbeite og som kryssast av to flytteleiier som fører opp mot det nordligaste vinterbeite i distriktet. Gjennom å setje vindkraftverket inn i eit lengre tidsperspektiv, vart reindrifta som har heldt til i området sidan 1600-talet tildelt høg verdi. På den andre sida vart Øyfjellet vindkraftverk fremja som eit av mange arealinngrep i reinbeitedistriktet, og fekk slik tildelt låg verdi i saka. Protect argumenterte for at vindkraftprosjektet ville få katastrofale følgjer for den tradisjonelle reindrifta, ettersom heile området ved etablering av vindkraftverket ville gå tapt som reindriftsområde. Protect argumenterte videre for at dette ville føre til indirekte konsekvensar i form av høgt beitetrykk andre stader og øydelegging av den arealmessige fleksibiliteten drifta er avhengig av. Ein fleksibilitet som vert viktigare og viktigare med dei pågåande klimaendringane.

Dei to døma illustrerer korleis argumenta som har lege til grunn i diskusjonen har vore knytt til ulike aktørars forståelse av saka og kva dei verdsett i ho. Dette kan vidare koplast til forskingsspørsmålet: kva har vorte verdsett av dei ulike aktørane i saka om Øyfjellet vindkraftverk? Argumenta som har vore nytta for- og mot vindkraftverket, har variert ut frå kva ulike aktørar har verdsett. I høyringsrunda til konsesjonssøknaden for vindkraftverket i 2014 var det for eksempel mange natur, miljø- og friluftsorganisasjonar og privatpersonar, som fremja at området er eit verdifullt inngrepsfritt naturområdet som er mykje nytta til friluftsliv. Dei same aktørane argumentere mot vindkraftverket nettopp på bakgrunn av at utbygginga ville føre til store naturinngrep og øydeleggje friluftsopplevelinga. Det utspilde seg og ein diskusjon kring kva verdi ulike tema skulle tildelast i saka. Fleire aktørar, inkludert miljøverndirektoratet og fylkesmannen, reagerte på at konsekvensutgreiingsrapporten til Norconsult frå 2013, hevda tiltaksområdet hadde låg verdi for naturmiljø og friluftsliv, trass i at det inneholdt store INON-områder og var tett på nasjonalparken Lomsdalen-Visten. Likevel vart rapporten til Norconsult nytta som kunnskapsgrunnlag vidare i saka, noko fleire aktørar, blant anna Naturvernforbundet i Nordland, reagerte sterkt på.

Diskusjonen om Øyfjellet Vindkraftverk har òg vore ein diskusjon om kunnskap: kva er tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag i saka og kven sitt på denne? Fleire retta kritikk mot at

Norconsult utførte naturkartlegging av heile tiltaksområdet på ein dag, og hevda at dette ikkje gav eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag om naturmiljøet i området. Kart og illustrasjonar spela ei viktig rolle som kunnskapsgrunnlag i saka og vart i seg sjølv gjenstand for diskusjon. Når det kjem til reindriftsfagleg kunnskap, så såg eg at både tiltakshavar og konsesjonsmyndigkeit hevda å ha tilstrekkeleg kunnskap om tema. Reinbeitedistriktet på si side hevda kunnskapsgrunnlaget i saka først var tilstrekkeleg med den reindriftsfaglege konsekvensutgreiingsrapporten til Protect Sápmi. Reinbeitedistriktet viste vidare til føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova, som seier at ein ikkje skal fatte vedtak på mangefullt kunnskapsgrunnlag. Eg såg òg at det utspelte seg ein diskusjon om kva som var riktig forsking. Blant anna viste Miljøvernforbundet i si klage til alternative forskingsrapportar som hevda at vindkraft er miljøuvennleg. Olje- og energidepartementet svara på det med å vise til anna forsking, som underbyggjer at miljøutsleppa ved vindkraftutbygging vert kompensert etter få års drift.

At ulike aktørar si stilling i saka vart bestemd av kva dei verdsette i ho og kva kunnskapsgrunnlag dei tok utgangspunkt i, kan vidare koplast til forskingsspørsmålet mitt om det eksisterte ulike klima- og miljø-diskursar på dei to sidene av diskusjonen om Øyfjellet vindkraftverket? Svaret er ganske enkelt ja, eg fann at klima og miljø fekk tildelt høg verdi på båe sider av diskusjonen.

Med unntak av Øyfjellet Windpark AS, så fremja så og sei alle aktørane som var for vindkraftverket argumentet om at vindkraftverket ville vere eit viktig klimatiltak. Hovudargumentet for Øyfjellet vindkraftverk i konsesjonssøknaden til Eolus Wind Norge AS i 2014 var at vindkraftverk ville vere eit viktig klimatiltak nasjonalt og lokalt. Hovudargumentet til NVE i konsesjonsvedtaket i 2014 var at vindkraftverket ville vere eit viktig bidrag for å nå klimamål om satsing på fornybar energi i Noreg. Og i det endelege vedtaket i klagesaka i 2016, la Olje- og Energidepartementet stor vekt på at det var politisk bestemt at Noreg skulle auke produksjonen av fornybar energi. Eg argumenterte for at klima- og miljøargumenta som vart nytta for vindkraftutbygginga passa inn i den diskursive kategorien til Nisbet med *dei smarte vekstoperatorane*. Dette fordi dei trakk fram den delen av Noregs klimamål som innebar vekst, og fordi argumenta som vart nytta hadde ein klar samanheng mellom klimatiltak og økonomisk gunstigheit i den private marknaden.

Når det kjem til klima- og miljøargumenta som vart nytta mot vindkraftverket, så argumenterte eg for at desse passa inn i Nisbet sin katgori med *dei økologiske aktivistane*.

Interesseorganisasjonar som Forum for Natur og Friluftsliv Nordland, Noregs Miljøvernforbund og Naturvernforbundet Nordland, la stor vekt på vindkraftverkets negative verknad på urørt natur og sårbare artar. MVF hevda dessutan at vindkraft i seg sjølv var miljøuvennleg, og NVF Nordland viste til ein FN-rapport som fastslo at det er like viktig å verne natur som å stanse klimautslepp, for å nå klimamål. Aktørane som stilte seg mot vindkraftverket favoriserte naturvern over teknologiske løysingar som klimatiltak. Dette gjaldt òg fleire av aktørane som var mot vindkraftverket på grunn av dei negative følgjene for reindrifta. Fylkesmannen argumentere for at vindkraftverket ville gå utover reindriftas økologiske bærekraft og Protect Sápmi argumenterte for at naturens toleevne ikkje må overstigast. Protect kritiserte dessutan staten og kommersielle aktørar for å nytte eit kort tidsperspektiv i forvaltninga av fornybare ressursar, i motsetning til siidaene i reindrifta som dei hevda nytta eit evigheitsperspektiv. Dette understreker at ulike klimadiskursar var representert i argumentasjonen både for- og mot vindkraftverket.

Når det kjem til det siste forskingsspørsmålet om korleis reindriftssamane har vore representer i saka, og om det har skjedd ei utvikling i verdsettinga av reindriftssamane sine kunnskapar i perioden, så har eg gjort fleire interessante funn. Gjennom å følgje saka gjennom perioden har eg sett at reinbeitedistriktet gjekk frå å ikkje vere nemnd i den første meldinga, til å få rolle som ein av hovudaktørane i saka om vindkraftverket. Reindriftsfagleg kunnskap fekk òg tildelt ein stadig større plass i sakskomplekset utover i perioden, men utan at denne kunnskapen fekk innverknad på utfallet i saka.

I den første meldinga frå 2011 var ikkje reindrifta nemnt, noko Sametinget kom med sterke reaksjonar på i sin første merknad til meldinga. I konsekvensutgreiingsrapporten til Norconsult var reindrifta henta inn i saka som det tema vindkraftverket ville ha størst negative verknadar for, men ved å innføre nokre enkle avbøtande tiltak argumenterte Norconsult for at dei negative verknadane for reindrifta ville verte små. Det blei dessutan hevdat at Jillen-Njaarke reinbeitedistrikt var positive til vindkraftverket. Den same representasjonen av reinbeitedistriktet var teke med i konsekvenssøknaden til Eolus i 2014.

I høyringsrunda prøvde fylkesmannen, Sametinget og Statens reindriftsforvaltning å endre repetisjonen av reindrifta i saka, ved å fremje at tiltaksområdet er eit viktig reindriftsområde og at vindkraftverket vil få store negative konsekvensar for reindrifta. Fylkesmannen og Sametinget fremja dessutan innvending mot vindkraftverket på bakgrunn av reindrifta.

I konsesjonsvedtaket til NVE var høyringane inkludert og NVE vurderte at vindkraftverket ville ha negative konsekvensar for reindrifta. Men ettersom NVE vurderte vindkraftsaka parallelt med saka om Mosjøen vindkraftverk, argumenterte direktoratet for at dei la mindre vekt på dei negative verknadane for reindrifta med Øyfjellet vindkraftverk. NVE gav Mosjøen vindkraftverk konsesjonsavslag grunngitt med dei negative konsekvensane for reindrifta og at Jillen-Njaarke reinbeitedistrikt var mest mot dette vindkraftprosjektet. Satt på spissen, hevda eg at NVE gjennom å vurdere dei to vindkraftsakane saman, manipulerte diskusjonsaka frå å handle om Øyfjellet Vindkraftverk burde få konsesjon eller ikkje til å handle om kalla av dei to prosjekta som burde få konsesjon.

Jillen-Njaarke reinbeitedistrikt klaga på konsesjonsvedtaket til NVE i 2015, og argumenterte for at vindkraftverket beslaglegg viktige reindriftsområder og kan vere eit brot på folkeretten. Reinbeitedistriket etterspurde ein ny konsekvensutgreiing som undersøkte konsekvensen av vindkraftverket i samband med andre arealinngrep i distriktet. I det endelige klagevedtaket frå Olje- og energidepartementet i 2016, vart klaga til reinbeitedistriket handsama saman med klaga på konsesjonsavslaget til Mosjøen vindkraftverk. Slik vart dei to vindkraftsakane igjen samanlikna og satt opp mot kvarandre. Eg argumenterte for at OED gjennom å behandle dei to klagene parallelt, unngjekk å behandle innhaldet i reinbeitedistrikts klage og i staden gjorde det same som NVE, nemleg å vurdere kva for av dei to prosjekta som burde få konsesjon. Konklusjonen til OED i klagevedtaket var at Øyfjellet vindkraftverk skulle få behalde konsesjon, og direktoratet hevda dei la stor vekt på reindistrikts ønskjer i saka.

I 2019 såg eg at alle vindturbinane vart flytta vekk frå sjølve Øyfjellet og lagt meir konsertert i området kring flytteleiene til reindrifta, i den endelige MTA- og Detaljplanen for vindkraftverket. I dei same planane hevda tiltakshavar at reinbeitedistriket ikkje ville samarbeide og at dei difor måtte utarbeide avbøtande tiltak for reindrifta sjølve.

Reinbeitedistriket uttrykte i eit høyringsutsegn sterkt kritikk mot at planane var laga før rapporten til Protect Sápmi var klar. I følgje reinbeitedistriket endra denne heile kunnskapsgrunnlaget i saka og viste at vindkraftverket aldri skulle fått konsesjon. Distriket var kritisk til den nye plasseringa av vindturbinane i planane og hevda at dei avbøtande tiltaka som var foreslått ikkje ville fungere i praksis. Vidare konstanterte reinbeitedistriket at dei avbøtande tiltaka foreslått av Protect var dei einaste dei kunne akseptere. Distriket stadfestar det same synspunktet i eit konsultasjonsmøte med NVE, der distriket samstundes uttrykte sterkt missnøye med den parallele sakshandsaminga av Øyfjellet- og Mosjøen vindkraftverk. Trass

alt dette godkjente NVE MTA- og Detaljplanane for vindkraftverket i desember 2019, mot nokre vilkår om å ettersende dokumentasjon på inngåtte avtalar. NVE vurderte dessutan at tiltakshavar sine forslag til avbøtande tiltak for reindrifta som gode, trass i at reindrifta på si side hevda at tiltaka ikkje kom til å fungere.

Kva fortel funna i denne masteroppgåva om Øyfjellet vindkraftverk, om industriell utbygging i samiske områder i det 21. hundreåret? Vi har sett at reinbeitedistriktet etter kvart fekk ei viktig rolle i saka om vindkraftverket, og at dei vart, som konsesjonsmyndighetene peika på gjentekne gongar, involvert og konsultert i sakshandsaminga. Men samstundes fant eg ikkje at deira synspunkt i denne konkrete saka fekk særleg å seie for utfallet av ho. Det kunne tolkast som at konsesjonsmyndighetene var meir opptekne av å vise at dei involverte reinbeitedistriktet, enn å faktisk lytte til kva reinbeitedistriktet hadde å seie om saka. Om ein sett dette på spissen kan ein spørje seg om det nye vernet av samisk kultur som kom i kjølevatnet av Alta-saka, har ført til ei større papirmengde i arealsakar utan at det i særleg grad påverkar utfallet? Eg vil hevde at funna tilseier at reinbeitedistriktet i saka om Øyfjellet vindkraftverk har brukt mykje tid og krefter på papirarbeid og konsultasjonsmøter, utan å få mykje igjen for det.

Eg vil avslutte denne masteroppgåva med å hente fram det Bård A. Berg skreiv om reindriftssamisk habitus. Det kan godt stemme, slik Berg hevda, at konfliktar som denne mellom reindriftssamar og storsamfunnet styrkjer den reindriftssamiske habitusen.

Samstundes kan ein avslutte med å spørje kor store arealinngrep reindrifta på Helgeland toler? Som vi såg gjennom kartlegginga av den historiske reindrifta på Helgeland, er det eit faktum at reindrifta her er avhengig av mykje tilgjengelig areal. Sjølv om vi òg såg at reindrifta på Helgeland har vore overlevingsdyktig og bestått til tross for arealpress tidlegare, så er reindrifta ei næring som er tvunge til å drive i takt med naturens tolegrense. Dersom denne tolegrensa overstigast på Helgeland vil også grunnlaget for reindrift forsvinne.

# Bibliografi

## Primærkjelder

Dalan Advokatfirma DA. *Øyfjellet vindkraftverk anleggskonsesjon og ekspropriasjonstilatelse. Klage fra Jille Njaarke Reinbeitedistrikt.* Thomas Hjermann. Oslo. 13.11.2014

Dalan Advokatfirma DA. *Høringsuttalelse detaljplan og MTA-plan for Øyfjellet vindkraftverk – Jille Njaarke Reinbeitedistrikt.* Jon-Andreas Lange. Oslo. 15.07.2019

Det kongelige olje- og energidepartementet. *Eolus Wind Norge AS. Fred. Olsen Renewable AS - Øyfjellet og Mosjøen vindkraftverker klagesak.* 16.11.2016  
<https://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201104174/1910185>

Eolus Wind Norge AS. *Konsesjonssøknad: Øyfjellet vindkraftverk, Vefsn Kommune, Nordland fylke.* Hässelholm: Eolus Wind AB, 06.01.2014.  
<https://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201104174/828548>

Forum for Natur og Friluft Nordland. *Høringsuttalelse Øyfjellet vindkraftverk, Vefsn kommune.* 13.05.2014.

Fylkesmannen i Nordland. *Fylkesmannens uttalelse med innsigelse – vindkraftanlegg – Øyfjellet vindkraftverk -Eolus Wind Norge AS – Vefsn.* 24.04.2014.

Fylkesmannen i Nordland. *Øyfjellet vindkraftverk - Fylkesmannens uttalelse til MTA-plan.* 18.06.2019.

Miljødirektoratet. *Øyfjellet vindkraftverk, Vefsn kommune. Høringsuttalelse til konsesjonssøknad.* 11.04.2014

Multiconsult. *MILJØ-, TRANSPORT- OG ANLEGGSPPLAN (MTA) MED DETALJPLAN for Øyfjellet vindkraftverk.* 06.05.2019.

<https://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201707386/2775823>

Norconsult. *Øyfjellet vindkraftverk: Oppsummering av konsekvensutredning.* Selnes, Morten. 12.05.2013.

<https://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201104174/818714>

Norconsult. *Eolus Wind Norge AS. Søknad om endring av konsesjon.* 21.04. 2018.  
<https://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201104174/2385817>

Norconsult. *MTA-Plan / detaljplan for linjenett mellom Kleivan og fram til Marka trafostasjon.* 05.06.2019  
<https://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201707386/2775829>

Norges Miljøvernforbund. *Klage på innvilgelse av konsesjon til Øyfjellet vindkraftverk*. Kurt Oddekalv. Bergen. 04.02.2014.

NVE. *Søknad om konsesjon for Øyfjellet vindkraftverk i Vefsn kommune, Nordland fylke*.

Bakgrunn for vedtak. Oslo. 13.11.2014.

<https://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201104174/1226664>

NVE. *Fred. Olsen Renewable AS – Mosjøen vindkraftverk i Vefsn og Grane Kommuner –*

Vedtak om avslag på konsesjon. 13.11.2014.

<https://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/200707905/1283056>

NVE. *Eolus Wind Norge AS. Øyfjellet vindkraftverk. Oversendelse av klager*. 22.06.2015

NVE. *Bakgrunn for vedtak Øyfjellet vindkraftverk – endring av konsesjon*. 11.08.2018.

<https://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201104174/2505192>

NVE. *Protokoll fra konsultasjon mellom Jille-Njaarke reinbeitedistrikt og NVE*. 27.08.2019

NVE. *Vedlegg. Sammenfatning av høringsuttalelser. Øyfjellet vindkraftverk, Vefsn kommune. 2019*.

NVE. *Bakgrunn for vedtak om konsesjonsendringer, MTA og detaljplan Øyfjellet vindkraftverk Vefsn kommune i Nordland fylke. Oslo*. 18.12.2019.

Protect Sápmi. *Inngrepkartlegging og reindriftsfagleg utgreiing - forhold til Øyfjellet Vindkraftverk*. Juni 2019

Protect Sápmi. *Inngrepkartlegging og reindriftsfagleg utgreiing - forhold til Øyfjellet Vindkraftverk*. Del 2 – forslag til tiltak. Juni 2019.

Rambøll. *MTA-Plan / detaljplan adkomstveg Øyfjellet vindkraftverk*. 06.05.2019.

<https://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201707386/2775826>

Sametinget. *Foreløpig uttalelse - Melding om Øyfjellet vindkraftverk - Vefsn kommune*. 23.01.2012.

Sametinget. *Uttalelse til høring. Konsesjonssøknad med konsekvensutredning: i Øyfjellet vindkraftverk i Vefsn kommune, med nettilknytning*. 11.04.2014.

Statens reindriftsforvaltning. *Tematisk konfliktvurdering reindrift*. Alta. 25.04.2015.

Øyfjellet Vindpark AS (SUS). *Øyfjellet Vindpark – melding og forslag til utredningsprogram*. Frank Holvik. Mosjøen. 05.07.2011.

<https://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201104174/439404>

## Litteratur

- Andresen, Astri. Evjen, Bjørg. Ryymin, Teemu. (red) *Samenes historie fra 1751-2010*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk, 2021.
- Asdal, Kristin. Reinertsen, Hilde. *Hvordan gjøre dokumentanalyse?* Cappelen Damm Akademisk, 2020.
- Aslaksen, Linnea. *Fra en ordinær sak til en nasjonal kontrovers - Konkurrerende verdsettinger av vindkraftverk og reindrift: En praksisorientert analyse av saksdokumentene til Storheia Vindpark.* Master. Universitetet i Oslo. 2021. <https://www.duo.uio.no/handle/10852/90550>
- Berg, A. Bård. *Mot en korporativ reindrift: samisk reindrift i Norge i det 20. århundre – eksemplifisert gjennom studier av reindrift på Helgeland.* Doktoravhandling. Universitetet i Tromsø. 1999.
- Bull, Strøm, Kristi. *Reindriftsloven Lovkommentar*. Oslo: Universitetsforlaget, 2020.
- Evjen, M. Bjørg. *Från kust til kyst = Áhpegátttest áhpegáddáj : møter, miljø og migrasjon i pitesamisk område.* Orkana akademisk, 2015.
- Johannesen, Stian. *Inngrepsfrie naturområder i Norge (INON): En begrepshistorisk analyse av urørte områder i Norge, 1900-1995.* Masteroppgåve. Universitetet i Stavanger. 2017 <https://uis.brage.unit.no/uis-xmliui/handle/11250/2447442>
- Jordnova, Ludmilla. *History in Practice*. Cambridge and Edinburgh: Hodder Arnold, 2006.
- Lawrence, Rebecca. «Internal Colonisation and Indigenous Resource Sovereignty: Wind Power Developments on Traditional Saami Lands.» *Environment and Planning D: Society and Space*, 32: 6, (01.01.2014): 1036–1053. <https://doi.org/10.1068/d9012>
- Nisbet, C. Matthew. «Disruptive ideas: publicintellectuals and their arguments for action on climate change.» *WIREs Clim Change*, 5:6, (25.09.2014) 809–823. <https://doi.org/10.1002/wcc.317>
- NOU (2007:17). *Samisk naturbruk og rettssituasjon fra Hedmark til Troms. Del IV Samisk befolkning, bruk av naturen og rettighetsforhold på Helgeland.* Severinsen. Oslo: Departementenes servicesenter Informasjonsforvaltning.
- Protect Sápmi. *Reindriftsfaglig utredning Storheia Vindkraftpark og Åarjel-Fovsen Sitje.* 2017.
- Sannhets og forskningskomitéen. *Ekstern utredning Konsekvenser av fornorskingen på reindriftens rettigheter - belyst gjennom lovgivning og rettspraksis.* Bull, Strøm, Kristi. 2023

Statsforvalteren i Nordland. *Distriktsplan Jille-Njaarke reinbeitedistrikt: 2016-2020.* 2016.

Statsforvalteren i Nordland. *Vurdering og begrunnelse Pålegg om etablering av siidaandel i Jille-Njaarke reinbeitedistrikt.* 2021.

Sønderland, V. Eleonore. *HIS301 Oppgåve.* Haust 2022.

Vorren, Ørnulv. *Reindrift og nomadisme i Helgeland: 1.* Tromsø Museums skrifter. Novus Forlag: Oslo. 1986.

Vorren, Ørnulv. *Reindrift og nomadisme i Helgeland : 2 : Kartmessig fremstilling av flyttinger, driftsområder, bosteder og leirplasser m.m. i tida ca. 1900-1940.* Tromsø: Universitetsmuseet, 1986.

Åsa Össbo. *Nya vatten, dunkla speglingsar -Industriell kolonialism genom svenska vattenkraftutbyggnad genom svensk vattenkraftutbyggnad i renskötselområdet 1910-1968.* Doktoravhandling. Umeå Universitet. 2014.

## Avisartiklar

Adolfsen, Mona. «Aquila overtar Øyfjellet vindpark.» Europower. 15.09.2019

<https://www.europower.no/vindkraft/aquila-overtar-oyfjellet-vindpark/1-2-298447>

Dagens Næringsliv. «Vindkraftutbygging tross store miljøkonflikter.» 10.03.2013.

<https://www.dn.no/samfunn/vindkraftutbygging-tross-store-miljokonflikter/1-1-1099113>

Forland og Lysvold. «Deltok i utredningen av Øyfjellet: – Aldri sett et så slett arbeid.» NRK. 3.6.2020 [https://www.nrk.no/nordland/deltok-i-utredningen-av-oyfjellet --aldri-sett-et-sa-slett-arbeid-1.15023558](https://www.nrk.no/nordland/deltok-i-utredningen-av-oyfjellet--aldri-sett-et-sa-slett-arbeid-1.15023558)

Helland og Nilsen. «Øyfjellet vindpar.k» *Lederne.* Januar 2021.

[https://issuu.com/bodonu6/docs/lederne\\_helgeland\\_magasinets1s](https://issuu.com/bodonu6/docs/lederne_helgeland_magasinets1s)

Hovland, M. Kjetil. «Alcoa får statsgaranti til nytt vindprosjekt.» E24. Mars 2018.

<https://e24.no/energi-og-klima/i/zLBAg5/alcoa-faar-statsgaranti-til-nytt-vindprosjekt>

Jensen, Ivar. «Erstatning til reindriften». NRK. 27.01.2005.

<https://www.nrk.no/nordland/erstatning-til-reindriften-1.96072>

Jystad, T. Per. «Anker dommen fra Brønnøy tingrett.» *Reindriftsnytt.* 03.09.2003.

Linga, S. Jon. «Vil sloss mot vindmøller.» *Helgelendingen.* 21.01.2012.

<https://www.helg.no/lokale-nyheter/vil-sloss-mot-vindmoller/s/1-63-5896906>

Pedersen, Rune. «Eolus vind går i gang for egen regning og risiko: – Vi er optimister.»

Helgelendingen. 05.11.2019. <https://www.helg.no/eolus-vind-gar-i-gang-for-eigen-regning-og-risiko-vi-er-optimister/s/5-24-488902>

Vermes, Thomas. – «Det grønne skiftet blir til grønn kolonialisme.» *ABC nyheter*. 1.03.2019.

## Nettressursar

Arkivverket, «Grensearkiv ca. 1750», 27.11.2018.

<https://www.arkivverket.no/utforsk-arkivene/norges-dokumentary/utvalg-fragrensearkiv-ca.1750>

Det kongelige olje- og energidepartementet. Øyfjellet og Mosjøen vindkraftverk – befaring - . 02.05.2016.

EInnsyn. «Om oss». <https://einnsyn.no/informasjon/om-oss>

Forvaltningsdatabasen. «Statens reindriftsforvaltning».

<https://forvaltningsdatabasen.sikt.no/data/enhet/19685/endringshistorie>

Helgelandkraft. «Grytaaga Kraftverk.»

<https://www.helgelandkraft.no/Vannkraft/om-oss/vare-anlegg/grytaaga-kraftverk/>

Innst. O. nr. 72 (2006-2007) Innstilling til Odelstinget fra næringskomiteen. Stortinget.

Kilden. Kart Jillen Njarke Reinbeitedistrikt. <https://n9.cl/3c8ju>

Landbruks og matdepartementet. Orientering om reindriftsloven av 15 juni 2007.

Miljødirektoratet. «Om oss.» <https://www.miljodirektoratet.no/om-oss/>

Norges Institusjon for Menneskerettigheter. «Ett år siden Fosen-dommen falt.» 2022.

<https://www.nhri.no/2022/ett-ar-siden-fosen-dommen/>

NVE. «Konsesjon.» 19.04.2015 <https://www.nve.no/konsesjon/>

NVE. «Konsesjonssak: Øyfjellet Vindkraftverk.» 16.02.2021.

<https://www.nve.no/konsesjon/konsesjonssaker/konsesjonssak?id=218&type=A>

NVE. «Elsertifikater.» 06.11.2023. <https://www.nve.no/energi/virkemidler/elsertifikater/>

NVE. «Dette er NVE.» 01.02.2024. <https://www.nve.no/om-nve/dette-er-nve/>

NVE. «Konsesjonsbehandling av vindkraftverk på land.» 04.03.2024.

<https://www.nve.no/konsesjon/konsesjonsbehandling-og-oppfoeling-av-vindkraft-paa-land/konsesjonsbehandling-av-vindkraftverk-paa-land/>

Renander, A. C. Mirja. «Lover som har påvirket reindriften i Sør». *Samiske veivisere*.

29.05.21. <https://samiskeveivisere.no/lover-som-har-pavirket-reindriften-i-sor/>

Rørosmuseet. «Reindriftslov.» Henta: 05.04.2024. <https://rorosmuseet.no/reindriftslov>

Stiftelsen Protect Sápmi. «Om prtotect Sápmi.» 2024.

<https://protectsapmi.com/norsk/om-protect-sapmi/>

Store norske leksikon. «reindriftsavtalen». Susann F. Skogvang. 24.10.2022

<https://snl.no/reindriftsavtalen>

Store norske leksikon. «Mosjøen Aluminiumsverk.» Stian Brekke. 23.01.2023.

[https://snl.no/Mosj%C3%B8en\\_Aluminiumverk](https://snl.no/Mosj%C3%B8en_Aluminiumverk)

Store norske leksikon. «Alta-saken». Mikkel Berg-Nordlie. Februar 2023.

<https://snl.no/Alta-saken>

Store norske leksikon. «Elsa Laula Renberg». Berg-Nordlie og Berg. 03.08.2023.

[https://snl.no/Elsa\\_Laula\\_Renberg](https://snl.no/Elsa_Laula_Renberg)

Store norske leksikon, «Peter Schnitler». Aud M. Tretvik. 03.05.2024.

[https://nbl.snl.no/Peter\\_Schnitler](https://nbl.snl.no/Peter_Schnitler)

Stortinget. «Møte onsdag den 19. juni 2013.» 19.06.2013.

<https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Referater/Stortinget/2012-2013/130619/5/>

Wikipedia. Kurt Oddekalv. 03.03.2024. [https://no.wikipedia.org/wiki/Kurt\\_Oddekalv](https://no.wikipedia.org/wiki/Kurt_Oddekalv)